

Offeromgrepet – til last eller gagn?

*Undersøking av offeromgrepet med utgangspunkt i
institusjonell etnografi*

Helga Eggebø



Masteroppgåve i sosiologi

Institutt for sosiologi og samfunnsgeografi

UNIVERSITETET I OSLO

01.05.2007

Samandrag:

Kva dilemma og problemstillingar rommar offeromgrepet ut frå eit feministisk perspektiv? I denne oppgåva utforskar eg offeromgrepet og kartlegg offerdiskursen i eit institusjonelt landskap. Eg tek utgangspunk i institusjonell etnografi slik Dorothy E. Smith med fleire skildrar det i *Institutional Ethnography* (2005) og *Institutional Ethnography as Practice* (2006). Utforsking av metoden er ein viktig del av prosjektet. Oppgåva består av tre hovuddelar, samt eitt avsluttande kapittel. I kapittel 1 nystar eg fram problemstillingar, metode og teoretiske perspektiv i nær relasjon til kvarandre. Kapitlet byrjar med ei historisk framstilling; eg argumenterer for at offerperspektivet har spelt ei viktig rolle for kvinnerørsla, mellom anna for å setja vald mot kvinner på dagsorden i løpet av 1970- og 1980-talet. Seinare har offeromgrepet vorte kritisert, mellom anna med utgangspunkt i eit postkolonialt feministisk perspektiv. I andre del av kapittel 1 gjer eg greie for det metodiske verktøyet, og koplar dette til eigne erfaringar frå kvinnerørsla.

Kapittel 2 er basert på eit kvalitativt intervju med Krisesentersekretariatet. Informantane er kritiske til å snakka om valdsutsette kvinner som ”offer”, fordi ordet har konnotasjoner til passivitet, avmakt og hjelpeøyse. Offeromgrepet kan kanskje frita frå skuld, men kan føra til passivisering og stigmatisering av valdsutsette kvinner. Dette blir eit paradoks då sjølve målet med kvinnekampen har vore at kvinner skal ta makt og sjå på seg sjølve som subjekt. Offeromgrepet er relatert til spørsmål om skuld og ansvar. Gjennom å gjera greie for kompleksiteten som ligg i omgrepet ansvar, kastar eg lys over kva spenningar offeromgrepet rommar. Kapittel 3 er ei kartlegging av kva rolle offerdiskursar speler i utlendingsforvaltninga. Eg tek utgangspunkt i eit intervju med ein advokat og undersøkjer ”offerkravet” i tilknyting til søknad om fornya opphaldsløyve etter utlendingsforskrifta § 37 sjette ledd. Informantintervjuet koplar eg til lovtekstar og konkrete saksvedtak, og kastar lys over korleis tekstar regulerer praksis. Eg argumenterer for at offerkravet og mishandlingsvilkåret er eit uttrykk for viljen til å gje opphaldsløyve til dei verdig trengande ofra. Dette er knytt til den politiske diskursen rundt immigrasjonsregulering, som handlar om at Noreg skal føra ein ”sømmeleg” politikk.

I oppgåva viser eg at offerdiskursar kan vera med på å reprodusera stereotypiar og skapa eit skilje mellom kvinner/menn og minoritet/majoritet. Minoritetskvinner blir framstilt som offer for kulturen, som stakkarslege og hjelpelause personar som majoriteten kan synast synd i. Samstundes er det venta at minoritetskvinner skal passa inn i biletet av idealofferet for at ho skal få hjelp og stønad. I fjerde og siste kapittel reflekterer eg rundt ambivalansen i offeromgrepet. På den eine sida kan det vera ein nyttig reiskap for å synleggjera og bøta på ulikskap i makt, ressursar og sosial posisjon. På den andre sida kan det vera vanskeleg å artikulera og retta opp ulikskap utan å stigmatisera eller reprodusera ulikskapen. Dette er ein sentral problematikk som vart diskutert av den nye kvinnerørsla på 1970-talet og som framleis ser ut til å vera relevant i relasjon til offeromgrepet. Til slutt kaster eg eit blikk tilbake på den avslutta kartleggingsprosessen; eg døftar institusjonell etnografi som ein måte å gjera sosiologi på. Eg argumenterer for at dette metodiske perspektivet har vore nyttig for å kasta lys over offeromgrepet.

Føreord

I denne oppgåva har eg undersøkt offeromgrepet med utgangspunkt i institusjonell etnografi. Institusjonell etnografi er nybrottsarbeid i norsk samanheng, og eg har fått erfara at det er mykje arbeid å gå opp nye stiar. Tusen takk til hovudrettleiar Karin Widerberg for å ha rettleia meg gjennom prosjektet. Takk for god oppfølging og fagleg rettleiing. Takk til Hallvard, Mette og dei andre som har delteke i kollokviegruppa om institusjonell etnografi. Det har vore til uvurderleg hjelp å lufta tankar og frustrasjonar med utgangspunkt i felles metode. Takk til forskingsprogrammet Kulturell kompleksitet i det nye Norge (culcom) for økonomisk stønad i prosjektperioden. Takk til skriveseminaret på culcom for nyttige tilbakemeldingar gjennom heile prosessen. Tusen takk til birettleiar Beatrice Halsaa. Alle innspela, kommentarane og kjeldene, og ikkje minst oppmuntring i innspurten, har vore til stor hjelp. Takk til Senter for kvinne- og kjønnsforskning, og særskilt til alle som har delteke på forskarseminaret. Det er eit privilegium å ha kontorlass på senteret, med eit godt arbeidsmiljø og eit inspirerande fagmiljø. Takk til Kjerstine Røe, min beste venn og akademisk samtalepartnar gjennom fleire år, som hjelpte meg med å utforma prosjektideen. Takk til Hedda Høgåasen-Hallesby, Nita Steinung og Anja Bredal for kommentarar. Takk til Solveig Laugerud for gode diskusjonar og refleksjonar rund offeromgrepet. Takk til Pia Strand for kommentarar og juridisk ekspertise. Takk til Inge Særheim, Eva Melvær Langaas, Sigrid Sandemose, Askild Eggebø og Torbjørn Eggebø for korrekturlesing. Takk til mamma, Marta Vassbø, for kommentarar og korrekturlesing. Takk til Maren Foldvik for grafisk design av kartet over dei institusjonelle prosessane. Å skriva dette forordet har fått meg til å bli merksam på kor mange som på ein eller annan måte har vore til hjelp i prosjektperioden. Alt i alt er det så mange, at eg ikkje kan nemna alle med namn, men tusen takk til alle dykk som har kome med kommentarar eller innspel til prosjektet. Sist men ikkje minst, tusen takk til informantane som har stilt opp til dette prosjektet. Utan dykk hadde det ikkje blitt noka oppgåve!

Oslo 01.05.2007

Helga Eggebø

Innhald:

SAMANDRAG:	III
FØREORD	V
INNHOLD:	VII
KAPITTEL 1: KVA DILEMMA ROMMAR OFFEROMGREPET UT FRÅ EIT FEMINISTISK PERSPEKTIV?	1
Det personlege er politisk – den nye kvinnerørsla	2
Retten til å vera offer - synleggjering og politisering av vald mot kvinner	3
Offeromgrepets baksida	5
Offeromgrepet og aktør/struktur-debatten	7
Kritikk av offeromgrepet.....	8
Joel Best kritiserer offerideologien.....	8
Martha Minow – kvinnerettsleg kritikk av "victim talk"	9
Postkolonial feminismen - kritikk av "the victim subject"	10
Uma Narayan om "offer for kulturen"	12
Teoretiske perspektiv og problemstillingar.....	13
Metodisk perspektiv: Institusjonell etnografi	15
Ståstad – eigne erfaringa frå kvinnerørsla.....	16
Kritikk av poststrukturalismen.....	18
Objektivering og styring	20
Å kartleggja det sosiale.....	23
Etnografisk undersøking av ein diskurs	24
Disposition av oppgåva	26
KAPITTEL 2: KVA MEINER KVINNERØRSLA OM OFFEROMGREPET I DAG? – INTERVJU MED KRISESENTERSEKRETARIATET.....	29
Ståstad og utval.....	29
MiRA-Senteret.....	31
Intervjuet med krisesentersekretariatet – metodiske refleksjonar	34
Institutional capture	35
Etiske refleksjonar	36
Analyse av intervjuet med Krisesentersekretariatet	38
Empowerment - utsett, ikkje offer	38
Offer/utsett, passiv/aktiv	40
Offeromgrepet og ulike forståingar av ansvar	42
Skuld/uskuld, aktiv/passiv, subjekt/offer	43
Skuld og skam	45
Ansvar som sjølvstendig individ og medborgar	46
Ansvaret for valdsutsette barn	47

Ståstad og offerstatus	51
Kartlegging – krisesentra og institusjonell etnografi	53
Minoritetar og marginalisering	54
Rasialisering, stigmatisering og reproduksjon av offerperspektivet	56
KAPITTEL 3: OFFEROMGREPET OG INSTITUSJONELLE ORDNINGAR – OFFERKRAVET I UTLENDINGSPRAKSIS	61
Kartlegging steg for steg	61
Intervjuet.....	62
Å inkorporera tekstar i den etnografiske analysen.....	63
Kan kartlegginga seia oss noko generelt?	64
Treårsregelen og valdsutsette minoritetskvinner	65
Analyseverktøy	67
Handlingssekvens 1: Å søkja om opphold etter § 37 sjette ledd.....	69
Handlingssekvens 2: Å melda vald i nære relasjoner til politiet.....	70
Grafisk framstilling av handlingssekvens: Søknad om opphaldsløyve.....	71
Analyse av tekst og intervju: Offerkravet i utlendingspraksis	72
Kjennskap til regelverket	73
Sannsynleggjering - truverd og dokumentasjon.....	75
Mishandling: skade og redusert livskvalitet.....	78
Offerkravet og rettstryggleik for valdsutsette minoritetskvinner	80
Spesifisering: kva er <i>ikkje</i> "mishandling"	81
Offerideologi og institusjonelle kategoriar	84
Opphold på grunnlag av tilhøva i heimlandet	85
Muslimske menn - offeret sin antagonist	87
Mishandlingsregelen og landbakgrunn	88
Å hindra proforma-ekteskap	90
Institusjonell tid og institusjonelle handlingssekvensar	92
Endring – kva kunne vore anngleis?.....	93
Frå mikro til makro – mishandlingsregelen og norsk immigrasjonspolitikk.....	94
Immigrasjonskontroll versus humanisme	95
Humanitære verdiar: likestilling	96
Etnografisk undersøking av eit institusjonelt reguleringsregime	98
KAPITTEL 4: KONKLUSJONAR - OFFEROMGREPET ETTER KARTLEGGINGA	99
Offeromgrepet i eit nytt lys?.....	99
Offerperspektivet som politisk brekkstong?	100
Postkolonial feministisk kritikk av offeromgrepet.....	101
"Offer" – ein identitet eller ein situasjon?	102
Reproduksjon av offerdiskursen?	104
Evaluering av det metodiske verktøyet.....	105
Objektivering og subjektposisjon	105
Å undersøkja diskursar med utgangspunkt i erfaring	106
Å kartleggja eit institusjonell landskap	107
Klart standpunkt, open undersøking	108
Kartlegging og vidare forsking	108
REFERANSAR:.....	111

Kapittel 1: Kva dilemma rommar offeromgrepet ut frå eit feministisk perspektiv?

I boka *New Versions of Victims. Feminist Struggle with the Concept* reflekterer forfattarane over offeromgrepet i relasjon til feminism og kvinnekjønnspolitikk. Redaktør Sharon Lamb (1999c) med fleire diskuterer offeromgrepet med utgangspunkt i ein amerikansk kontekst, men eg opplever at spørsmåla dei stiller er dekkjande for mykje av det eg har lurt på, og at refleksjonane er relevante for analysar av debattar i den norske offentlegeheten. Lamb (1999a:125) skriv at mange unge kvinner i dag seier at dei er for likestilling, men vil ikkje vil kalla seg feministar. Andre erklærer seg som feministar, men posisjonerer seg i motsetnad til feminismen dei meiner kan karakteriserast som ”offerfeminisme”. Det er særleg arbeid med seksualisert vald og teoriar om dette, som har blitt knytt til offerfeminisme (Atmore 1999:183; Rosenberg 2006:92). Offerperspektivet blir sett på som problematisk fordi det er med på å reproduksjonera eit bilet av kvinner som svake og passive. Merkelappen ”offer” møter motstand blant grupper som er assosiert med offerstatus, t.d. overgrepssutsette. ”Why do this young woman and others hate to be called a ‘victim’?” (1999a:125), spør Lamb. Dette spørsmålet er òg mitt utgangspunkt, og i denne oppgåva utforskar eg offeromgrepet¹. Kvar står diskusjonen om vald mot kvinner, over 30 år etter at kvinnerørsla sette kvinnemishandling på den offentlege dagsordenen? Kva rolle spelar offeromgrepet i debattar om feminism og kvinnekjønnspolitikk? Første del i denne kartlegginga er eit historisk tilbakeblikk på kvinnerørsla. Vidare presenterer eg teoretiske perspektiv, problemstillingar og metodisk utgangspunkt. I kapittel 2 viser eg kvifor Krisesentersekretariatet er kritiske til offeromgrepet. I kapittel 3 skriv eg om ”offerkravet” i utlendingsforvaltninga, og viser kva tyding diskursane har for institusjonell praksis. Men først vil eg undersøkja kva rolle offerperspektivet spelte i den tidlege mobiliseringa mot kvinnemishandling på 1970-talet.

¹ Eg vil først og fremst snakka om offeromgrepet. I tillegg vil eg nytta nemningane offerdiskurs, offerstatus, offerperspektiv, offerretorikk, offerkategori og offerideologi. Kjeldegrunnlaget og det empiriske nedslagsfeltet varierer, og eg vil bruka den nemninga som eg meiner er mest formålsteneleg ut ifrå konteksten.

Det personlege er politisk – den nye kvinnerørsla

Frå slutten av 1960-talet vaks kvinnerørsla i Vest-Europa og USA fram som ei stor og tydingsfull sosial rørsle². Kvinnerørsla var knytt til dei andre sosiale rørlene på den tida; det føregjekk intense ideologiske debattar og mobilisering. Folk hadde ei kjensle av at samfunnstilhøva kunna endrast og at dei kunne gjera verda til ein betre stad (Lønnå 1996:225). Frå 1970 til 1973 hadde den norske kvinnerørsla utvikla seg til ei rørsle med fleire tusen kvinner som kjempa for omfattande samfunnsendringar (Haukaa 1982:9). Den nye kvinnerørsla reiste mange av dei same synspunkta og krava som tidlegare kvinnesaksforkjemparar. Flat organisasjonsstruktur, bevisstgjeringsgrupper, systerskap, og oppvurdering av kvinner var nytt i norsk kvinnekjønnpolitikk (Haukaa 1982:12-13). Ideen om bevisstgjeringsgrupper kom til Noreg frå Radical Feminists i USA³. Kvinner organiserte seg i små grupper der dei snakka om felles erfaringar. Gjennom bevisstgjeringsprosessen utvikla ein nye omgrep og definisjonar som kunne seia noko om kvinners erfaringar (Haukaa 1982:88-89). Kvinner begynte å namngje og snakka om ”undertrykking”, ”valdtekst”, ”trakassering”, ”sexisme” og ”vald” (Smith 2005:7). ”Det personlege er politisk”, blei eit sentralt slagord for kvinnerørsla. Tanken var at medvit om felles erfaringar og om undertrykking, ville føra til politisk handling. I staden for å vera underlagt menn sine vurderingar, skulle kvar enkelt kvinne sjå seg sjølv som eit subjekt (Haukaa 1982:88-89). Analysen av kvinneundertrykking var ei side av kampen, men like viktig var fokus på frigjering: ”Spør du meg om 1970-tallet, var det gledens tiår – med bruset fra marsjerende kvinner- søsterskapets tiar – et tiår da vi tok ordet frigjøring i vår munn”, skreiv ein av aktivistane i ettertid (sitert i Lønnå 1996:253-254). Målet med kvinnekampen var reell likestilling og full kvinnefrigjering; samhald og systerskap stod i fokus.

² Kvinnerørsla består av eit mangfaldt ulike organisasjonar, nettverk og enkeltpersonar med ulike synspunkt og posisjonar. Svarte feministar, lesbiske feministar og arbeidarklassekvinner var bland dei som tidleg artikulerte ein kritikk av det dei meinte var ei kvinnerørsle dominert av kvite, heteroseksuelle middelklassekvinner. Dorothy Smith (2005:7-11) hevdar at interne kranglar ikkje berre har vore øydeleggjande for rørsla, men snarare ført til mangfold, storlek og styrke. Eg vel å skriva om kvinnerørsla i eintalsform, men legg til grunn at kvinnerørsla ikkje refererer til éi homogen gruppe.

³ Jamfør Lamb (1999a:132) var bevisstgjeringsgruppene inspirerte av tankar frå den kinesiske revolusjonen: ”[Juliet Mitchell] wrote of the phrase ‘speaking bitterness’, which comes from the Chinese peasant revolution and which can provide the impetus for seeing a problem many share as belonging to the group, thus uniting people with one another”.

Korleis kan ein tematisera undertrykking utan at dette fungerer undertrykkande i seg sjølv? Kvinne- og kjønnsforskinga vart utvikla i relasjon til kvinnerørsla (Halsaa 2004). Kvinneforskinga var empirisk og problemorientert (Skjørten 2004:69); ein ville synleggjera kvinnernas erfaringar og levekår. Sosiologen Karin Widerberg skriv om ulike fasar i kvinneforskingas historie, og karakteriserer slutten av 70-talet og byrjinga av 80-talet som ”synleggjeringsfasen” (Widerberg 2000:500). Å synleggjera kvinneundertrykking var ikkje uproblematisk. Negative skildringar av kvinner kan legitimera og stadfesta undertrykking, meinte nokon kvinneforskarar. Dette kom til uttrykk i debattar om ”elendighetsforskning” versus ”verdighetsforskning” til dømes mellom Fabricius og Wærnss (1979) i *Nytt om kvinneforskning*. I artikkelen *Arbeidskvinner og verdighet* kritiserte Bjørg Aase Sørensen (1977) det ho kalla ”elendighetsrapporter” for å reproduksjonere stereotypiske bilete av kvinner som ”ressursløse, kollektivsvake, organisasjonssvake, uten makt, uten innflytelse og verv, med all sorts ’handicap’” (Sørensen 1977:182). På denne måten vart problematiske sider ved kvinnernas situasjon og levekår tilskrive kvinnernas eigenskapar som kvinner, meinte Sørensen (1977:188). Kvinneforskinga skulle vera frigjerande; ved å avdekka stereotypiar og forklara korleis undertrykking føregår, skulle ein danna grunnlaget for ein ny kvinneidentitet som ”går ut over og endrer kvinnebildet i samfunnsforskningen og i samfunnet”, skrev Sørensen (1977:190). Omgrep som undertrykking/frigjering og makt/avmakt har stått sentralt i kvinneforskinga. Eit viktig poeng med forskinga var å utforska føresetnader for reell likstilling og frigjering, meinte dei (Berg et al. 1977:7-12). Målet med kvinneforskinga var frigjering og midla var å synleggjera undertrykking, men samstundes fokusera på kvinnernas styrke og moglegeheter.

Retten til å vera offer - synleggjering og politisering av vald mot kvinner

Kva rolle har offeromgrepet spelt i kampen for kvinnernas rettar generelt, og i arbeidet mot menns vald mot kvinner spesielt? På 70-talet var vald mot kvinner eit skjult problem (Ahnfelt 1987:11). Kvinnemishandling vart sett på som eit fenomen som høyrde privatsfären til, og som ikkje var av offentleg eller politisk interesse. I politiet var det vanleg å kategorisera vald i heimen under ”husbråk” (Morken and Selle 1995:179). Dette var ei nemning som vart brukta om alt frå bråk og festing til vald i heimen. Kategorien

husbråk definerte vald mot kvinner som ei krenking av offentleg ro og orden, heller enn krenking av kvinnen (Ahnfelt 1987:38). Gjennom bevisstgjeringsgrupper og andre møtestader for kvinner, vart kvinnemishandling ”oppdaga” som samfunnsproblem. Kvinnerørsla utfordra den samtidige forståinga av menns vald mot kvinner og ville omdefinera kvinnemishandling til eit politisk problem. I artikkelen *Kvinner som handlende offer* skriv Kjersti Ericsson (1993) om korleis kvinnerørsla tolka vald mot kvinner inn i ei ny ramme. Dei såg valden som eit uttrykk for menns makt og kontroll over kvinner, og sette dette i samanheng med maktulikskap mellom kjønna i samfunnet. Kvinnerørsla kjempa for å få vald mot kvinner definert som eit overgrep og ei kriminell handling. Ein sloss for kvinners *rett til å vera offer*, i staden for å bli sett på som infame og provoserande kjerringar, eller flörtande jenter som dreiv mannen til vald eller overgrep.”I stedet for to parter i et gjensidig samspill satte kvinnebevegelsen bildet av overgrepet, av gjerningsmannen og hans offer, i både moralsk og juridisk forstand” (Ericsson 1993:76). Eg vil argumentera for at offerperspektivet spelte ei viktig rolle i den prosessen der vald mot kvinner vart synleggjort og tolka inn i ei ny ramme⁴.

Krisesentrørsla i Noreg sprang ut av den feministiske⁵ delen av den nye kvinnerørsla (Haukaa 1982:163). Føremålet med krisesentra var å hjelpe valdsutsette kvinner, driva opplysningsarbeid om valdtekst og mishandling, og ikkje minst arbeida for å nedkjempa kvinneundertrykking generelt (Ahnfelt 1987:51-52). Krisesentergruppa i Oslo vart oppretta i etterkant av Det Internasjonale Tribunalet om Forbrytelser mot Kvinner, 4.-8. mars 1976 (Ahnfelt 1987:47-48; Brantenbergs et al. 1976). Kvinnearaktivistar frå 30 land var samla i Brussel for å vitna om erfaringar med vald, og omforma denne kunnskapen til politisk handling: ”Ved så mange vitnesbyrd om vold, nød og urettferdighet ble det systematiske og altomfattende ved kvinneundertrykkinga synliggjort: Tribunalet ble derfor noe meget politisk. Resultatet av vår viden er feministisk politisk aksjon”

⁴ Eg har ikkje gjort empiriske undersøkingar av i kor stor grad ordet ”offer” er brukt i tekstar frå 1970-talet. Eg argumenterer for at det eg vel å kalla eit *offerperspektiv*, stod sentralt.

⁵ Runa Haukaa (1982) deler kvinnerørsla inn i hovudgrupperingar, med Nyfeministane som hovudaktøren på den eine sida, og Kvinnefronten på den andre. Dei to gruppene hadde ulike synspunkt på organisering. Nyfeministane var opptekne av bevisstgjering og flat organisasjonsstruktur, medan Kvinnefronten hadde ein hierarkisk og centralisert struktur (Morken and Selle 1995:181-182). Nyfeministane starta Krisesentergruppa i Oslo, men krisesentrørsla fekk støtte frå Kvinnefronten og andre kvinnegrupper (Morken and Selle 1995:182).

(Brantenberg et al. 1976:25). Synleggjering var den viktigaste politiske strategien til kriesenterrørsla (Ahnfelt 1987:15). Som me har sett var synleggjering eit sentralt poeng i kvindeforskinga òg. Det vart sett på som ein viktig føresetnad for mobilisering og endring. Kunnskapsproduksjon, politisk handling og endring var nært relaterte til kvarandre.

Frå 1977 var vald mot kvinner eitt av dei store nye emna for kvinnerørsla i Noreg (Lønnå 1996:277). I 1980 arrangerte Krisesentergruppa i Oslo den første landskonferansen kor representantar frå 26 kriesenter deltok. Kunnskap om hustrumishandling og valdtekst vart utvikla i nært samarbeid mellom kvindeforskjarar og kriesenterrørsla.

Kunnskapsutvikling, krav om midlar til hjelpetiltak og haldningsendring skjedde parallelt (Snare and Høigård 1983:12-15). I det kvinnekriminologiske fagmiljøet stod offerperspektivet sentralt: ”På dagsorden sto kvinnens plass i kriminalitetsbildet og reaksjonssystemet, og kvinner som ofre for vold” (Snare and Høigård 1983:8). Gradvis vart vald mot kvinner ein del av den offentlege politiske dagsordenen. I 1983 vart regjeringsas første handlingsprogram om vald mot kvinner lagt fram. I løpet av få år vart kvinnemishandling synleggjort, politisert og etablert som samfunnspolitikk på den formelle dagsordenen til styresmaktene (Ahnfelt 1987:198-199; Skjørten 2004:63-66). Eg vil argumentera for at offerperspektivet spelte ei viktig rolle i denne prosessen der vald mot kvinner vart sett på den offentlege politiske dagsordenen i Noreg; det var viktig for å oppnå politisk merksemd og hjelpetiltak. Kvar står diskusjonen om vald mot kvinner i dag, over 30 år etter at kvinnerørsla sette kvinnemishandling på den offentlege dagsordenen? Kva rolle speler offeromgrepet i debatten?

Offeromgrepets baksida

Magnus Lindgren (2004) skriv om offeromgrepet i avhandlinga *Brottsoffer i rättsprocessen*, og peikar på at det ligg politiske interesser i å definera kven som er å rekna som offer fordi det er naudsynt høyra til ei offergruppe for å oppnå erstatning, profesjonell hjelp og rehabilitering (Lindgren 2004:25-29). Samstundes kan offeromgrepet vera problematisk. Ord som ”brottsoffer” fører til ”offerstempling” av dei utsette: ”Att framställa de drabbade som passiva offer i stället för handlande subjekt skapar en bild av et svagt ’offer’ som inte kan påverka eller förändra sin situation”

(Lindgren 2004:29). Kva institusjonelle ordningar er med på å definera offeret som passivt? Ei valdteken kvinne opplever gjerne å få skulda sjølve fordi ho var full eller fordi ho var på feil stad eller ikkje gjorde tilstrekkeleg motstand. Biletet av idealofferet⁶ har konsekvensar for korleis politiet og påtalemyndigheita møter den utsette. Mishandla kvinner som lever opp til dette biletet blir i større grad tekne på alvor av politiet. Idealofferet er uskuldig, forsvarslaust og underlegent, og den som passar inn i den karakteristikken vil lettare få sympati og stønad. Samstundes må ein ikkje vera for passiv og forsvarslaus, då det vil gje grunn til å stilla spørjeteikn med truverdet til offeret (Lindgren 2004:29-35).

Offerstatusen kan altså vera nyttig, men retten til å vera offer er ikkje uproblematisk. Det finst få rettar utan plikter, og retten til å vera offer inneber plikta til å vera stakkarsleg, svak og eit passivt objekt (Ericsson 1993:76). Poenget med å hevda retten til å vera offer var å setja fokus på samfunnsstrukturar og makt, men plikta til å vera stakkarsleg og svak stemte därleg med kvinnerørsla sitt mål om å styrka kvinner si stilling: ”Et nokså paradokslig resultat, når en tenker på at kvinnebevegelsens hovedmål nettopp har vært å bringe kvinnan ut av rollen som ’den andre’, som objekt, og fram på scenen som sjølstendig handlende subjekt” (Ericsson 1993:76). Kvinnerørsla på 70-talet mobiliserte til handling og politisk kamp og oppnådde mykje i kampen mot vald mot kvinner. Ein kan vanskeleg kalla denne praksisen for passiv. Likevel har offerperspektivet blitt kritisert for å passivisera og reproduksjon av stereotypiar, og (delar av) kvinnerørsla blitt kritisert for å gjera kvinner til offer. Høigård (sitert i Kolfjord 2004:68) meiner at offeromgrepet eigentleg var eit relasjonelt omgrep som skulle retta fokuset mot undertrykkande over- og underordningsrelasjonar. Problemet er at offeromgrepet har blitt individualisert:

When the concept of victim is used as an individual description, not as a relational term, (...) the difficulty, in fact, lies in the woman. She should have been

⁶ Den norske kriminologen Nils Christie skriv om idealofferet i artikkelen *The ideal Victim* (1986). Artikkelen har blitt ein klassikar innanfor kriminologi/victimologi. Idealofferet har fem kjenneteikn: 1. Offeret er svakt. 2. Ho er ute i eit respektabelt ærend. 3. Ho kan ikkje klandrast for staden ho er på. 4. Overgriparen (the offender) er stor og slem. 5. Offeret og overgriparen har ingen personleg relasjon. Overgriparen var ein ukjent person for offeret (Christie 1986:19).

someone other than herself. The liberating qualities of the victim perspective are ironically inverted to their opposite” (Høigård 1993:53).

Høigård meiner at offeperspektivet har eit frigjerande potensial, men berre når offeromgrepet blir forstått som eit relasjonelt omgrep. Viss ”offer” blir oppfatta som ein eigenskap ved individet, så fungerer det stigmatiserande og undertrykkande.

Offeromgrepet og aktør/struktur-debatten

På kva måte er offeromgrepet relatert til forståingar av aktørskap og samfunnsstrukturar? I boka *L-orDET* skriv Tiina Rosenberg (2006) om ein konflikt mellom feministar i Sverige rundt 2005. Debatten synleggjorde usemje i kvinnerørsla som hadde eksistert sidan 80-talet: På den eine sida stod offerfeministane, og på den andre sida dei feministane som meiner at kvinner har eit handlingsrom trass i patriarkalske strukturar. Offerfeministane er opptekne av vald mot kvinner og barn, medan dei andre fokuserer på kvinners moglegheiter og motstand (Rosenberg 2006:92). Denne diskusjonen mellom svenske feministar har parallellear til det Atmore (1999)skriv om i artikkelen *Victims, Backlash, and Radical Feminist Theory*. Han viser til ”mediefeministar” som går til åtak på radikalfeministiske perspektiv og kritiserer dei for å vera ”offerfeministar” som konstruerer eit bilet av kvinner som svake, og reproducerer dikotomien mann/kvinne (1999:190-197). Dei diskusjonane har parallellear til aktør/struktur-debatten i samfunnsvitskapen.⁷ Eg trur at offeromgrepet gjerne blir assosiert med strukturfokus og determinisme. ”The very notion of agency draw attention to the fact that human beings are not simply hapless *victims* of social circumstance”(Layder 1994:240 mi kursivering). Eg vil argumentera for å sjå diskusjonar om offeromgrepet i lys av aktør/struktur-debatten. Mange har argumentert for at det er naudsynt å overvinna dualismen aktør/struktur, og leggja vekt på både handlingsrom og strukturar (Layder 1994:9). I artikkelen *Offerskapandets problematik* argumenter Ingela Kolfjord (2004) for å halda fast på offerperspektivet, utan å reproducera stereotype bilet av menn og kvinner. Ein må visa korleis kvinner kjempar for å overleva i den situasjonen dei er i, både offer- og

⁷ Layder drøfter ei rekke sosiologiske teoretikarar med utgangspunkt i kor vidt dei reproducerer eller avviser desse dualismar som miro/makro, aktør/struktur, og individ/samfunn (Layder 1994:1-11). Layder definerer aktørfokus og strukturfokus på denne måten: ”By talking of human agency we are highlighting the degree to which individuals are capable of changing the circumstances in which they find themselves and of responding creatively to social constraints. By contrasting it with structure we are attending to the way in which the social context shapes and moulds activity and behaviour” (Layder 1994:240).

verdigheitsforsking på ein gong (Kolfjord 2004:68). Å argumentera for balanse mellom offerperspektiv og fokus på handlingsmoglegheiter er altså ikkje noko nytt. Den utfordringa har parallelar til dilemmaet som Sørensen skreiv om i 1977 og som Fabricius og Wærness diskuterte i 1979. Korleis kan ein skildra undertrykking utan å reprodusera og legitimera undertrykking?

Kritikk av offeromgrepet

Eg har kartlagt forskingslitteratur som tematiserer offeromgrepet, og undersøkt og samanlikna argumenta i dei ulike tekstane.⁸ Ein relativt stor del av litteraturen om offer, ofra sin status og offeromgrepet, er skiven med utgangspunkt i ein kriminologisk eller juridisk fagtradisjon (Christie 1986; Ericsson 1993; Høigård 1993; Kapur 2002; Kolfjord 2004; Lindgren 2004; Minow 1993; Snare and Høigård 1983), og dette pregar tekstutvalet. Det er dessutan viktig å vera var for at dei ulike teoretikarane refererer til ulike nasjonale kontekstar. Atmore (1999) meiner at ein skal vera forsiktig med å overgeneralisera på tvers av ulike kulturelle kontekstar: "Charges of victim feminism cross the borders of several western countries, often, in a complicated fashion yet to be charted, by way of some of the same American texts" (Atmore 1999:186). Det har ikkje vore mitt hovudpoeng å kartleggja kvar debatten om offeromgrepet kjem frå. Eg trur at den internasjonale litteraturen kan vera relevant for diskusjonar og debattar i Noreg. "[In] the late 1990s, the concept of victimization is arguably in crisis" skriv Nicola Gavey (1999:61). Dette kan vera grunnen til at dei aller fleste av artiklane eg har lese som eksplisitt handlar om offeromgrepet, er skrivne på 1990-talet eller seinare. Her vil eg presentera eit utval teoretikarar som har kritisert offerdiskursen på ulike måtar og med utgangspunkt i ulike fagtradisjonar og ulike nasjonale kontekstar, for å visa litt av breidda og variasjonen i debatten.

Joel Best kritiserer offerideologien

Joel Best (1999) skriv om "nye" offer, offerideologi, offerrørsla og offerindustrien i boka *Random Violence. How We Talk About New Crimes and New Victims*. Best er professor i

⁸ Den aktuelle litteraturen har eg funne ved hjelp av tips, både frå informantane og personar som har kome med innspel i prosessen, og ved å følgja opp relevante referansar. Det viste seg nemleg å vera vanskeleg å finna relevant litteratur gjennom søk på ordet offer, fordi treffa stort sett viste til litteratur om offergrupper og ikkje offeromgrepet.

sosiologi og skriv med bakgrunn i ein amerikansk kontekst. Han meiner at offerideologien har utvikla seg til å bli ein viktig retorisk ressurs for dei som ønskjer å setja fokus på sosiale problem. Han nemner mellom anna valdtekst i ekteskapet, seksuell trakassering, hatkriminalitet, satanisk og rituell vald, fyllekøyring og UFO-bortføringer som døme på ”nye” fenomen og som skaper nye offergrupper (Best 1999:95). Best er kritisk til offerideologien. Eit av poenga hans er å visa at kvinnerørsla, konservative kristne, ”the recovery movement” og terapeutar nyttar seg av ein del felles retoriske grep som til saman utgjer offerideologien (Best 1999:96).

Offerideologien har sju karakteristikkar, jamfør Best (1999:105): (1) Alle hevdar at akkurat den typen offer dei vil fokusera på eksisterer i hopetal. Eit døme er kvinnerørsla som legg til grunn svært vide definisjonar av kvinnemishandling og etablerer dermed menns vald mot kvinner som eit utbreidd fenomen. Dette vil legitimera politiske krav. (2) Ein hevdar at ofra opplever store psykologiske problem som følgje av det dei har vore utsette for. Dette inviterer til patologisering av ofra. (3) Ein etablerer klare grenser mellom offer og overgripars. Gjennom å fokusera på maktulikskap får ein offeret til å framstå som makteslaust og uskuldig. (4) Ein hevdar at ofra og den uretten dei blir utsette for er usynleg i samfunnet. (5) Ein legg til grunn at ofra ikkje alltid sjølve forstår at dei er offer, men må hjelpast til å forstå dette. (6) Ein kritiserer rettsvesenet for å leggja skulda på ofra. (7) Den sjuande karakteristikken av offerideologien er at ein avviser sjølve omgrepet ”offer”. Det blir kritisert for å passivisera, og offerrørslene introduserer andre omgrep som t.d. ”survivor”. (Best 1999:105-118). Offerrørsla møter ingen kritikk eller motstand, meiner han. Offerideologien har fått institusjonelt gjennomslag i lovverk, terapi, utdanning, akademia og media, og Best karakteriserer dette som ein offerindustri som han samanliknar med hekseprosessane i middelalderen (Best 1999:120-141). Analysen av offerideologien og dei sju fellestrekk som Best peikar på kan kasta lys over nokre aspekt ved offeromgrepet, men er det kvinnerørsla og ”offerindustrien” som dominerer debatten slik Best hevdar?

Martha Minow – kvinnerettsleg kritikk av ”victim talk”

Jussprofessor Martha Minow (1993) skriv om offeromgrepet i artikkelen *Surviving Victim Talk*. Ho drøftar offeromgrepet i relasjon til kriminalitet, diskriminering, hatspråk

(”hatespeech”) og vald i familien. Som hos Best, er døma og analysane hennar henta frå det amerikanske samfunnet. Minow erkjenner at kvinnerørsla har spelt ei viktig rolle i kampen for å kriminalisera vald i heimen, og meiner at offerdiskursen har vore viktig her. Men ho er først og fremst kritisk til ”victim talk”, fordi det oppstår så mange problematiske dilemma i kjølvatnet av denne måten å snakka på. Eit slikt dilemma ligg i at offerstatusen lett blir oppfatta som ein identitet, og gjerne den viktigaste kjelda til identitet. Offerspråket baserer seg på ei reduksjonistisk forståing av identitet. Offeret er hjelplaust, forkropla, patetisk, svakt og ignorant. Viss ein ikkje passar inn i dette biletet, så risikerer ein å mista den sympatién og dei rettane ein eventuelt måtte ha fått på grunnlag av offerstatusen (Minow 1993:1432-34). Offerspråket kan fungera som ein sjølvoppfyllande profeti som har ein tendens til å undergrava handlingskapasiteten og styrken til ofra. Viss offeret likevel skulle visa styrke og handlekraft, så risikerer ho å få høyra at ho sjølv er skuld i situasjonen (Minow 1993:1429). Slike dilemma bli ikkje borte sjølv om ein snakkar om ”overlevar” (survivor) i staden for offer (Minow 1993:26).

Offeromgrepet er tvitydig:

Focusing on victimization undermines capacity for choice and action; however, focusing on capacity for choice and action may minimize real facts of victimization. The passive and helpless connotations of victimization lie at the heart of this dilemma (Minow 1993:1427).

Offerkategorien kan undergrava handlingskapasitet, men fokus på handlingskapasitet kan usynleggjera konsekvensane av til dømes vald mot kvinner. Minow (1993:1445) etterlyser ein open diskusjon om korleis ein kan koma forbi slike dilemma som ho skisserer. Problemstillingane ho presenterer har parallelar til det Høigård (1993) og Kolfjord (2004) skriv om offeromgrepet som identetskategori. Er offeromgrepet problematisk fordi det blir knytt til struktur determinisme og oppfatta som ein karakteristikk av individet i staden for eit relasjonelt omgrep?

Postkolonial feminism - kritikk av ”the victim subject”

Juristen Ratna Kapur (2002) problematiserer offeromgrepet i artikkelen *The Tragedy of Victimization Rhetoric*. I artikkelen gjer Kapur ein kritisk analyse av dei internasjonale kampanjane mot vald mot kvinner, med utgangspunkt i queerteori og postkolonial feminism (mellan andre Butler 1993; Narayan 1997), og kritiserer prosessar som

etablerer kvinner frå den tredje verda som den Andre.⁹ Vald mot kvinner har vore det overordna fokuset i internasjonale kampanjar for kvinnernas rettar, meiner Kapur. Ho understrekar at synleggjering av vald mot kvinner har vore viktig og ført til framgang på mange område, men at dette perspektivet har forsterka essensialistisk tenking knytt til både kjønn og kultur (Kapur 2002:3-5). Kapur meiner at dei internasjonale kampanjane mot vald mot kvinner har vore med på å forsterka biletet av kvinna som eit offer (victim subject). Offerstatusen har blitt til ein slags felles kvinneleg identitet, ei felles plattform som kvinner kan snakka frå, uavhengig av kultur og sosial kontekst. Offerstatusen (the victim subject) blir ein einskapeleg og ahistorisk subjektposisjon som dannar grunnlaget for felles krav.

Det første problemet med dette er at forskjellar mellom kvinner basert på klasse, rase, religion, etnisitet og seksuell orientering blir usynleggjort. Her vil eg trekka parallellar til Gayatri Spivak (1987) som kritiserer ”internasjonal feminism” for å ta utgangspunkt i situasjonen til vestlege kvinner og dermed usynleggjera forskjellar i situasjonen til kvinner verda over. Det andre problemet er at når dei politiske krava er basert på ei forteljing om felles erfaringar, vil ulikskap undergreva heile prosjektet (Kapur 2002:5-6). Det tredje problemet er at offerstatusen særleg blir knytt til kvinner frå den tredje verda. Sjølv om kvinner frå vesten og den tredje verda er offer for vald, så blir kvinner frå den tredje verda sett på som det verkelege og autentiske offeret. Kulturforklaringar fører til at ho blir framstilt som eksotisk, som den Andre, og dette er Kapur kritisk til: ”They must put to rest the search for the native subject and the essential cultural explanations that are used to exoticize the Other” (Kapur 2002:17). Å framstilla kvinner frå den tredje verda som offer for kulturen, forsterkar stereotype og rasistiske representasjonar, medan den vestlege kulturen får ein privilegert posisjon (Kapur 2002:6). Igjen vil eg trekka parallellar til Spivak (1987). Ho meiner at kolonialisme, imperialisme og kolonihistorie er bygd inn i vestleg feminism (Spivak 1987:153). Vestlege feministar spør kva dei kan

⁹ Den Andre er eit sentralt og etablert omgrep innanfor både postkolonial teori og feministisk tenking. Postkolonial teori fokuserer mellom anna på korleis Vesten skaper eit bilet av Orienten som den Andre (Said 1979). Simone de Beauvoir (2000) viste korleis kvenna blir konstruert som den Andre i forhold til mannen. Nokre teoretikarar skriv ord som den Andre (the Other), Vesten (the West) og Orienten eller den Tredje Verda med store bokstavar, andre nyttar hermeteikn. Slik eg ser det er poenget å illustrera at omgropa refererer til ei konstruert oppfatning av einskap.

gjera for kvinner frå den tredje verda, eit spørsmål som er grunnleggande problematisk fordi det er med på å reprodusera den privilegerte posisjonen til vesten (Spivak 1987:135). Kan postkolonial feministisk teori vera nyttig for å kasta lys over offerdiskursen i Noreg?

Uma Narayan om "offer for kulturen"

Kva er problemet med offeromgrepet, ut ifrå eit postkolonialt feministisk perspektiv? Filosofen Uma Narayan (1997) skriv om forholdet mellom feministiske problemstillingar og kulturomgrepet i boka *Dislocating Cultures*. Narayan samanliknar såkalla "medgiftsmord" (dowery-murders) i India med dødeleg vald mot kvinner i USA. I den amerikanske offentlegheita blir medgiftsmord framstilt som eit utbredd kulturelt fenomen som er spesifikt for den tredje verda (Narayan 1997:85). Den amerikanske offentlegheita manglar kunnskap om det indiske samfunnet, noko som gjerne fører til ei feilaktig framstilling og forståing av medsgiftsmord. Når eit fenomen verkar fullstendig framandt og uforståeleg, er mystifisering og kulturforklaringar nærliggande (Narayan 1997:100-105). Kvinner som blir drepne i India blir framstilte som offer for kulturen, men tilsvarande kulturforklaringar blir aldri ein del av forklaringa på vald mot kvinner i vesten:

I believe that such asymmetries in 'cultural explanation' result in pictures of Third-World women as 'victims of their culture' in ways that are interestingly different from the way in which victimization of mainstream Western women is understood (Narayan 1997:85).

Kvinner frå den tredje verda blir framstilte som offer for kulturen, til forskjell frå vestlege kvinner. Kulturforklaringar fører til at vald mot kvinner i dei to landa blir konstruert som ulike fenomen. Konstruksjon av skilnad og likskap er eit politisk spørsmål, meiner Narayan. (1997:86-88). Kva er grunnen til at det er så vanskeleg å sjå parallellar og likskapar mellom vald og drap på kvinner i USA og India?

Narayan samanliknar den feministiske kampen og den nasjonale politiske konteksten i USA og India, og konkluderer med at den nasjonale konteksten har mykje å seia for kva type problem feministane set fokus på og kva strategiar som er effektive for kvinnerørsla (Narayan 1997:88-96). Dagsorden og strategiar er avgjerande for kva type tal og

statistikkar som blir produserte. Narayan hadde tenkt å gjera ei kvantitativ samanlikning av drap på kvinner i dei to landa, men dette viste seg å vera vanskeleg. I India er det lett å finna tal på medgiftsdrap, då dette er ein etablert statistisk kategori. Men det finst lite statistikk på vald mot kvinner generelt. Det eksisterer heller ikkje tal på kor mange kvinner som blir drepne utan at det har med medgift å gjera. I USA derimot var det lett å finna tal og statistikk på vald mot kvinner i nære relasjonar (domestic-violence), men ingen hadde registrert i kva tilfelle denne valden resulterte i dødsfall. ”Domestic-violence murders” er ikkje eit eige politisk tema og dermed heller ingen statistisk kategori. Resultatet blir at det er vanskeleg å samanlikna medgiftsmord med vald mot kvinner i nære relasjonar i USA (Narayan 1997:96-100). På same måte som Spivak (1987) og Kapur (2002) er Narayan kritisk til at vestlege feministar skal ”redda” kvinner i den tredje verda frå ”undertrykkande kulturelle praksisar” fordi slike haldningar er ein del av kolonihistoria. Kva rolle speler offeromgrepet i konstruksjonen av likskap og skilnad mellom minoritet og majoritet i Noreg i dag?

Teoretiske perspektiv og problemstillingar

Dei teoretikarane eg har presentert her har ulike innvendingar mot offeromgrepet. Joel Best (1999) meiner at offerideologien er eit generelt trekk ved samfunnet vårt, og han kritiserer den ideologien fordi han støttar opp under eit pessimistisk samfunnssyn og undergrev ansvaret alle menneske har for sitt eige liv¹⁰. Denne meir altomfattande kritikken er ein viktig del av kritikken mot offeromgrepet. Men ei problematisk side ved Best si framstilling er at han ikkje skil mellom dei ulike rørslene og dei ulike krava som dei representerer. Gjennom å drøfta kvinnemishandling, incest og UFO-bortføringar innanfor det same resonnementet, får han alle krav om offerstatus til å framstå som problematiske eller illegitime. Best avviser offerideologien fullstendig og etter mitt syn inneber det ein kritikk av kvinnerørsla og andre rørsler som har vore opptekne av å setja fokus på vald og undertrykking. Best (1999) meiner at det er kvinnerørsla, og resten av det kan kalla ”offerindustrien”, som har hegemoni i den offentlege debatten. Mange feministar vil nok meina at usynleggjering og skuldlegging av kvinnene framleis er eit problem i forhold til vald mot kvinner, og Nicola Gavey (1999) er ei av dei. Ho meiner at

¹⁰ Denne altomfattande kritikken har fellestrek med t.d. Frank Furedi (2003) og det han skriv om ”vulnerability” og den samtidige ”theraphy culture”.

kritikken Best kjem med er eit døme på nykonservative åtak på offerperspektivet. Slike åtak er ein del av eit ”backlash” mot sosiale tenester relaterte til offergrupper og mot nyare feministisk forsking på overgrep (Gavey 1999:61). Mykje har endra seg sidan kvinnerørsla først sette fokus på vald mot kvinner, og mange av dei feministiske perspektiva på seksualisert vald har blitt ein del av den dominerande diskursen (Gavey 1999:59), men nykonservative tilbakeslag kan få offeromgrepet til å mista forklaringskraft og politiske sprengkraft (Gavey 1999:61), og det meiner ho er problematisk. Det er altså usemje om i kor stor grad offerdiskursar er problematiske, og kva offerdiskurs som dominerer i debatten. Det finst ikkje nødvendigvis ein hegemonisk offerdiskurs, og det kan vera snakk om ulike offerdiskursar på ulike felt. Eg vil undersøkja offerdiskursen i høve til vald mot kvinner. Kva kjenneteiknar offerdiskursen på dette feltet?

Minow (1993) peikar på at offerperspektivet kan ha, eller i det minste har hatt, ein viktig funksjon for å setja fokus på viktige samfunnsproblem, og i kampen for kvinnernas rettar. Ho legg til grunn at offerperspektivet har vore sentralt, men stiller seg kritisk til offerstatusen som individuell eigenskap eller identitetskategori. Dette perspektivet vil eg ta med meg vidare; blir offeromgrepet oppfatta som eit relasjonelt omgrep eller som ein individuell merkelapp? Under kva omstende blir offeromgrepet problematisk og under kva omstende kan offerperspektivet fungera frigjerande? Kapur og Narayan tilhøyrer ein postkolonial tradisjon og kritiserer stereotype framstillingar av minoritetskvinner og kvinner frå den tredje verda¹¹ (Kapur 2002; Narayan 1997). Eg trur den postkoloniale kritikken som Narayan og Kapur fremjar kan vera relevant for å kasta lys over kulturforklaringar i den norske konteksten. Purna Sen (2005) har studert nordmenn sine forståingar av vald og minoritetar. Ho peikar på at dei aller fleste ho har intervjua brukar kultur som den fremste forklaringa når dei snakkar om vald mot innvandrarkvinner (Bråten and Sandnes 2005). I artikkelen *Weeping for the Muslim Cinderellas* skriv Berit Thorbjørnsrud (2003) om korleis muslimske kvinner blir framstilt i Noreg og analyserer

¹¹ Generelt sett kjem eg til å bruka nemningane minoritet/majoritet når eg drøftar representasjonar av og førestillingar om oss og dei Andre i det norske samfunnet. I denne oppgåva viser minoritet til etniske minoritetar, viss ikkje anna er spesifisert. Eg legg til grunn at kategoriar er konstruerte, og det inneber at ein må fokusera på korleis dei blir til, haldne ved like og endra gjennom ein kontinuerleg prosess (Berg 2004:70).

dette med utgangspunkt i postkolonial teori: "Muslim women receive a lot of attention, but perhaps as much as 90 % of this attention focuses on their presumed sufferings" (Thorbjørnsrud 2003:134). Biletet av den stakkars muslimske kvenna fungerer som ein spegel der vestlege kvinner kan sjå seg sjølv som likestilte, respekterte og verdige. Samtidig vil framstillingar av vald og overgrep mot muslimske kvinner kunne legitimera assimilering av minoritetar. Å synast synd i muslimske kvinner går inn i ein norsk misjonærtradisjon der nordmenn synast synd i dei stakkars heidningane (Thorbjørnsrud 2003:137-143). Inspiret av den postkoloniale tradisjonen vil eg undersøkja om offerkategorien er med på å skapa og reprodusera skilnad mellom majoritet og minoritet. Kanskje er offeromgrepet relatert til ein kolonial/misjonerande tankegang og eit imperialistisk prosjekt der Noreg si oppgåve som nasjon er å redde dei verdige trengande Andre?

Metodisk perspektiv: Institusjonell etnografi

Den canadiske sosiologen Dorothy E. Smith (2005) kritiserer sosiologifaget, og presenterer institusjonell etnografi som ein alternativ måte å gjera sosiologi på. I denne oppgåva utforskar eg offeromgrepet med utgangspunkt i institusjonell etnografi, slik Smith med fleire skildrar det i *Institutional Ethnography* (2005) og *Institutional Ethnography as Practice* (2006b). Hallvard Utvik Gjerde (2007), Mette Jansen Wannerstedt (2007) og eg sjølv har arbeidd parallelt med kvart vårt prosjekt uforma i tråd med institusjonell etnografi. Etter det eg kjenner til er ikkje institusjonell etnografi prøvd ut i praksis i norsk sosiologi før, og prosjekta våre er å rekna som nybrottsarbeid. Å utforska det metodiske er derfor eit sentralt poeng i denne oppgåva. Det er fleire grunnar til at eg har lete meg inspirera av Smith sine visjonar for sosiologien. For det første viser ho korleis erfaringar frå ein ståstad i kvinnerørsla kan vera utgangspunkt for kunnskapsproduksjon. Mitt eige arbeid med feminism og kvinnekjønnspolitikk¹² er grunnen til at eg først fatta interesse for offerproblematikken. For det andre meiner eg Smith presenterer ei fruktbar forståing av eit sentralt dilemma i sosiologien: Kva er tilhøvet mellom diskurs og materialitet, mellom språk og praksis? Dette spørsmålet trur eg har relevans for offerproblematikken. I denne delen vil eg presentera institusjonell etnografi

¹² Eg har vore aktiv i Sosialistisk Ungdom frå 1998 til 2006. I den samanhengen har eg arbeidd mykje med feminism, mellom anna som jentepolitisk leiar i organisasjonen.

som ein måte å gjera sosiologi på, og kopla det metodiske perspektivet til problemstillingane i oppgåva. Eg vil presentera Smith med utgangspunkt i hennar kritikk av poststrukturalismen og sosiologien, og knyta vitskapsteoretiske diskusjonar til offerdiskursen.

Ståstad – eigne erfaringa frå kvinnerørsla

Dorothy Smith har som mål å utvikla ein sosiologi *for* folk, "a sociology for people", kunnskap folk kan ha nytte av i kvardagen (Smith 2005). Den ambisjonen har utspring i det Smith har kalla ein kvinneståstad (women's standpoint). Smith merka seg at sosiologien hadde lite og ingenting å seia om hennar erfaringar, og at det var ein enorm avstand mellom livet som akademikar og kvardagslivet som kvinne og mor (Smith 2005:11-13). Å gjera sosiologi ut frå ein kvinneståstad handla om å utvikla ein sosiologi som kunne forklara korleis erfaringar i kvardagslivet heng saman med sosiale relasjonar som strekkjer seg ut over det kvardagslege. Etterkvart har Smith omdefinert dette prosjektet frå ein sosiologi for kvinner, til ein sosiologi for folk. Det dreier seg om å ta ein posisjon som i prinsippet er open for alle:

It does not identify a position or a category of position, gender, class, or race within the society, but it does establish as a subject position for institutional ethnography as a method of inquiry, a site for the knower that is open to anyone (Smith 2005:10).

Institusjonell etnografi er ein måte å undersøkja på, "a method of inquiry". Det å stilla seg i ståstaden til konkrete, situerte menneske, gjev retning til undersøkinga (Smith 2005:32). Eit forskingsprosjekt kan derfor gjerne ta utgangspunkt i bestemte erfaringar eller konkrete problem i kvardagslivet (Smith 2005:38-42).

Å lesa Smith inspirerte meg til å hugsa på at det er konkrete erfaringar, diskusjonar og dilemma gjennom arbeidet som feminist og aktivist som har leidd meg fram til å utforma eit prosjekt om offerproblematikken.¹³ Eg har erfart at feministar gjerne blir skulda for å gjera kvinner til *offer*. Å kritisera kvinnerørsla for å gjera kvinner til offer, kan vera ei

¹³ Innanfor feministisk teori er det tradisjon for å vektleggja erfaring (Lamb 1999b:4). Erfaringsomgrepet er gjerne knytt til ein bestemt type erfaring, t.d. erfaringar med vald og seksuelle overgrep. Det er slik Lamb (1999b) brukar det. Eg vel å nyttja erfaringsomgrepet i vid forstand, i tråd med institusjonell etnografi: "The term experience is used to refer to what people come to know that originates in people's own bodily being and action" (Smith 2005:224).

generell innvending mot å snakka om kvinneundertrykking. Eg er interessert i dei spenningane som kan oppstå når feministar på den eine sida skildrar kvinner som gruppe i ein undertrykt situasjon, og på den andre sida ønskjer at kvinner og jenter skal ta makt, handla og kjempa for endring. Utfordringane som ligg i å skildra undertrykking og mobilisera til endring på ein gong, har parallellear til diskusjonane verdigheitsforsking og elendeforsking, offerfeminisme og aktør/struktur-debatten som eg har skrive om tidlegare. Offeromgrepet er relatert til sentrale kvinnepolitiske dilemma som eg opplever som relevante og aktuelle. Derfor bestemte eg meg for å undersøkja kva som er problematisk med offeromgrepet. Med utgangspunkt i offerproblematikken gjennomførte eg eit førearbeid¹⁴ som ei førebuing til dette prosjektet. Eg arrangerte to gruppeditkusjonar om offeromgrepet.¹⁵ Den eine diskusjonen var relatert til vald mot kvinner, og den andre handla om kjønnsroller og kvinneundertrykking meir generelt. På ein måte var det altså ulike diskusjonar; å vera offer for vald er ikkje det same som å vera offer for kjønnsroller og samfunnsstrukturar. Likevel valde eg å analysera materialet under eitt, fordi diskusjonane hadde svært mange fellestrek. Ein tydeleg tendens i materialet er at det å vera offer vart assosiert med negative termar, t.d. ”hjelpelaus”, ”ufri”, ”øydelagt”, ”tapar” og ”utrygg”. Informantane skildra offeret som eit ”passivt objekt”, ”ikkje aktiv” og ”eit produkt”. Eg tolkar det slik at informantane meiner at offerstatus står i motsetnad til subjektstatus. ”Ser man på et offer som en svak person tror jeg det kan føre til at offeret blir enda mer undertrykt”, sa ein informant. Å kalla nokon eit offer kan oppfattast som ei form for undertrykking i seg sjølv.

Kan ord og nemningar fungera undertrykkande i seg sjølve? Kva seier det om synet på språk og diskurs? Kven eller kva er det som gjer kvinner til offer, er det undertrykkande situasjonar og relasjoner eller er det dei som *talar* om undertrykkinga? Nicola Gavey (1999) drøftar dei spørsmåla i artikkelen *”I Wasn't Raped, but...”: Revisiting Definitional*

¹⁴ Widerberg (2001) skriv om korleis ein kan gjennomføra førearbeid i førekant av eit forskingsprosjekt. Døme på slike forprosjekt kan vera minnearbeid, dagbok og intervju av familien, men ho oppmuntrar òg til å utvikla andre variantar (Widerberg 2001:39).

¹⁵ Gruppeditkusjonane føregjekk i samband med ein større konferanse vinteren 2006, i regi av Sosialistisk Ungdom, der eg hadde medansvar for to arrangement. Det eine var eit instruktørkurs for prosjektet *feministisk sjølvforsvar* og det andre var ei studieiarsskulering der mitt ansvarsområde var å halda eit føredrag om *Å halda innleiing om feminism*.

Problems in Sexual Victimization. Viss ein tek utgangspunkt i eit positivistisk syn på samfunnsvitskapen kan ein sjå bort frå problemet med å gjera nokon til offer ved å kalla dei eit offer, meiner Gavey (1999:62). Innanfor det paradigmet blir omgrep rekna som objektive nemningar som refererer til personar eller objekt i den verkelege verda (Smith 1999:102). Måten ein snakkar på vil ikkje endra det faktiske. Men ut frå eit poststrukturalistisk feministisk perspektiv blir det ei relevant problemstilling. Sidan språket og diskursane konstituerer meining, så vil konnotasjonar til passivitet, underordning og maktesløyse gjera offeromgrepet problematisk (Gavey 1999:62). Offerdiskursar skaper subjektposisjonen offer. Gavey (1999) avviser ikkje moglegheita for at diskursar kan fungera undertrykkande, men meiner at språk og diskursar og kan referera til ein faktisk materiell situasjon, og at erfaring er reelt, uavhengig av diskursar. Ein slik posisjon har parallellar til Dorothy Smith si forståing av diskurs og materialitet; ho avviser både positivisme og poststrukturalisme, og meiner at diskurs må undersøkjast som sosial praksis (Smith 1999). Her vil eg gjera greie for den kritikken Smith rettar mot høvesvis poststrukturalismen og den etablerte sosiologien, og kopla institusjonell etnografi til offerproblematikken.

Kritikk av poststrukturalismen

Dorothy Smith kan plasserast innanfor ein lang tradisjon med positivismekritikk innanfor akademia generelt og sosiologien spesielt. Lars Mjøset (2003) skildrar ulike posisjonar i denne debatten i artikkelen *Sju teser om positivismekritikkens utfordringer ved århundreskriftet*. Han plasserer kunnskapsoptimistane, eller positivistane, på den eine ytterkanten. Dei legg til grunn ein naturvitenskapeleg forskingsmodell, og tek utgangspunkt i at teori og forsking er ein representasjon av røynda (Mjøset 2003:24, 37).

Positivismekritikken står sterkt i samfunnsvitskapen i dag. Samstundes er det store variasjonar innanfor positivismekritikken, og det er usemje om kor langt ein skal driva kunnskasskeptismen (Mjøset 2003:25-26). På den andre ytterkanten plasserer Mjøset konstruksjonistane eller poststrukturalistane. Dei mest ekstreme positivismekritikarane endar i kunnskapsnihilisme, meiner han. Konsekvensen av deira standpunkt er at ingen kunnskap er sikrare enn anna kunnskap, og dermed kan ein eigentleg ikkje snakka om vitskap (Mjøset 2003:39-40). Denne retninga har røter i humaniora, og tek utgangspunkt i

diskursanalytiske tilnærmingar inspirert av Michel Foucault.¹⁶ Mjøset meiner at det er grunn til å kritisera den poststrukturalistiske kunnskapsnihilismen. Han trekker fram arbeidet til Dorothy Smith som eit døme på ein mellomposisjon (Mjøset 2003:41); ho avviser dei positivistiske tendensane ho meiner pregar den etablerte sosiologien, men er kritisk til poststrukturalismen.

I artikkelen *Telling the Truth after Postmodernism* (1999) drøftar Dorothy Smith poststrukturalismen,¹⁷ og kritiserer den forståinga av kunnskap og sanning, diskurs og materialitet som ho meiner dette perspektivet impliserer. Poststrukturalistane avviser det einskapelege subjektet (the unitary subject) som utgangspunkt for kunnskap. Det einskapelege subjektet er konstituert som noko genuint og evig, uavhengig av historisk kontekst, ein ”objektiv” subjektposisjon (Smith 1999:104). Med det utgangspunktet blir kunnskap forstått som uavhengig av individuelle subjektivitetar, ikkje påverka av korkje erfaring, interesse eller perspektiv (Smith 2005:43). ”The individuated (male) subject is raised to the level of the universal” (Smith 1999:104-105). Kritikken har gått ut på at det er den privilegerte posisjonen til kvite menn som ligg til grunn for ideen om det einskapelege subjektet. Historisk har store grupper menneske vore ekskludert frå denne ”objektive” subjektposisjonen. Andre erfaringar, og andre posisjonar (t.d kvinner, svarte, lesbiske, etc.) kan dermed aldri representera det universelle innanfor denne tenkinga. Smith støttar mykje av den poststrukturalistiske kritikken av vitskapen, men kritiserer poststrukturalismen på to punkt: Ved å knyta subjektet til språk og diskurs, reproduserer poststrukturalistane den tradisjonelle delinga mellom medvit og situert erfaring. Dessutan reproduserer dei det individuerte subjektet (the individuated subject) som ligg til grunn for den tradisjonelle vitskapen (Smith 1999:97-98). Poststrukturalistane meiner at kunnskap alltid vil vera prega av kjønn, klasse, rase, etnisitet og andre sosiale kategoriar. Kunnskap er ikkje objektiv, men eit resultat av den posisjonen det einskilde subjektet har i diskursen. Dermed gjer poststrukturalistane den same feilen som i mainstream

¹⁶ Michel Foucault var ein fransk filosof og historikar som gjerne blir assosiert med postmodernisme eller poststrukturalisme. Foucault studerte historiske endringar og utviklinga av moderne institusjonar og vitskapar. Han meiner at kunnskapsproduksjon er relatert til makt og disciplinering og viser korleis diskursar, meaningsstrukturar i språket, skaper og reproduserer sosial praksis (Foucault 1999; 2001).

¹⁷ Smith knyter mellom andre Roland Barthes, Jane Flax, Jean-Francois Lyotard, Jaques Derrida og Judith Butler til denne retninga (Smith 1999:104-109), og nyttar både nemningane poststrukturalistar og postmodernistar.

sosiologisk teori, dei legg *individet* til grunn for kunnskapsprodusjon (Smith 1999:106). Poststrukturalistane avviser det einskapelege subjektet (the unitary subject), men vidarefører det individuerte subjektet (the individuated subject). I staden for å ta utgangspunkt i éin universell subjektposisjon snakkar dei om *mange* subjektposisjonar, med *ulik* ståstad og ulik kunnskap. Men framleis står det individuerte subjektet i sentrum, ikkje sosiale prosessar og relasjonar, og sosiale relasjonar blir redusert til eigenskapar med individet (Smith 1999:104-107).

Resultat av dette er at ein ikkje kan snakka om ”sanning”, berre ulike forteljingar om verda, frå diskursivt konstituerte subjektposisjonar (Smith 1999:101). Viss persepsjon og erfaring ikkje kan vera grunnlag for kunnskap, fordi språket mediderer røynda og språket er forma av diskursane, så er diskursar det einaste me kan undersøkja og studera. Dermed avviser poststrukturalismen moglegheita for å oppdaga noko nytt om røynda, meiner Smith (1999:103-104). Diskurs blir eit uendeleg studiefelt, men ”there can be no discovery” (Smith 1999:104). Poststrukturalistiske framstiller det som om språket og diskursane talar gjennom subjekta, uavhengig av intensjonar. Innanfor slik tenking blir det lite rom for menneska som aktive og handlande (Smith 1999:102; Smith 2005:126). Too often taking up the concept of discours following in Foucault’s footsteps accords discourse an overpowering role” (Smith 2005:127). Ho kritiserer det poststrukturalistiske perspektivet for å leggja for mykje fokus på korleis språklege strukturar styrer handlingar og subjekt. Når poststrukturalistane ser subjektet som eit produkt av språket og diskursane, så er dei med på å reprodusera delinga mellom kropp/medvit, mellom praksis og erfaring på den eine sida og tekst, språk og medvit på den andre sida (Smith 1999:97).

Objektivering og styring

Mjøset (2003) hevdar at dei fleste samfunnsvitarar i dag avviser positivismen og trua på objektiv og nøytral kunnskap. Men Dorothy Smith meiner at ei formell avvising av positivismen ikkje er nok, og kritiserer mainstream sosiologi¹⁸ for *objektivering*: ”Sociology do not have to adhere formally to positivism to succeed in the same order of objectification” (Smith 2005:28). Objektivering inneber at forskaren etablerer ein

¹⁸ Når Smith nyttar termen mainstream sosiologi, refererer ho til det ho ser på som generelle praksisar knytt til den sosiologiske diskursen (Smith 2005:49).

subjektposisjon utanfor diskursen, eit arkimedisk punkt utanfor den sosiale verda, slik at han/ho kan gripa røynda som noko objektiv (Smith 2005:28-29). Det er ein vitskapeleg praksis som er innretta mot å produsera kunnskap *om* folk, og som på denne måten reduserer menneska til objekt som skal forklarast av den vitskapelege diskursen. Smith presenterer institusjonell etnografi, ein sosiologi for folk, som ein alternativ måte å gjera sosiologi på. Smith insisterer på at folk alltid er personar som har kunnskap (knowers), ikkje berre objekt forskaren søker kunnskap om. Det er kunnskapen folk sjølv har me skal prøva å få tak i, ikkje kunnskap *om* individua (Smith 2005:52-53). Dermed skriv ho seg inn i ein kvindeforskingstradisjon der ein har vore opptekne av å skilja mellom "forskning *om* kvinner og forsking *for og sammen med kvinner*" (Berg et al. 1977:8). Her er det ein parallel mellom metode og tema i denne oppgåva. Kritikken av offerperspektivet har blant anna gått ut på at ein framstiller dei utsette som passive og hjelpeause, og på den måten reduserer dei til objekt. Er det mogleg å etablera ein forskingspraksis der ein legg til grunn at både forskar og informant er subjekt som har kunnskap? Dette metodiske spørsmålet er ein viktig del av prosjektet mitt.

Objektivering er knytt til det Dorothy Smith kallar styringsrelasjonar (ruling relations). Styringsrelasjonar referer til ei ny form for samfunnsorganisering som har vaks fram parallelt med moderniseringa og industrialiseringa frå midten av 1800-talet. Det er objektiverte former for medvit og organisering, som er konstituert uavhengig av spesifikke menneske på bestemte stader (Smith 2005:13, 227). Institusjonar er ein integrert del av desse styringsrelasjonane. Dei ulike institusjonane er organiserte rundt kvar sin bestemte funksjon (t.d. utdanning, helse etc), men dei er vevd inn i kvarandre. Det som kjenneteiknar institusjonar er at dei generaliserer og er generaliserte. Dei som arbeider innanfor institusjonar jobbar aktivt med å produsera det generelle ut frå det partikulære (Smith 2005:225). Wilson og Pence (2006) skildrar styringsrelasjonar og institusjonelle ordningar i ei studie av valdsutsette indianarkvinners møte med hjelpeapparatet. Strukturane i rettsapparatet gjer det naudsynt å produsera ei standardisert "case", der individuelle erfaringar vart sett til side til fordel for institusjonelle representasjonar (Wilson and Pence 2006:207-208). Jamfør Smith er dette eit generelt kjenneteikn ved institusjonelle diskursar (Smith 2005:225).

Smith meiner at den ”uavhengige” forskarposisjonen og det objektiverande blikket er bygd inn i sosiologisk metode, teori og praksis. Gjennom objektiverande sosiologisk praksis adopterer forskarane eit styringsperspektiv (Smith 2005:28-29). Dette skjer ved at sosiologane tek utgangspunkt i teori, omgrep og kategoriar som styrer korleis empirien vil bli valt ut og tolka. Den sosiologiske diskursen er lausriven frå faktiske menneskelege aktivitetar, og ein utviklar teoriar og omgrep uavhengig av konkrete menneske og historiske prosessar. ”Sosial struktur” er eit døme på dette. Sosiologar hevdar at sosiale strukturar per definisjon påverkar og styrar folk sine handlingar, gjerne utan referanse til empiri. Sosial struktur er ein metafor, og referer ikkje til noko det faktisk går an å undersøkja og gjenfinna i den sosiale røynda. Generelle og abstrakte omgrep, som ”sosial struktur”, ”meining”, ”makt”, ”konflikt”, ”organisasjon”, får aktørstatus i setningane, medan konkrete menneske og faktiske praksisar berre blir brukt som illustrasjonar og døme på slike sosiologiske omgrep (Smith 2005:49-58). Den sosiologiske diskursen er eit døme på ein institusjonell diskurs der faktiske erfaringar og sosiale relasjoner blir underlagt institusjonelle kategoriar og abstrakte omgrep.

For å kopla dette til offerproblematikken vil eg trekka fram ordet ”husbråk” som eit døme. Før registrerte politiet menns vald mot kvinner under kategorien ”husbråk” (Morken and Selle 1995:179). Men denne nemninga gjer det vanskeleg å få auge på dei sosiale relasjonane og dei faktiske hendingane som ligg bak omgrepet. Kva handlingar, kva personar og kva maktrelasjonar er det kategorien referer til? Å analysera vil alltid innebera å kopla erfaring til meir generelle omgrep, men Smith insisterer på at institusjonelle etnografer må ta utgangspunkt i det sosiale og undersøkja om dei abstrakte omgrepa faktisk kan seiå noko om dei sosiale relasjonane dei er meint å skildra (Smith 2005:57). Med utgangspunkt i erfaringar avslørte kvinnerørsla at omgrepet husbråk ikkje var eigna til å skildra vald mot kvinner, med terminologien til Smith kan ein seiå at kvinnerørsla avslørte korleis styring føregår; institusjonelle kategoriar som ”husbråk” sette til side og usynleggjorde erfaringane til valdsutsette kvinner. Som eg har vore inne på tidlegare trur eg at poenget med offerperspektivet var å setja fokus på dei sosiale relasjonane. Seinare har offeromgrepet vorte forstått som ein individuell eigenskap eller

ein identitet; på denne måten vart det sosiale redusert til ein karakteristikk av individet, jamfør det individuerte subjektet.

Å kartleggja det sosiale

Smith (1999; 2005) samanliknar forsking med å teikna eit kart. Kartlegginga er ein representasjon av røynda, og representasjonar er aldri objektive eller uproblematiske. Men kartet kan vera rett eller gale, ut ifrå korleis landskapet faktisk ser ut. Å finna ut korleis sosial organisering føregår og kva diskursane referer til, er eit kollektivt prosjekt. Kunnskap om verda er alltid i tid og i handling mellom menneske. Kunnskap er eit resultat av dialog. Ein kan koordinera ulike synspunkt og perspektiv ved å referera til ei felles sosial verd (Smith 1999:127). Smith legg til grunn at kartlegginga bør ta utgangspunkt konkrete erfaringar frå ein ståstad, ikkje teori. Erfaring er ikkje synonymt med kunnskap, men det er ein stad å byrja (Smith 1999:96).

Such analyses are directed toward ruling processes that are pervasive, consequential, and not easily understood from the perspective of any local experience. But the institutional ethnographic approach suggests that an understanding grounded in such a vantage point is possible, and necessary, if we are to build upon excluded perspectives the kind of “map” of institutional processes that might be used in making changes to benefit those subject to ruling regimes (Smith 2006:43).

Forskaren tek utgangspunkt i den kunnskapen folk sjølv har om sin kvardag, og skal forklara for folk korleis kvardagslivet blir organisert og koordinert av institusjonelle ordningar og styringsrelasjonar (Smith 2005:51). Ved å kartleggja korleis det lokale er vevd inn i translokale relasjonar, utfordrar institusjonell etnografi den tradisjonelle delinga mellom mikro og makro i sosiologien (Smith 2005:35-43). Kartet skal kunne brukast til å endra situasjonen til det betre for dei som er underlagt styringsrelasjonar.

Korleis kan ein gjera ei etnografsk undersøking av språk, nærmare bestemt eit omgrep? Smith (1999) meiner at det einskapelege subjektet er basert på ei deling mellom medvit/kropp (mind/body). Dette er ein dualisme som har prega vestleg filosofi og tenketradisjon sidan Descartes. Sosiologi frå ein kvinneståstad gjer det umogleg å oppretthalda ei slik deling, fordi medvit, tankar og teori alltid er situert i kroppen, ein kropp som erfarer og er til stades i det sosiale. Smith (2005:23-24) meiner ein må

undersøkja og kartleggja kva sosiale relasjonar diskursar og omgrep referer til. Ho viser til den feministiske filosofen Elisabeth Grosz som har utvikla ein fenomenologisk teori om kroppen, og synleggjer dei sosiale relasjonane som ligg bak dikotomiar. I boka *Volatile Bodies* kritiserer Grosz (1994) sentrale dikotomiar som ho meiner har prega vestleg filosofisk tradisjon. Medvit/kropp, mann/kvinne, aktiv/passiv, kultur/natur, subjekt/objekt står i eit hierarkisk forhold til kvarandre. Det eine omgrepet har ein privilegert status mens den andre termen er underordna (Grosz 1994:3). I boka *Children in the global sex trade* drøftar Davidson offeromgrepet med utgangspunkt i ein kritikk av binære motsetnader (2005:45). Ho meiner at dualismar som subjekt/objekt og "agent/victim" tilslører den situasjonen som barn i sexindustrien faktisk er i. Eg trur at slik dikotomikritikk kan vera eit nyttig analyseverktøy i mitt prosjekt. Dikotomiane kan vera dårlig egna kategoriar til å skildra det sosiale. Kva sosiale relasjonar ligg bak dikotomien subjekt/offer? Er det mogleg å bryta med den dikotome tenkinga og snakka om eit *aktivt offer*?

Etnografisk undersøking av ein diskurs

Smith (1999; 2005) er inspirert av Bakthin sitt diskursomgrep og legg til grunn at språk er koordinerte aktivitetar mellom menneske. Ho argumenterer for å sjå språk som ein del av det sosiale. Det inneber å skifta fokus frå det psykologiske og det språkelege til fokus på det som skjer mellom folk (Smith 2005:75-76). Sosiale relasjonar og praksistar kan *ikkje reduserast* til diskurs, språk og diskurs *er* praksis. På denne måten blir det rom for at subjekta aktivt kan forhandla og endra den meininga som ligg i språket og diskursane. Smith insisterer på at kunnskap og sanning er sosialt organisert. Diskursane er til stades i det sosiale, og kan derfor utforskast med utgangspunkt i erfaring (Smith 1999). Griffith (2006) skriv om korleis ein kan utforska ein diskurs med utgangspunkt i institusjonell etnografi i artikkelen *Constructing Single Parent Families for Schooling: Discovering an Institutional Discourse*. For å få velferdsgode som åleineforelder må ein fylla ut ei mengde papir og skjema. Denne prosessen gjev familien tilgang på stønad. Men samtidig er det ein identifikasjonsprosess som definerer åleineforelderfamiliar som annleis frå andre familiar. Dette har konsekvensar for korleis tolk ser på åleineforelderfamiliar og korleis dei blir møtt av dei menneska som arbeider innanfor velferdssystemet, t.d. skulesystemet og helsevesenet (Griffith 2006:128-129). Eg trur at den prosessen Griffith

skildrar har parallelar til det å bli definert som eit offer. Offerstatusen kan vera naudsynt for å oppnå velferdsgode av ulike slag. Samstundes vil det innebera ein identifikasjonsprosess som definerer eit individ som eit offer. Kva konsekvensar kan det ha å bli definert som eit offer? Inneber offerstatusen å bli definert som annleis og avvikande?

Griffith (2006) viser at media er med på å forma korleis ein snakkar om barn av åleineforeldre til dagleg (the ordinary talk). Forteljingane i media baserer seg gjerne på forskingslitteratur, og på denne måten er media og forskinga er med på å forma åleineforelderdiskursen. Kunnskap er sentralt i den prosessen der åleineforelderfamiliar blir konstruktert som *forskjellige* frå andre familiar. (Griffith 2006:131). Måten ein snakkar på til dagleg trekker på kunnskap som strekker seg ut over våre erfaringar. Griffith fokuserer på å avdekka kva ”sanningar” som ligg til grunn for forsking på åleineforelderfamiliar og korleis desse ideane produserer forskjell (Griffith 2006:136-137). Dette med konstruksjon av forskjell trur eg er interessant i høve til offerdiskursen òg. Eg vil utforska media si rolle i utforminga av diskursen, men med utgangspunkt i perspektivet til dei som arbeider med valdsutsette kvinner. Kva kunnskap om ofra etablerer offerdiskursane? Produserer offeromgrepet forskjell og likskap?

Vidare i denne oppgåva vil eg undersøkja korleis offerdiskursar inngår i ulike institusjonelle ordningar og viser korleis diskursar og institusjonar regulerer arbeidet til personar som arbeider i høve til valdsutsette kvinner. Kva sosiale relasjonar skjuler/synleggjer offeromgrepet? På kva måte er offeromgrepet vevd inn i styringsrelasjonar, koordinering og organisering? Eg vil søkja å visa korleis ofra blir identifisert gjennom institusjonelle ordningar og diskursar. Med utgangspunkt i Smith avviser eg ei positivistisk forståing av kategoriar og omgrep, der offerkategorien blir sett på som ei nøytral og objektiv skildring av eit menneske sine faktiske erfaringar. På den andre sida vil eg ikkje leggja til grunn at det *utelukkande* er offerdiskursar som skapar offererfaringar og offerposisjonen. Sjølv om erfaringar er påverka av og uttrykt gjennom språket, så kan ikkje erfaring reduserast til diskurs. Eg vil ta utgangspunk i at offeromgrepet kan referera til ein reell sosial situasjon, men at det samstundes er viktig å

utfordra og problematisera kategoriane, og undersøkja om dei er eigna til å skildra erfaringar og sosiale relasjonar. Eg vil utforska eventuelle spenningar mellom diskurs og erfaring, og eg vonar at det vil gje rom for å oppdaga noko nytt.

Disposition av oppgåva

Oppgåva har består av tre hovuddelar og eitt avsluttande kapittel. I dette første kapittelet har eg gjort greie for dei teoretiske perspektiva og det metodiske rammeverket som ligg til grunn for denne oppgåva. Eg har presentert dette kapitlet som ei gradvis utvikling av problemstillinga, i nær relasjon til metode og teori. Å definera problematikken på denne måten, gjennom å nysta opp trådar i veven og kartleggja feltet steg for steg, er i tråd med institusjonell etnografi, meiner eg. Dessutan reflekterer det forskingsprosessen; det tok tid å utvikla og definera problemstilling og avgrensa feltet. Dorothy Smith skildrar institusjonell etnografi som eit paradigmeskift (Smith 2005:2), og argumenterer for at dette inneber ein radikalt annleis måte å tenkja og gjera sosiologi på. Ho understrekar at institusjonell etnografi ikkje er ein streng disiplin, men eit sett med prinsipp som kan realiserast på mange ulike måtar (Smith 2006b:1). Arbeidet med å finna ut korleis dei prinsippa kan brukast i høve til akkurat mitt prosjekt har vore utfordrande. Dei metodiske vala og drøftingane er derfor eit sentralt poeng i denne oppgåva. Sjølv om eg baserer meg på Dorothy Smith og institusjonell etnografi i heile prosjektet, så er det empiriske nedslagsfeltet til dels ulikt i dei forskjellige kapitla, og metoden er tilpassa dette. Derfor har det ikkje vore føremålsteneleg å samla metode i eit kapittel, og eg har valt å veva dei metodiske refleksjonane inn i problemstillingar, empiri, analysar og konklusjonar.

I kapittel 2 gjer eg greie for korleis eg starta den empiriske undersøkinga, og korleis eg har nysta vidare i offerproblematikken. Kapitlet er først og fremst basert på eit kvalitativt intervju med Krisesentersekretariatet. Informantane er kritiske til offeromgrepets fordi dei meiner at det ikkje er eigna til å skildra den komplekse situasjonen valdsutsette kvinner er i. Eg har valt å presentera det empiriske materialet med fokus på å visa korleis offeromgrepets er relatert ansvar og skuld. Omgrepets ansvar blir brukt på mange ulike måtar, og tydinga av ordet kjem an på konteksten. I tillegg til intervjuet skriv eg om ein konferanse i regi av MiRA-senteret. Dette kan tilsynelatande sjå ut som ein laust tråd, men det var denne konferansen som leda meg på sporet av den problematikken eg tek opp

i kapittel 3. Litt av poenget med institusjonell etnografi er at ein ikkje kan vita på førehand kva undersøkinga vil enda; å utforska handlar om å kartleggja eit ukjent landsskap.

Kapittel 3 undersøkjer eg nærmare kva er ei kartlegging av kva relevans utlendingslovas reglar for opphaldsøyve har for valdsutsette minoritetskvinner, og kva rolle offerdiskursen speler i denne samanhengen. Eg kartlegg forvaltningspraksisen knytt til mishandlingsvilkåret i utlendingsforskrifta § 37 sjette ledd og viser kva det inneber å søkja opphaldsløyve etter den nemnde paragrafen. Analysane baserer seg på eit kvalitativt intervju, samt tekstanalyse av forvaltningsvedtak og relevante lovtekstar og viserr korleis arbeidet til ulike menneske på ulike stader blir koordinert og standardisert gjennom regulerande tekstar. Eg sett fokus på kva tyding offerdiskursar kan ha for institusjonell praksis, og viser korleis institusjonelle kategoriar gjer det mogleg å identifisera kven som får offerstatus og dermed opphaldsløyve. I tillegg kastar eg lys over korleis institusjonelle praksisar i byråkratiet er relatert til politiske diskursar på immigrasjonsfeltet. I kapittel 4 inneheld avsluttande refleksjonar rundt arbeidet med denne oppgåva. Eg drøftar offeromgrepet på bakgrunn av den kartlegginga eg har gjort og vurderer institusjonell etnografi som metodisk perspektiv og verktøy.

Kapittel 2: Kva meiner kvinnerørsla om offeromgrepet i dag? – Intervju med Krisesentersekretariatet

I kapittel 1 viste eg korleis kvinnerørsla tolka vald mot kvinner inn i ei ny ramme og argumenterte for at offerperspektivet spelte ei viktig rolle i den prosessen.

Krisesenterrørsla har vore ein sentral aktør i ein synleggjerdingsprosess der vald mot kvinner vart sett på den offentlege dagsordenen (Ahnfelt 1987:5). Kva meiner krisesenterrørsla om offeromgrepet i dag? Dei siste åra har minoritetskvinner fått mykje merksemd i norsk media (Thorbjørnsrud 2003), men framstillingane har vore prega av offerperspektiv. Postkoloniale teoretikarar har kritisert vestlege feministar for å framstilla kvinner frå den tredje verda som offer som må ”reddast” av vestlege feministar.

Minoritetskvinnerørsla i Noreg har dessutan kritisert kvinnerørsla for å vera dominert av kvite majoritetskvinner sine synspunkt og problem (Salimi 2004). Kva meiner minoritetskvinnerørsla om offeromgrepet? I dette kapitlet vil eg undersøkja korleis offeromgrepet blir brukt, problematisert og diskutert innanfor kvinnerørsla i dag. Eit ord, eit teikn eller ei utsegn er alltid vevd inn i ein kontekst; meininga er til ein viss grad bestemt av korleis ordet har blitt brukt før, men det vil likevel alltid vera rom for å endra bruk og dermed endra meining (Smith 2005:64-68). Offeromgrepet kan tena som eit døme på det, og eg vil visa korleis forståingar av og synspunkt på offeromgrepet er prega av konteksten, av institusjonelle ordningar og den offentlege debatten.

Ståstad og utval

For å undersøkja dei nemnte spørsmålsstillingane meinte eg det var mest føremålsteneleg å ta utgangspunkt i den konkrete ståstaden til personar som arbeider innanfor høvesvis krisesenterrørsla og minoritetskvinnerørsla. Eg valde å kontakta Krisesentersekretariatet og MiRA-senteret for å intervju dei om offeromgrepet og gjorde på denne måten deira ståstad til startpunktet for undersøkinga. Perspektivet til to ulike frivillige verksemder vil kunne speglia litt av breidda og mangfaldet innanfor kvinnerørsla. Valet av informantar er altså gjort ut frå ei teoretisk og strategisk vurdering. MiRA-senteret vart oppretta i 1990 og er eit ressurscenter for flyktning- og innvandrarkvinner i Noreg. Dei arbeider med spørsmål knytt til likestilling av minoritetskvinner. Senteret jobbar aktivt og eksplisitt med både antirasistisk og kvinnekjønnspolitisk arbeid. Dette fokuset er det ingen andre norske

organisasjonar som har, så langt eg kjenner til. MiRA har eit breitt tilbod til kvinner og unge jenter i ulike situasjoner. Dei tilbyr alt frå tale- og debatteknikkurs for unge jenter til krisehjelp og rådgjeving (MiRA-Senteret 2006). Krisesentersekretariatet vart oppretta i 1994 og er ein medlemsorganisasjon og eit informasjons- og koordineringsorgan for 33 av dei 51 kriesentra i Noreg.¹⁹ Dei arbeider for å avdekka og synleggjera kvinnemishandling, eit problem dei ser i samanheng med kvinneundertrykking og manglande likestilling i samfunnet (Krisesentersekretariatet 2005) og arbeider med å ”utarbeide statistikk, informasjonsarbeid, påvirke lovgivningsarbeid og rettspraksis, pressemeldinger/avispinnlegg, undervisning, seminarer/kurs/ konferanser, nettverksbygging, aksjoner, kvinnepolitisk arbeid, kompetansesentral om seksualisert vold mot kvinner, barn på kriesentrene, og internasjonalt solidaritetsarbeid” (Krisesentersekretariatet 2006). Sekretariatet er altså ikkje eit kriesenter og arbeider ikkje direkte med krisehjelp til valdsutsette kvinner, men koordinerer kriesentra sitt arbeid på dette feltet²⁰. Ein av dei to som arbeider der har like fult arbeidd på kriesenter frå 1984 til 1999, og har derfor brei erfaring frå praktisk arbeid med valdsutsette kvinner.

Dei tilsette på Krisesentersekretariatet og MiRA-Senteret har relevante posisjonar fordi dei arbeider med politiske spørsmål som er relaterte til offerproblematikken. Deira synspunkt og forståingar av offeromgrepene er relatert til praktisk arbeid innanfor feltet feminism og vald mot kvinner. I artikkelen *Institutional Ethnography: Using Interviews to Investigate Ruling Relations* skriv DeVault og McCoy (2006) at personar som arbeider i ”fronten”, til dømes tilsette i frivillige organisasjonar, kan vera viktige informantar i institusjonell etnografi, fordi dei er bindeleddet mellom brukarane på den eine sida og styringsdiskursane på den andre. Deira oppgåve er mellom anna å tolka dei partikulære erfaringane og individuelle tilhøva inn i dei institusjonelle kategoriane (DeVault and McCoy 2006:27). Eg meiner at dei tilsette på Krisesentersekretariatet og MiRA-Senteret kan seiast å ha ein slik mellomposisjon som DeVault og McCoy skildrar, men på ulike

¹⁹ Norsk Krisesenterforbund organiserer 16 av dei andre sentra (Norsk Krisesenterforbund 2006).

²⁰ Frå og med 1. januar 2005 fekk Krisesentersekretariatet ansvar for å utføra tiltaka i regjerings handlingsplan mot menneskehandel gjennom ROSA-prosjektet. ROSA tilbyr bistand og trygging 24 timer i døgnet for kvinner utsette for menneskehandel (ROSA 2005), og sekretariatet har gjennom dette arbeidet direkte kontakt med valdsutsette kvinner. Menneskehandel er utanfor omfanget av denne oppgåva, og eg vil ikkje gå nærmare inn på dette emnet.

måtar. MiRA-senteret tilbyr krisehjelp og rådgjeving, og er i direkte kontakt med brukargruppene. Krisesentersekretariatet er bindeleddet mellom *dei som arbeider med* valdsutsette kvinner på den eine sida og media, offentlegheita og det politiske systemet på den andre sida. Begge verksemndene er interesseorganisasjonar for kvinner som samstundes må relatera seg til institusjonar og institusjonelle ordningar som staten, kommunar, forvaltning, immigrasjonspolitikk, media, sosialtenesta og helsevesenet.

MiRA-Senteret

Dei tilsette på MiRA-Senteret hadde ikkje høve til å vera med på ein intervjuamtale på grunn av stort arbeidspress og manglande kapasitet. Dei viste til eigne publikasjonar relatert til feminism og antirasisme, og inviterte til deltaking på ein konferanse i regi av senteret. Fjerde november 2006 arrangerte MiRA-Senteret ein nasjonal konferanse om minoritetskvinner og psykisk vald i nære relasjonar²¹. Mest 200 personar frå heile landet, med ulike bakgrunn og frå ei mengde ulike fagfelt deltok på arrangementet. Politiske parti, statssekretæren frå Helse- og Omsorgsdepartementet, helsepersonell, barnevernet, kjønnsforskningsmiljøet, krisesentra, lærarar, Antirasistisk senter, frivillige organisasjonar, Blindeforbundet, Skeiv Ungdom samt mange andre organisasjonar og enkeltpersonar var med på konferansen. På programmet stod føredragshaldarar frå senteret sjølv og ulike ressurspersonar frå fagmiljøa nasjonalt og internasjonalt. Hovudtalaren var Caroline West, psykolog, terapeut og forskar frå Tacoma, USA. I tillegg var det sett av tid til to workshopar under temaet *Fra ressurs til offer, fra offer til ressurs*. Eg meiner at konferansen var godt egna til å kasta lys over eit breitt spekter av problemstillingar knytt til vald i nære relasjonar, men konferansen representerer ein heilt annan type materiale enn intervjuet med Krisesentersekretariatet. Eg har nytta konferansen som kjelde til informasjon, og eg har ikkje sett det som føremålsteneleg å gjera ei samanlikning eller felles analyse av intervjuet og konferansen.

Psykisk vald mot minoritetskvinner var emnet for konferansen, men offeromgrepet vart tematisert meir indirekte. Eit sentralt poeng var korleis vald mot minoritetskvinner gjerne blir tolka inn i ei heilt annan ramme enn vald mot majoriteten: ”Minoritetene blir plassert

²¹ Sjå programmet for konferansen på <http://www.mirasenteret.no/aktiviteter/popups/Konferanse06.pdf> (lesedato: 01.11.06).

i periferien og knyttet til spørsmål om kultur og tradisjon. Minoritetskvinner blir tatt ut av mainstream voldssproblematikk, og dette skaper stor avstand mellom minoriteten og majoriteten”, sa leiaren av MiRA-senteret i opningstalen. Ho hevda at det er problematisk å forklara vald mot minoritetskvinner med kultur, fordi det på denne måten blir diskutert som eit heilt anna spørsmål enn vald mot majoritetskvinner. West snakka om minoritetsposisjonen og dei utfordingane dette representerer i forhold til arbeidet med vald mot kvinner i føredraget *Abuse is Wrong in Any Language. Understanding Culture and Domestic Violence.* ”The violence doesn’t occur in isolation. We are victimized because we’re women and vulnerable because of race, immigration and religion”, sa West. Både kjønn og rase og minoritetsposisjonen er sentralt for å forstå den situasjonen valdsutsette minoritetskvinner er i. West snakka om dei dilemma som svarte kvinner i USA opplever i kampen mot vald mot kvinner og trekta parallellear til situasjonen for minoritetskvinner i Noreg. Ho peika på utfordringa som ligg i å kjempa mot diskriminering frå majoritetssamfunnet, og samstundes halda mennene i minoritetsmiljøa ansvarlege for vald mot kvinner i nære relasjonar. Minoritetane blir møtt med stereotype og rasistiske idear om at deira kultur er meir valdeleg og usivilisert enn kulturen til majoritetsbefolkinga. Dermed blir det vanskeleg å snakka om vald mot minoritetskvinner/svarte kvinner utan å vera med på å forsterka eit negativt bilet av minoritetane, meiner West. Her vil eg trekka parallellear til kritikken som postkoloniale teoretikarar har retta mot vesten generelt og vestlege feministar spesielt. Å portrettera minoritetane som annleis skapar avstand mellom oss og dei Andre og er med på etablera majoritetskulturen/vesten som privilegert og likestilt (Kapur 2002; Narayan 1997; Renzetti 1999; Spivak 1987).

På konferansen er fleire opptekne av å setja fokus på kvinnernas ressursar og styrke, nettopp for å unngå og reproduksjona negative stereotyper om minoritetskvinner. Hamida Schreiner viste filmen *Survivor*. Ho ville setja fokus på at det er mogleg å koma seg ut av ein offervesituasjon og finna si eiga stemme og styrke. Kvinner har ressursar, men blir gjort til offer fordi ressursane ikkje blir verdsett, sa ein deltakar. Det er viktig å kunna sjå mangfaldet og kompleksiteten i dei problema som minoritetskvinner erfarer: ”Sometimes you need to be allowed to be a victim, to be weak. But at the same time you are a

survivor". I møte med norske institusjonar er du nøydd til å vera eit offer for å få hjelp, meinte ein annan deltakar. Slik bør det ikkje vera: "To be a victim is not the only option. There has to be multiple ways to help people" oppsummerte West. Deltakarane på konferansen peikte på at offeromgrepet og offerstatusen kan vera problematisk fordi det kan usynleggjera styrke og ressursar. Det er problematiske viss offerstatus er det einaste grunnlaget for hjelp og støtte.

På konferansen synleggjorde og diskuterte ein vanskar og utfordringar som valdsutsette minoritetskvinner støter på i møte med norske institusjonar, og her stod den såkalla "treårsregelen" sentralt.²² I denne samanhengen var advokat Bente Oftedal Roli invitert for å halda innlegget *Framtiden på vent! Helsemessige konsekvenser av treårsregel og utlendingspraksis for minoritetkvinner*. Roli sette treårsregelen i samanheng med offeromgrepet. I innlegget hevdar Roli at rundskrivet *Retningslinjer for behandling av saker som gjelder ny oppholdstillatelse for utenlandske kvinner etter samlivsbrudd - utleningsforskriften §§ 21 femte ledd, jf § 37 sjette ledd* (UDI 2002) inneber eit "offerkrav". Kva meinte ho med det? Eg bestemte meg for å undersøkja denne problematikken vidare. Konferansen til MiRA-senteret var startpunktet for ei kartlegging av kva rolle offeromgrepet speler i utlendingspraksis. Dette gjer eg greie for i kapittel 3.

I avslutninga på konferansen fortel leiaren for MiRA-Senteret at dei får mange førespurnadar om å stilla opp på ulike arrangement og aktivitetar, men forklarer at dei må takka nei til dei aller fleste på grunn av kapasitetsproblem. Dette er ein merknad eg meiner det er relevant å reflektera litt over. Grunnen til at eg gjerne ville intervjuva MiRA-senteret er at eg meiner dei har ein ganske unik posisjon i den norske offentlegheita. Som nemnt er senteret den einaste frivillige verksemda som arbeider aktivt og eksplisitt både

²² For utlendingar som får arbeids- og opphaldsløyve i Noreg på grunnlag av familieetablering, vil sambuarskapet/ekteskapet vera eit vilkår for opphaldsløyvet. Først etter tre år med slike opphaldsløyve, kan personen søkja busettingsløyve på sjølvstendig grunnlag. Ved separasjon eller skilsmisse før det er gått tre år vil personen som hovudregel mista arbeids- og opphaldsløyvet og bli sendt ut av riket, jamfør utlendingslova (§§ 8, 9, 11, 12). Jamfør § 37 sjette ledd i utlendingsforskrifta (1990) er det mogleg å søkja om opphaldsløyve på sjølvstendig grunnlag. Paragrafen har to alternative vilkår. For det første kan ein få opphold viss tilhøva i heimlandet vil føra til urimelege vanskar for kvinnen. For det andre skal ein få opphold viss kvinnen har vore utsett for mishandling i parforholdet. Fleire har peika på at det i praksis er vanskeleg å få opphold på dette grunnlaget. Eg kjem tilbake til denne problematikken i kapittel 3.

med feminism og antirasisme. Kan talet på førespurnader vera relatert til at MiRA-senteret blir oppfatta som representant for minoritetskvinner i Noreg? Sherene Razack (2000) problematiserer tanken om representasjon i artikkelen *Your Place or Mine? Transnational Feminist Collaboration*. Ho meiner at kvinner i akademia med immigrantbakgrunn berre får ein posisjon når dei kan fungera som representantar for dei Andre, og vera den autentiske etniske stemma (Razack 2000:40-44).

Dette reiser ein del komplekse problemstillingar knytt til posisjon og representasjon som kan vera relevant for denne oppgåva. Det ville vore nyttig for mitt prosjekt å snakka med nokon som kan representera minoritetskvinner, spesielt sidan eg mellom anna tek utgangspunkt i eit postkolonialt perspektiv. Postkoloniale teoretikarar har kritisert vestlege feministar for å snakka på vegne av kvinner frå den tredje verda i standen for å lytta til dei og diskutera med dei (Spivak 1987). Kanskje er ikkje kapasitetsproblem den einaste grunnen til at dei takker nei til førespurnader: ”Folk venter at MiRA har ferdige løsninger på komplekse problemstillinger. Men løsningene må vi finne sammen gjennom dialog og felles kunnskapsproduksjon”, sa leiaren for senteret i avslutninga. Viss MiRA-senteret opplever at dei berre er interessante som ”native informant”, og saknar ein reell dialog, så er det ikkje så rart at dei takkar nei til diverse førespurnader.

Intervjuet med krisesentersekretariatet – metodiske refleksjonar

Eg har intervjuat to tilsette ved Krisesentersekretariatet. Intervjudata representerer ein dialog i to trinn, skriv Dorothy Smith (2005:142). Den første delen er dialogen mellom informantar og forskar, og i denne dialogen kjem informantane sine erfaringar til syne. Den andre dialogen oppstår når forskaren arbeider med datamaterialet som er produsert i den første dialogen (Smith 2005:135-143). Den transkriberte teksten er noko anna enn intervjustituasjonen der både informantar og intervjuar er aktive og tek del i kunnskapsproduksjonen. Å presentera intervjuet på ein god måte kan vera ei utfordring. Då eg arbeida med datamaterialet erfarte eg at det munnlege språket ofte ser rotete og uartikulert ut som skriven tekst. Det er heller ikkje alltid at frasane gjev mening når dei er teke ut av konteksten. Eg har valt å redigera sitata frå den transkriberte teksten slik at eg på best mogleg måte får presentert meiningsinnhaldet i det som vart sagt. Det er ikkje talemåten til informantane eg er interessert i, men innhaldet i det dei kan fortelja om det

institusjonelle landskapet. Den transkriberte teksten er ikkje ein uproblematisk representasjon av intervjuet, men er ei kjelde til å læra meir og oppdaga nye ting som ein ikkje såg under sjølve intervjuet (Smith 2005:135-143). I presentasjonen har eg normert mi eiga stemme til nynorsk og informantane si stemme til bokmål. Dette var mest naturleg ut ifrå talemålet, men det er òg eit grep for at lesaren lettare skal sjå kven som snakkar når samtalen er gjort om til tekst. Som tidlegare nemnt er ikkje individua viktige i seg sjølv, men ut ifrå den posisjonen dei har og den kunnskapen dei har om feltet og om arbeidet sitt. Derfor har eg valt å ikkje skilja mellom kven av dei to informantane som snakkar, men berre tydeleggjera om det er ein dialog mellom informantane, eller mellom meg og informantane.

Institutional capture

Ei vanleg innvending mot å bruka intervju som (einaste) grunnlag for kunnskapsproduksjon, er at det folk seier ikkje alltid samsvarer med kva folk faktisk gjer i praksis. Ideal og realitet er to ulike dimensjonar ved den informasjonen ein kan få gjennom eit intervju. Smith (2005 kapittel 7) tek opp dette problemet og drøftar ulike måtar å relatera seg til dette på innanfor institusjonell etnografi. Problemset med intervjuet er at samtalen lett kan bli fanga i institusjonelle diskursar ("institutional capture").

Innanfor institusjonelle diskursar er det berre rom for det som kan forklara av og som passar inn i diskursen. Erfaringar blir underordna institusjonelle kategoriar, og blir handsama som døme på eller uttrykk for institusjonelle omgrep. Institusjonelle diskursar fortrenger skildringar som er basert på erfaring. Faren for å bli fanga i den institusjonelle diskursen er særleg stor når både forskaren og informanten er kjent med diskursen, når dei veit korleis dei kan snakka innanfor han og derfor lett kan mista den erfaringsbaserte kunnskapen til informanten av syne (Smith 2005:225).

Kvinnerørsla sette vald mot kvinner på den politiske dagsorden, og i løp av den prosessen vart den politiske kampen til kvinnerørsla tilpassa dei institusjonelle diskursane (Smith 2005:118-119). Då både eg og dei tilsette på Krisentersekretariatet er godt kjent med den diskursen om vald mot kvinner, så var det ein viss fare for "institutional capture". Korleis får ein tak i erfaringar og praksisar som ligg bak diskursane? Korleis kunne eg få tak i noko meir enn ei forteljing om eit ideal eller ein ideologi? Smith introduserer eit

verktøy for å unngå å bli fanga i den institusjonelle diskursen. Ved å fokusera på arbeidskunnskap (work knowledge) kan ein få informasjon om praksis, ikkje berre diskursar (Smith 2005 kapittel 7). Arbeidskunnskap er erfaringar frå eigen arbeidssituasjon og kunnskap om korleis arbeidet er koordinert med andre sitt arbeid (Smith 2005:151). Eg er interessert i korleis offerdiskursen er sett saman, og kva dilemma og problemstillingar offeromgrepet rommar for dei som arbeider med vald mot kvinner i nære relasjoner. Når målet er å undersøkja ein diskurs, kvifor skal eg fokusera på arbeidskunnskap då? Poenget er at dei refleksjonane og synspunkta til informantane er utvikla i relasjon til praksis, og det har vore sentralt å visa den praktiske grunngjevinga for synspunkta deira. Med utgangspunkt i erfaringane til informantane vil eg kasta lys over eventuelle spenningar mellom offerdiskursen og erfaringane til valdsutsette kvinner.

Etiske refleksjonar

Institusjonell etnografi representerer ein litt annan måte å forska på enn det som er vanleg innanfor sosiologien, og dette har konsekvensar for dei etiske vurderingane. Innanfor institusjonell etnografi er det ikkje informasjon *om* informantane ein er ute etter. Informantane er menneske som har kunnskap, og det er den kunnskapen dei har om arbeidet sitt og om institusjonane dei arbeider i forskaren er interessert i (Smith 2005). Steinar Kvale (1997) skriv om kvalitative forskingsintervju. Han skil mellom to måtar å sjå på intervjugersonen: ”som informant, et vidne; eller som repräsentant, et analyseobjekt” (1997:214). Slik eg forstår Dorothy Smith, så er ho svært kritisk til å sjå på intervjugersonane som representantar eller analyseobjekt; ho meiner at sosiologar vanlegvis ser på intervjugersonane på denne måten, men at det er etisk problematisk. Eg vil ikkje utelukka at det kan vera både nytlig og interessant å intervju personar med utgangspunkt i begge dei perspektiva Kvale (1997:214-216) skisserer, men i dette prosjektet har eg valt å leggja til grunn at dei eg intervjuar er informantar i tråd med institusjonell etnografi.

Eg har nytta informantane som kjelde til informasjon om offeromgrepet, vald mot kvinner og institusjonelle praksisar. Sensitive personopplysningar er ikkje i fokus, og det gjer det lettare å gjennomføra ei etisk forsvarleg studie. Eg har innhenta informert samtykke frå dei informantane som eg har intervjuar, og elles handsama opplysningane og

materialet i tråd med retningslinjer for behandling av personopplysningar (NSD 2005). Norsk Samfunnsvitenskapelig Dataateneste har godkjent prosjektet. Eg har ikkje anonymisert institusjonane i materialet mitt, då dette ikkje ville vore mogleg utan å endra materialet drastisk. Dermed vil informantane kunne identifiserast. Med tanke på kva type informasjon eg har vore ute etter, så reknar eg ikkje det som problematisk. Når eg likevel ikkje nyttar namna på informantane så er det for å retta fokuset mot institusjonane og det informantane seier: "some institutional ethnographic writers suppress personal information about informants in order to keep the focus on the institutional processes they are describing; they identify quoted speakers only by their locations in the institutional work process of which they speak" (DeVault and McCoy 2006:40).

I eit intervju med Timothy Diamond (2006) reflekterer Dorothy Smith over nokre etiske og metodiske spørsmål. Innanfor den positivistiske tradisjonen, der ein fokuserer på objektivitetskrav, blir politisk engasjement ei feilkjelde som "forureinar" forskinga. Slik er det ikkje i institusjonell etnografi. Val av ståstad har forskingsetiske implikasjonar. Forskaren har plikt til å representera ting så rett som mogleg, fordi andre gjerne skal nytta seg av funna som grunnlag for handling og organisering. Informantane skal kunna kjenna seg igjen i skildringane og ha nytte av analysane: "[If] it is to serve those whose standpoint it undertakes as its starting point, it must produce accurate and faithful representations of how things actually work; it must be truthful. Political commitment here enforces the researcher's responsibility to get it right" (Smith 2005:42). Forsking dreier seg ikkje om å representera noko "objektivt" eller "upartisk", men å visa korleis det institusjonelle landskapet ser ut frå ein bestemt ståstad. Informantane kan stadfesta om skildringa til forskaren gjev eit godt bilet av korleis ting faktisk ser ut. Derfor har det vore viktig for meg at informantane har vurdert og kommentert mi framstilling, og gjeve meg naudsynt informasjon om regulerande tekstar og institusjonelle ordningar. God etikk og god validitet²³ er to sterke sider ved eit slikt design.

²³ I boka *Systematikk og innlevelse* brukar Tove Thagaard omgrepet "bekreftbarhet" når ho drøftar validitet i kvalitativ metode: "Bekreftbarhet knyttes til kvaliteten av tolkningen, og om den forståelsen det enkelte prosjektet fører til støttes av annen forskning" (Thagaard 2003:21). I institusjonell etnografi dreier det seg òg om kor vidt kartlegginga kan bekrefastast av dei som har den ståstad ein legg til grunn for undersøkinga.

Analyse av intervjuet med Krisesentersekretariatet

Empowerment - utsett, ikkje offer

I kapittel 1 argumenterte eg for at offerperspektivet har spelt ei viktig rolle i kvinnerørsla si forståing av vald mot kvinner. Men informantane mine er kritiske til offeromgrepet. Under ein telefonsamtale i førekant av intervjuet fortalte representanten for Krisesentersekretariatet at dei ikkje snakkar om kvinner som offer for vald, men om *valdsutsette* kvinner, dette ut frå eit "empowermentperspektiv". Kva er skilnaden på valdsoffer og valdsutsett, undra eg, og kva vil det seia å leggja til grunn eit "empowermentperspektiv"?

Når vi snakker om kvinner som er *utsatt* for kvinnemishandling, overgrep eller vold, så er det fordi offerbegrepet kan virke veldig passivt. At de ikke er handlende aktører i sitt eget liv. Krisesentrene har bestandig vært opptatt av empowermentperspektivet. Å leve over lengre tid med en voldelig mann gjør mye med kvinnene. Det kan være vanskelig å se strukturene og kjønn- og maktperspektivet. Empowerment handler om at kvinnene selv skal være aktive i prosessen ut av et voldelig forhold. De skal forstå hva de har vært utsatt for og konsekvensene av dette. Kvinnene er selvstendige, tenkende individer. De skal være med i hele prosessen og ta ansvaret for sitt eget liv og sine egne valg. De er handlende aktører i hele prosessen, hvor vi er lyttende, kan gi råd og følge. Men målet med empowerment er at hjelperen blir borte på sikt.

Krisesentersekretariatet koplar nemninga utsett til aktivitet, i motsetnad til offeromgrepet som dei meiner er assosiert med passivitet. Dei forsett resonnementet med å skildra kva dei legg i empowermentperspektivet. Det er ein prosess som dreier seg om å forstå kva ein har vore utsett for. Det er heilt sentralt at kvinne er delaktig i denne prosessen. Ho skal vera ein handlande og tenkande aktør som tar ansvar for sitt eige liv og sine eigne val. Hjelparen, kontaktpersonen på krisesenteret, skal gje hjelp og støtte, men kvinne sjølv skal heile tida vera aktiv i prosessen. Kvinnene skal ikkje koma til krisesenteret og endå ein gong oppleva at nokon skal bestemma over livet deira og fortelja dei kva dei skal gjera. Kontroll har dei fått nok av, understrekar informantane. Målet med empowerment er at kvinne til slutt ikkje skal trenga hjelp, konkluderer informantane. Morken og Selle (1995) skriv om krisesenterrørsla i Noreg i artikkelen *An alternative movement in a 'state-friendly' society: the women's shelter movement*. Forfattarane (1995:181) peikar på at krisesenterrørsla var tidleg ute med å praktisera sjølvhjelp, eit ideal som stod sterkt hos kvinnerørsla på 1970- og 1980-talet, og som seinare har blitt eit

grunnleggande poeng hos andre støttegrupper. Krisesentra har lagt vekt på at dei valdsutsette kvinnene sjølv skal få definera situasjonen dei er i og moglege løysingar. (Morken and Selle 1995:190). Slik eg tolkar informantane, inneber empowermentperspektivet ein mest mogleg ikkje-hierarkisk relasjon mellom brukarar og tilsette på kriesentra, det motsette av ”an asymmetrical relation which would deprive the woman of her independence and passify her” (Morken and Selle 1995:181).

I utgangspunktet såg eg på offer og utsett som to ganske like nemningar. Slik eg forstår informantane, så ser dei på offer og utsett som to grunnleggande forskjellige omgrep. ”Offer” impliserer passivitet, medan ”utsett” opnar opp for aktørskap og handlekraft. I kapittel 1 spurde eg om offer er ein binær motsetnad til det å vera eit handlande subjekt. Det kan sjå ut som om informantane oppfattar omgrepet på denne måten. I motsetnad til offeromgrepet står empowermentperspektivet som blir kopla til aktørskap og subjektivitet. ”To empower” kan omsetjast med å styrka eller å setja i stand til å handla, og her meiner eg det er ein parallel til kvindeforskinga, slik Berg skildra det på 1970-talet: ”Kvinner skal framstå som selvstendige handlende mennesker i samfunnsteori og forskning” (Berg et al. 1977:11). Dette perspektivet har altså vore ein integrert del av arbeidet til kvinnerørsla heilt frå byrjinga, og det er eit nøkkelord når Krisesentersekretariatet skildrar si verksemd, sitt ideologiske grunnlag, og ikkje minst når dei kjem med sine refleksjonar rund offeromgrepet. Empowerment blir kopla til menneskelege eigenskapar som å handla, å velja, å tenkja og vera aktiv i å forma sitt eige liv. Slik eg ser det har omgrepet empowerment mykje av det same meiningshorisonten som omgrepet frigjering hadde for kvinnerørsla på 1970-talet. Informantane understrekar at dei valdsutsette kvinnene er sjølvstendige og handlende individ, men er samtidig opptekne av å kontekstualisera aktørskapet og skildra den situasjonen kvinnene handlar innanfor. Dei meiner at ein må forstå handlingsmogleheitene til dei utsette i lys av eit kjønnsperspektiv med fokus på makt og strukturar, og dermed artikulerer informantane ei klassisk utfordring: å bryta med den dikotome forståinga av aktør/struktur. Det er nettopp i balansegangen mellom aktørskap og strukturar at informantane meiner at utsetteomgrepet er sentralt.

Offer/utsett, passiv/aktiv

Informantane understrekar at krisesentra er tufta på ideen om hjelp til sjølvhjelp, og reflekterer over kva konsekvensar det kan få når hjelpeapparatet ikkje fokuserer på hjelp til sjølvhjelp:

Andre typer institusjoner, som ikke driver med selvhjelp, vil bare opprettholde offerrollen når de sier: "Jeg skal hjelpe deg, jeg skal fylle ut skjemaet for deg, jeg sender det inn for deg, nei ikke tenk på det du, jeg skal betale for deg". Det er sikkert godt ment, men det låser folk i en rolle som gjør at de fortsatt ikke kan handle på egenhånd.

Når dei tilsette i institusjonane ikkje lét dei valdsutsette kvinnene handla på eiga hand, men gjer alt det praktiske for kvenna, så blir ho passivisert, meiner informantane. Då vil kvenna framleis vera avhengig av nokon andre; før var det mannen som mishandla ho, no er det velmeinande profesjonelle innanfor hjelpeapparatet, tilføyjer informantane. På denne måten blir ho verande i offerrolla, ei passiv rolle. Informantane meiner at offeromgrepet har problematiske konnotasjonar til determinisme: "Dette offerbegrepet er veldig deterministisk. Det antyder at det er en rolle, eller nesten en eigenskap. På denne måten blir noen mennesker offer i større grad enn andre". Her sett informantane fokus på eit sentralt poeng. Dei meiner at offeromgrepet refererer til ein eigenskap med individet, ikkje til ein situasjon. Som eg viste i kapittel 1 er det fleire teoretikarar som har kommentert og kritisert akkurat det aspektet ved offeromgrepet. Minow (1993) meiner at "victim talk" baserer seg på ei reduksjonistisk forståing av identitet, der offerstatus blir det viktigaste kjenneteiknet til individet. Høigard (1993:53) meiner at det er problematisk når offeromgrepet blir forstått som ein individuell eigenskap. Det fører til at det framstår som om det er kvenna sjølv det er noko gale med. Eg tolkar informantane slik at dei er kritiske til offeromgrepet fordi dei meiner det blir forstått som ein karakteristikk av individet, og derfor ikkje er eit eigna omgrep til å skildra den *situasjonen* valdsutsette kvinner er i.

Krisesentersekretariatet oppfattar at idealet om sjølvhjelp til dels er særskilt for krisesentra. Dei fortel at dei har erfaring med andre sjølvhjelpsgrupper der dei dyrkar offerrolla, og dette er dei kritiske til: "Hvis man hele tiden kan unnskyilde at alt går til helvete fordi at man kan vise til at man er et offer, da vil jeg påstå at det er

handlingslammende å være et offer”. Slik dei ser det står dette i motsetnad til det kvinnekritiske utgangspunktet som er å gje hjelp til sjølvhjelp og styrke kvinnen til å sjølv koma seg ut av ein undertrykkande situasjon. Offerrolla kan vera handlingslammende, og derfor er det problematisk viss ein ikkje kjem seg ut av denne rolla. For informantane er praktiske gjeremål ein måte å bryta med offerrolla på. Tilsette på krisesenteret kan til dømes følgja kvinnen til sosialkontoret, men ho må snakka sjølv, seier informantane.

Krisesentersekretariatet peikar dessutan på at det dreier seg om å *bli gjort* til offer, snarare enn å gå inn i offerrolla sjølv.

Ikke være passiv kanskje, men det å bli gjort passiv. Det er forskjell på det. Det er ingen som går og setter seg til. Eller det kan godt hende at du går og setter deg til hvis du har blitt fortalt at du ikke kan noen ting i tjue år.

Krisesentersekretariatet avviser offeromgrepet som ei generell nemning på valdsutsette kvinner, fordi det ikkje er tilfelle at alle valdsutsette kvinner per definisjon er passive. Nokre menneske vil i visse situasjoner likevel kunne vera i ei offerrolle, fordi ein blir gjort til offer av nokon andre. Dette har to aspekt: i eit valdeleg forhold kan ei kvinne bli gjort til eit offer av partnaren sin. Viss han stadig fortel ho at ho ikkje dug til noko, så kan det enda opp med at ho trur det sjølv og på denne måten blir ho passivisert. Offerrolla er relatert til handlingane til eit anna menneske, eit menneske ein har ein nær relasjon til. Men offerrolla kan òg vera eit resultat av eller bli vidareført gjennom institusjonelle praksisar. Ei valdsutsett kvinne kan bli passivisert i møte med institusjonar, fordi dei ikkje alltid er opptekne av hjelp til sjølvhjelp. Viss dei som skal hjelpe ho gjer alt for ho i staden for at ho får handla sjølv, så kan ho bli låst i offerrolla. Men det er ikkje berre dei tradisjonelle institusjonane som gjer folk til passive offer. Informantane meiner at enkelte sjølvhjelpsgrupper dyrkar offerrolla i staden for å hjelpe folk vidare. Det valdsutsette kvinnen er altså i utgangspunktet ikkje eit offer. Om ho likevel skulle bli det, så er dette i *relasjon til* mannen, institusjonane eller sjølvhjelpsgruppa. Eg tolkar det slik at informantane på denne måten utfordrar tanken om at offeromgrepet referer til ein identitet eller ein eigenskap med individet. Når dei koplar offerrolla til relasjonar blir

ikkje offeromgrepets statisk eller deterministisk; det er rom for å bryta med eller endra relasjonen.

Offeromgrepet og ulike forståingar av ansvar

Fordeling av ære og verdighet, skuld og ansvar er viktig i eit samfunn, og fordelinga er relatert til makt og til kjønn, klasse og rase, skriv Cecilie Høigård (1993:52) i artikkelen *The victim as expert: active and captive*, der ho drøftar offeromgrepet i relasjon til prostitusjon. Ansvar, ansvarleggjering, skuld og skam var viktige tema i intervjuet med Krisesentersekretariatet. Kven er skuldig, kven bør stillast til ansvar for vald mot kvinner? Ordet ansvar har ulike konnotasjonar i ulike kontekstar, og her vil eg seia noko om korleis informantane tematiserer ansvar i relasjon til offeromgrepet. For det første er Krisesentersekretariatet kritiske til at dei utsette kvinne blir ansvarliggjorte: ”Hele tiden denne ansvarliggjøringen av ofrene”. Informantane trekte fram den offentlege debatten om valdtekst, sommaren 2006, som eit døme:

Nå har denne debatten gått i forhold til alle disse voldtektena i sommer. Det blir til at det er kvinner som må passe seg. Hvorfor gikk du i parken når du vet det er farlig? Hvorfor i all verden gikk dattera mi med magen bar når hun vet at hun kunne bli voldtatt og at hun sender ut seksuelle signaler? Samfunnet har til en hver tid lagt ansvaret på kvinnan. Vi får ”portforbud”. Det er en form for sosial kontroll å si at det er så farlig. Hva er det som gjør at vi kvinner hele tiden blir ansvarliggjort?

Informantane meiner det er eit generelt trekk at kvinner blir pålagt ansvaret for vald og overgrep. Ein del av problemet, jamfør informantane, er at fokuset blir retta mot kvenna sine handlingar, mot måten kvinner ter og kler seg på, og om ho er på ein stad ho ikkje burde vore. Ein rapport frå Likestillingssenteret og Barneombodet har vist at domstolane i valdtektsaker mellom anna legg vekt på korleis kvenna kledder seg når dei skal vurdera truverdet hennar. Kvinner blir til dømes sett på som forførande og dermed medverkande til overgrepet (Grambo 2001:3). I konklusjonen skriv forfattarane: ”Vårt klare ståsted er at kvinner aldri skal stilles til ansvar for overgrep de blir utsatt for” (Grambo 2001:72). På same måte som informantane rettar rapporten kritikk mot tendensen til å ansvarleggjera kvinner for overgrep dei blir utsett for. At ansvaret blir lagt på kvenna er òg vanleg når det gjeld vald i nære relasjonar, meiner informantane. I staden for å retta

fokuset mot dei som slår eller valdtek, så blir fokuset retta mot kvenna og hennar handlingar:

Det er fokus på om hun kommer eller går, eller går tilbake. Det er ikke fokus på at han slår. Oppmerksomheten dreier sakte men sikkert bort fra han som slår. Det er det viktig å være bevisst på. Fordelen med å være en sånn halvt feministisk bråkebøtte er at man kan si ”hei, hei, stopp en halv, når ble dette hennes skyld’ a?”

I denne samanhengen blir fokus og merksemrd synonymt med ansvarleggjering, og ansvar fører med seg skuld. Mi tolking er at det er slike koplingar informantane er kritiske til når dei problematiserer ansvarleggjering. Det faktum at kvinner *kan* gå frå ein valdeleg mann, men ikkje alltid gjer det, bør utforskast, men det bør ikkje vera eit grunnlag for å seia at ho sjølv er årsaka til og har skulda for at ho blir banka, påpeiker Martha Minow (1993:1442). Ein bør ikkje leggja til grunn at eit offer si evne til å velja og handla annleis er synonymt med årsak og skuld. Minow (1993) argumenterer for ei meir kompleks tilnærming. Som eg skreiv i kapittel 1, tolka kvinnerørsla vald i nære relasjonar inn i ei ny ramme. Dei gjorde oppgjer mot at kvinner vart framstilt som provoserande, delaktige og medskuldige i valden (jamfør Ericsson 1993). Eg tolkar kritikken til informantane som eit uttrykk for den kvinnopolitiske tolkingsramma. Ansvarleggjering blir problematisk når det inneber at den utsette kvenna sjølv får skulda.

Skuld/uskuld, aktiv/passiv, subjekt/offer

”Who is to be pitied, and who is to be blamed?”, spør Sharon Lamb (1996:5) i boka *The trouble with blame. Victims, perpetrators and responsibility*. I dei arketyptiske framstillingane er offeret uskulda sjølv og overgriparen vond og skuldig, skriv Lamb. Derfor kan offerstatusen vera ein måte å unngå skuld på: ”Hvis de sier til deg at du er et offer, så fratar de deg skyld”, seier informantane. Men seinare seier informanten: ”Jeg tenker at offerbegrepet henger sammen med skyld”. Dei to sitata viser den potensielle spenninga som ligg i offeromgrepet; på den eine sida kan det vera ein strategi for å unngå skuld, men på den andre sida fører det med seg skuld. Kva ligg bak dette paradokset? Martha Minow drøftar spørsmålet om skuld, ansvar og offerstatus. Ved å gjera krav på offerstatus seier ein at ein ikkje er ansvarleg, ein erklærer seg ikkje skuldig. Implisitt eller eksplisitt seier ein samstundes at nokon andre har skulda (Minow 1993:1429). Problemet er at ein gjerne må passa inn i biletet av det passive og hjelpeause idealofferet for å få

offerstatus. Sjølvstende og handlkraft bryt med dette biletet: "People claiming to be victims are often blamed for their problems, especially if their capacity for choice or their own desires to be treated as responsible agents become apparent" (Minow 1993:1440). Den som bryt med biletet av idealofferet risikerer å mista offerstatusen og dei rettane ein eventuelt måtte ha fått på grunnlag av han (Minow 1993:1432). Å framstå som eit aktivt, handlande subjekt kan resultera i påføring av skuld og skam. Jamfør Berit Ås (1981:42-68) er påføring av skuld og skam ein hersketeknikk. Bruken av hersketeknikkar er relatert til kjønn og makt; det er ein måte å undertrykka kvinner på som heng saman med kvinnens status som objekt (Ås 1981:43).

Det er viktig for Krisesentersekretariatet å unngå at skulda blir lagt på kvinna sjølv. Eg har argumentert for at offerperspektivet kan vera viktig i denne samanhengen. Men informantane vil ikkje nyitta offeromgrepets. Ein av grunnane er at offeromgrepets blir assosiert med passivitet. Eit offer har kanskje ikkje skuld, men heller ikkje kapasitet til å gjera noko med sin eigen situasjon: "Hvis legen sier til deg at du er et offer, og så sier sjukehuset at du er et offer, og så sier sosialkontoret at du er et offer, så fratar de deg skyld, men også muligheten til å gjøre noe med det", seier informant. Dermed blir offeromgrepets negativt, fordi eit offer er passivt og ikkje kan gjera noko med situasjonen ho er i. Offeromgrepets ser ut til å vera kopla til dikotomiar som subjekt/objekt, mann/kvinne, skuld/uskuldig, aktiv/passiv. Men paradoksalt nok er ikkje statusen som passiv og hjelpelaus nokon garanti mot påføring av skuld: "Offer er passivt, og det legger skyld på den som er utsatt", seier informant. Fordi offeret er passivt, er offeret på eit vis skuldig likevel: "Offret får dock inte vara för passivt för då risikeras hennes (eller hans) trovärdighet att ifrågasättas" (Lindgren 2004:34). Den som ikkje gjer motstand, ikkje handlar og ikkje gjer noko med situasjon er ikkje eit truverdig offer. Valdsutsette kvinner kan dermed risikera å bli påført skuld og skam for vald og overgrep enten ho blir oppfatta som (for) aktiv eller (for) passiv. Ho blir fordømt same kva ho gjer. Slik "dobbeltstraff" er ein annan hersketeknikk (Ås 1981:57-62). Problemet med offeromgrepets er at det gjer kvinner til passive objekt, som samstundes kan vera skuldige. I denne samanhengen representerer utsetteomgrepets ei opning til å bryta med dikotomiane: "Offerbegrepet er sverta. Kanskje du er mindre skyld i det sjølv, fordi du er

faktisk utsatt”, seier informanten. Utsett kjem inn som ein motsats til offer, og no er fordelen med utsetteomgrepet at det inneber mindre skuld, men samstundes gjev rom for å vera eit subjekt. Slik informantane ser det er den utsette aktiv og handlande, men ikkje skuldig.

Skuld og skam

”Jeg assosierer offerbegrepet med skyld og skam”, seier den eine informanten. Det er skamfullt å vera eit offer i vår kultur, skriv Sharon Lamb (1999a) i artikkelen *Constructing the Victim. Popular Images and Lasting Labels*. Same kva terapeutane fortel ofra, så vil dei føla at dei har vore svake, og det å vera svak er skamfullt. ”Why is there such a deep felling of humiliation associated with being overpowered or vulnerable or hurt or unable to come to one’s own defense? spør Lamb (1999a:119-120). Graden av skuld og skam kjem an på kva ein er offer for, påpeiker informanten: ”Offer for sultkatastrofe eller tørke er ikke assosiert med samme skyld og skam som offer for menneskehandel”. Naturkatastrofar kan ein ikkje vergja seg mot på same måte, og derfor er det heller ikkje skamfullt å vera offer i denne samanhengen. Anstorp, Torp og Hovland skriv om skuld og skam i boka *Fra skam til verdighet : teologisk og psykologisk arbeid med vold og seksuelle overgrep*. Dei peiker på at ei ekstrem kjensle av skuld og skam er ein vanleg konsekvens av alvorlege krenkingar (Anstorp et al. 2003:100). I så måte vil det nok vera ganske vanleg at valdsutsette kvinner kjenner skuld og skam. Forfattarane koplar skam til offerrolla: ”Skammen bidrar til at den overgrevsutsatte blir værende i en offerrolle” (Anstorp et al. 2003:101). Informantane meiner at det er viktig og mogleg å koma seg ut av offerrolla, og som eit ledd i denne prosessen vil det nok vera viktig å redusera kvinne si kjensle av skuld og skam. ”Det faktum at en har vært eller er utsatt for overgrep, betyr ikke at offerrollen dermed er gitt for hele livet” (Anstorp et al. 2003:105). Skuldkjensle og reell skuld treng ikkje alltid å samsvara. Mange treng å læra om skilnaden på reell skuld og irrasjonell skuldkjensle, skilja mellom påført skuld og påtatt skuld og mellom eige og andre sitt ansvar (Anstorp et al. 2003:119-122). Det kan vera nyttig å gjera eit analytisk skilje mellom juridisk ansvar og skuld i strafferettsleg forstand, og (påføring av) skam og skuldkjensle på den andre sida. Men dei to spørsmåla heng saman: kvinnerørsla kjempa for retten til å vera offer både i moralsk og juridisk forstand (Ericsson 1993:76). Skuld og skam som psykologisk reaksjon, skuld og ansvar som

politisk og juridisk spørsmål og forståingar av skuld, skam og ansvar i offerdiskursen er vevd saman på ein kompleks måte.

Ansvar som sjølvstendig individ og medborgar

Som me har sett er informantane kritiske til ansvarleggjering når det blir kopla til skuld og skam. Ansvarleggjering kan innebera at kvinner blir forventa å kle seg annleis, eller å halda seg inne om kvelden på grunn av faren for valdtek. I andre samanhengar kan det innebera at fokuset blir retta mot kvinna sitt ansvar for å gå frå mannen, i staden for at ein fokuserer på at han faktisk har ansvar for å slutta og slå. Når ansvarleggjering er kopla til skuld og skam blir det problematisk. Men i relasjon til empowermentperspektivet blir ansvar brukt og forstått på ein annan måte:

Når vi snakker om empowerment, så er det at kvinnene er selvstendige og tenkende individer. Når de får innblikk i og forståelse av det de har vært utsatt for og blir bevisst på det, så skal de være med i hele prosessen og ta *ansvaret for sitt eget liv* og være handlende aktører i hele den prosessen

Her handlar det om å ta ansvar for sitt eige liv som eit vakse og sjølvstendig individ. Å ta ansvar for å gjera noko med sin eigen situasjon blir noko positivt og viktig som er relatert til handlekraft og aktørskap, som ein motsats til umyndiggjering og stakkarsleggjering. Å ta ansvar for sitt eige liv er noko informantane koplar til empowermentperspektivet, og i denne konteksten blir ansvar noko positivt.

Informantane snakkar om ansvar i endå ein samanheng. Den eine informanten fortalte om ein gong ho var på ein skule og holdt føredrag om vald mot kvinner:

Jeg var på en ungdomskole og snakka en gang. En av guttene stilte spørsmålet: "Faen, skal vi ta ansvar for all den jaevla volden da?" "Vet du hva", sa jeg, "du stiller faktisk dagens beste spørsmål. Selvfølgelig kan ikke du ta ansvar for det samfunnet som har vært. Men du skal ta ansvar for det samfunnet som du skal være med å videreføre". Og da retta han litt stolt på luia; han var intelligent og hadde kommet med dagens beste spørsmål!

Eleven er i utgangspunktet kritiske til at han skal vera med å ta ansvar for vald mot kvinner. Eg tolkar det slik at eleven oppfattar at ansvar er synonymt med skuld i denne samanhengen; han vil ikkje ta skulda for noko han ikkje har gjort. Informanten understrekar at guten ikkje skal ta ansvar for det som har vore, og med dette seier ho at

han ikkje er skuld i andre sine handlingar. Samstundes kommuniserer informanten at alle medlemmar i eit samfunn har eit generelt politisk ansvar for tilhøva i samfunnet. Dette politiske ansvaret tolkarar eg som ansvar i positiv forstand. Ansvar i denne samanhengen er relatert til medborgarskap. Medborgarskapet handlar mellom anna om retten og plikta til å vera med på å forma det samfunnet ein lever i, det dreier seg om å høyra til og delta i eit samfunn.

Diskusjonane om skuld og ansvar er komplekse fordi omgrepet ansvar blir brukt og forstått på ulike måtar i ulike samanhengar. Drøftinga over viser at det er nyttig å skilja mellom kven og kva ein person får ansvaret for. Det er problematisk viss ei kvinne blir stilt til ansvar for det andre gjer mot ho. Kvinner skal ikkje stillast til ansvar for, eller bli påført skuld og skam, fordi ein mann utøver vald eller overgrep. Men det er viktig at kvinner blir stilt til ansvar for sitt eige liv. Empowerment dreier seg om at kvinner skal vera medviten om og kjenna seg i stand til å ta dette ansvaret. Å ha eit generelt politiske ansvar som medborgar er viktig og positivt. Dette er ei form for ansvar som alle menneske har og bør ha, jamfør informantane. Ansvar og ansvarleggjering er noko negativt når det heng saman med skuld og kontroll, men noko positivt når det er relatert til aktivitet, handlekraft, subjektivitet og medborgarskap. Ansvar har altså ulike konnotasjoner i ulike samanhengar.

Ansvaret for valdsutsette barn

Korleis blir ansvar brukt og forstått når ein snakkar om valdsutsette kvinner og hennar barn? Kven har ansvaret for valdsutsette barn, og kva implikasjonar har dette ansvaret? Informantane er opptekne av situasjonen til barn som opplever vald i familien: ”Vi er veldig positive til at det er kommet mer fokus på barns situasjon. Barn blir utsatt for mye traumer gjennom å være vitne til vold eller selv bli utsatt for vold”. Minst halvparten av dei mennene som utøver vald mot konene sine utøver òg vald mot barna, fortel informantane og viser til ein amerikanske undersøkingar (Hart 2001:1). ”Hensynet til barna er et argument for å bryte voldsmønsteret”, konkluderer informantane. Barna sin situasjon, som utsette og som vitne til vald, er sett på den politiske dagsordenen blant anna gjennom regjeringas handlingsplan *Vold i nære relasjoner* (Justis- og politidepartementet 2005:13-14). Eg tolkar det slik at informantane meiner at samfunnet har eit generelt

ansvar for å trygga valdsutsette barn, og at dei er positive til eit auka fokus på dette ansvaret.

Lov om barneverntjenester av 17. juli 1992 nr 15 (barnevernlova) formaliserer samfunnet sitt ansvar for å trygga barn. Føremålet med lova er ”å sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deres helse og utvikling, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid, [og] bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår”, jamfør § 1. Det er barnevernets hovudoppgåve å arbeida i tråd med dette føremålet. Barnevernet si oppgåve er å gjera det som er best for barna, viss ikkje foreldra maktar å sørgra for dette. For at barnevernet skal kunne ta dette ansvaret, er dei avhengige av informasjon frå andre som gjennom arbeidet sitt får opplysningar om situasjonen til barna (BFD 2005:27), derfor har offentlege myndigheter og ei rekke yrkesgrupper opplysningsplikt, jamfør barnevernlova § 6-4. Krisesenterverksemder er ikkje lovregulerte, med ved lovendring 1. juli 2006 vart opplysningsplikta gjort gjeldande for krisesenter som får økonomisk støtte av det offentlege (BLD 2006). Jamfør barnelova § 6-4 a har krisesentra har plikt til å rapportera til barnevernet når barnevernet ber om det, eller på eige initiativ viss det er grunn til å tru at barnet er utsett for alvorleg omsorgssvikt.

Barnevernet er altså den institusjonen som skal utøva samfunnets ansvar for å trygga barn generelt og valdsutsette barn spesielt. ”Spørsmålet er *hvordan* barnevernet skal gripe inn”, seier informantane, som til dels er kritiske til måten barnevernet grip inn på i høve til valdsutsette barn. Den eine informantanen har jobba mange år på krisesenter og viser til erfaringar frå det arbeidet:

Vi hadde ei som hadde vært på krisesenteret fire ganger. Til slutt klarte hun å gå. Hun hadde bedt barnevernet om hjelp. Likevel kom barnevernet og tok barna fra henne. Hun sloss i tre år og fikk barna tilbake. Men hun ble altså ansvarligjort for fars vold fordi hun ikke gikk fra mannen for å beskytte barnet.

Kva forståing har informantane av ansvar i denne samanhengen? Her er det tydeleg at ansvarleggjering av kvinna blir sett på som problematisk. Informantane viser til at kvinna kan risikera å bli frådømt omsorgsretten til barna sine i staden for at barnevernet gjev kvinna hjelp til å trygga ungane. Derfor meiner informantane at opplysningsplikta kan vera problematisk. Informasjonen frå krisesenteret kan blir brukt mot mora i ei

barnevernssak, og i verste fall kan dette resultera i at ho mistar omsorgsretten.

Opplysningsplikta kan føra til at nokre kvinner ikkje oppsøkjer krisesenteret fordi dei fryktar at barnevernet skal ta ungane frå dei, påpeiker informantane, og då er ikkje kriesentra lengre eit lågterskeltilbod slik dei er meint til å vera, avsluttar Krisesentersekretariatet.

I artikkelen *To skritt fram, ett tilbake, og nye to skritt fram? - Om motstand mot kunnskap om menns vold mot kvinner* skriv Halldis Karen Leira (2002) om korleis kvinner gjerne blir pålagt ansvaret for valden til ektemannen:

Når en kvinne blir banka opp, kan hun få høre at hun skylder seg sjølv. Altså at partnerens atferd er hennes ansvar. Når en mann er farlig aggressiv privat, så kan en representant for barnevernet si at det er moras ansvar å holde mannen unna, ellers tar barnevernet ungen fra henne. Altså er partnerens atferd ikke hans ansvar, ikke barnevernets ansvar, men den spinkle moras ansvar (Leira 2002:46).

Leira meiner at samfunnet på denne måten legg til grunn ei anna forståing av ansvaret i det private rommet enn i det offentlege rommet, der ein kvar vil bli stilt til ansvaret for sine eigne handlingar. Forståinga av ansvaret er og kopla til kjønn; faren har rett til å gjera som han vil, men utan at han har noko ansvaret. Medan mora er utan makt og utan rettar, men likevel får alt ansvaret (Leira 2002:46-52). ”Alt ansvaret ligger på ’det svake kjønn’ som skal være det sterke, handlende kjønn”, seier informantane. Her vil eg trekka ein parallel til den tidlegare diskusjonen om skuld og ansvaret; det ser ut til at kvinner kan ha status som passivt offer, men likevel bli sett på som ansvarleg og skuldig, medan menn har aktør- og subjektstatus utan å måtte stå til ansvaret for eigne handlingar.

Krisesentersekretariatet meiner at barnevernet er med på å reproducera ei slik kjønna forståing av ansvaret og argumenterer for at ansvaret bør ligga på mannen i slike høve:

De burde se både mor og barn som et offer for han som slår. Hvorfor i all verden har de ikke satt inn tiltak for han som slår? Hvorfor bor kvinnen og barna på kriesenter når det er mulig å ilette besøksforbud i eget hjem? Politiet har faktisk anledning til å fjerne han fra hjemmet. Diskusjonen glir, og plutselig er det hun som må forsvare hvorfor hun gikk tilbake, hvorfor hun blir slått og hvorfor hun ikke beskytta barna, hvorfor hun ikke flytter til Sverige, og you name it.

Slik informantane ser det er samfunnet, det vil seia barnevernet og politiet, med på å påleggja kvenna skuld og ansvar for at ho ikkje gjekk frå mannen, når dei heller burde ta ansvar for å hindra mannen i å slå. Informanten understrekar at både kvenna og barna er *offer* i denne samanhengen. Her artikulerer informantane offerstatusen som eit argument mot at kvinner skal bli påført skuld og ansvar for vald, og argumentasjonen har parallel til offerperspektivet som vart fremja av kvinnerørsla på 1970-talet i samband med den tidlege mobiliseringa mot vald mot kvinner. Men viss både kvenna og barna er offer i denne samanhengen, tyder det at kvenna ikkje har ansvar for barna sine? Mellberg (2002) skriv om mødrer til barn som er utsette for seksuelle overgrep. Ho meiner at moderskapsdiskursen krev at kvinner skal ta ansvar for å trygga barn og hindra skade. Mødrer har ansvaret for å trygga ungane mot fare, og viss ho ikkje greier det må ho ta skulda for situasjonen. Dette er med på å byggja opp under ”mother blaming”, som er eit sentralt element i moderskapsdiskursen, jamfør Mellberg. Problemet er at samfunnet gjev kvinnene svært avgrensa mogleger til å ta dette ansvaret (Mellberg 2002:404-415). Jamfør det Mellberg skriv, kan det vera grunn til å spørja kva mogleheit valdsutsette kvinner i realiteten har til å ta ansvar for og trygga seg sjølv og barna sine mot vald. Eg tolkar informantane slik at dei argumerterer for at barnevernet og andre institusjonar bør hjelpe kvinnene til å kunna ta ansvar for barna sine.

Informantane meiner at barnevernet fokuserer for mykje på samarbeid mellom foreldra i saker der far utøver vald:

Informant: Barnevernet vil megle, nøytralisere og tone ned volden i forhold til andre perspektiver.

Intervjuar: Kva slags perspektiver då for eksempel?

Informant: Ja, samarbeidet. Barnevernet brukte mye tid på tiltak som kunne opprettholde volden”, siterer informantane frå ein rapport av Judith von der Vele.

Jamfør *Lov om barn og foreldre* av 8. april 1981 nr 2 (barnelova) har barn rett til samvær med begge foreldra. Kan samværsretten i nokre høve blir eit hinder for å verna ungane mot vald? Informantane meiner at samværsretten kan vera problematiske i valdssaker. Fedrar skal sjølvsagt ha rett til samvær med ungane, det er viktig, meiner informantane. Men ein valdeleg far er ingen god far. Kristen Skjørten skriv om konkurrerande rettar i boka *Lov og rett mot familievold*. Ho meiner at barns rett til omsorg og vern mot vald og

fare (barnelova § 44) kan stå i konflikt med samværsretten (barnelova § 30) (Skjørten 2002:128-134). Dei siste åra har det vore eit auka fokus på samværsretten, og politiet er tilbakehaldne med å ilegga besøksforbod når paret har felles barn (Skjørten 2002:129). Skjørten meiner at ein må vera merksam på faren for at menn presser kvenna til å halda fram med samlivet ved å truga med at han skal gjera alt for å få omsorgsretten ved samlivsbrot (Skjørten 2002:130). ”Frykten for å miste omsorgen for barna kan føre til at kvinner blir værende i voldsforhold svært lenge” (Skjørten og Paul 2001 sitert i Skjørten 2002:131). Resultatet av dei institusjonelle ordningane på feltet er at kvenna blir ansvarleggjort, utan at ho har reelle mogleheter til å ta ansvar for seg sjølv og barna sine. Slik eg forstår informantane er det dei ordningane dei utfordrar, ikkje det at kvenna har ansvaret i relasjonane til barna.

Ståstad og offerstatus

Ulike institusjonar har forskjellig fokus i høve til kor dei plasserer ansvar og kven dei tillegg offerstatus. Barnevernet sitt fokus er retta mot barn fordi det er barna som er ofra ut frå deira perspektiv. Foreldre, både mora og faren, har ansvaret for å trygga barna mot vald eller omsorgssvikt. Barnet har offerstatus og derfor krav på vern. Informantane meiner at barnevernet sitt perspektiv nokre gonger kan kollidere med det kvinnepolitiske perspektivet: ”Barnevernet setter barn i fokus, og noen ganger kommer det i konflikt med det kvinnepolitiske perspektivet, rett og slett fordi politikken innenfor kvinnebevegelsen er at kvinnene skal være i fokus”, meiner informantane. Informantane kastar lys over den vanskelege situasjonen valdsutsette kvinner kan hamna i når dei blir møtt med mange og gjerne motstridande krav. Dei blir møtte med krav om samarbeid med barnefaren fordi barna har rett til samvær med begge foreldra. Dette kan vera med på å forsterka kjønnsroller og normer som inneber at kvinner har ansvaret for å halda familien saman. Det er nettopp slike normer som kan gjera det så vanskeleg for valdsutsette kvinner å gå frå mannen, meiner informantane. Statistikken viser dessutan at kvinner med barn, i større grad enn dei utan barn, reiser heim til overgripar etter eit opphold på kriesenter (Lien and Nørgaard 2006:3). Omsynet til barna og familien er ofte mykje av grunnen til at kvenna går tilbake til mannen, meiner informantane. På bakgrunn av dette meiner informantane at opplysningsplikta *kan* vera problematisk.

Informantane understrekar at både kvenna og barna har *offerstatus*, men ser det som si oppgåve å setja kvennene i fokus. Menn har ansvaret, kvenna og barna skal ha vern og stønad. Frå ståstad til barnevernet er det først og fremst barna som har offerstatus, og dei fokuserer på maktforholdet mellom barn og vaksne. Krisesenterørsla sprang ut ifrå den nye kvennerørsla, og dei fokuserte på maktforholdet mellom menn og kvenner i samfunnet og sette mishandling i samanheng med dette. Krisesentersekretariatet fokuserer på maktforholdet mellom kjønna. Ståstad har konsekvensar for kva maktforhold ein fokuserer på, og dermed kva type tiltak og løysingar ein ser som mest formålsteneleg. "Assessments of blame and responsibility (...) reflect particular interests and perspectives of observers engaged in a political process" (Minow 1993:1441). Minow meiner at skuld og ansvar er eit politisk spørsmål, og kva synspunkt ein endar opp med kjem an på kva perspektiv ein legg til grunn og kven sine interesser ein representerer. Det er nettopp dette poenget eg meiner blir tydeleg i analysen av intervjuet med Krisesentersekretariatet.

Ulike institusjonar har ulike perspektiv på ansvar og offerstatus, men dei ulike institusjonane må relatera seg til kvarandre. Vald i nære relasjonar, som involverer både menn, kvenner og barn, er komplekse situasjonar å relatera seg til både for barnevernet og kriesentra. Når barn er inne i biletet dreier det seg ikkje berre om valdsutsett og valdsutøvar. Biletet blir meir komplekst. Det ville vore interessant å undersøkja nærare korleis kriesentra og barnevernet relaterer seg til kvarandre, men av omsyn til omfanget av denne oppgåva må eg la det spørsmålet ligga. I mange av handlingsplanane og dokumenta om vald mot kvenner snakkar ein om valdsutsette kvenner og barn i same ordelag. Krisesentersekretariatet meiner at fokuset på barn av og til kan kollidere med det kvennepolitiske perspektivet og understrekar med dette at kvenner og barn ikkje er éi gruppe. Kvennerørsla har vore oppteken av å kritisera framstillingar av kvenner som passive, avhengige og svake objekt, som er sidestilte med barn og ikkje har status som fullverdig borgar (Davidson 2005:13). I denne samanhengen har det vorte retta kritikk mot offerperspektivet. Martha Minow (1993:1442-1443) peiker på at det er ein tendens til å sjå på skuld og ansvar som eit spørsmål om alt eller ingenting og argumenterer for ei meir kompleks tilnærming. Ingen personar er berre offer eller utelukkande passive.

Problemet med dualismar som mann/kvinne, vaksen/barn, overgripar/offer, ansvar/uskuld etc., er at dikotomisk tenking ikkje gjev rom for komplekse situasjonar. Kvinner som er offer for vald er aldri ansvarlege for valden menn utøver, men samstundes har ho ansvar for seg sjølv og eventuelle barn. Ho er både offer og aktør på ein og same tid. Derfor er ikkje offeromgrepet dekkande som identitetskategori, men ordet kan peika på nokre apsekt ved den situasjonen valdsutsette kvinner kan vera i. Utfordringa ligg i å utvikla institusjonelle ordningar som tek høgde for dette. Kvinner må få vern og stønad, men samstundes få reelle moglegheiter til å ta ansvar for seg sjølv og barna sine.

Kartlegging – krisesentra og institusjonell etnografi

Smith skildrar institusjonell etnografi som ein kartleggingsprosess. Kartlegginga skal ta utgangspunkt i den kunnskapen folk sjølv har om sin situasjon, men samtidig skal kartet visa oss ting som ikkje er fullt ut synleg for oss i kvardagen (Smith 2005:11, 29, 51). Slik eg forstår Krisesentersekretariatet, er det liknande ideal som ligg til grunn for krisesentra sitt arbeid med valdsutsette kvinner. Det er altså ein interessant parallel mellom institusjonell etnografi og krisesentra sitt arbeid med valdsutsette kvinner.²⁴

Krisesentersekretariatet skildrar den rolla hjelparen bør ha og viser til dokumentet *Hjelperens rolle - i arbeidet med voldsutsatte kvinner og deres barn* (Berntsen 2005). Samtalen er ein reiskap for å kartleggja situasjonen kvenna er i, fortel informanten: ”Gjennom samtalen får man kartlagt hva det er hun har vært utsatt for”. Ein trygg stad å vera og nokon å snakka med er viktig: ” Trygghet, omsorg og gyldiggjøring er tre viktige elementer”. Når ei kvenne kjem til eit krisesenter er det viktig at ho får gyldiggjort erfaringane sine gjennom samtalar med hjelparen. Ho skal få innblikk i og forstå kva ho har vore utsett for og kva konsekvensar det har. Det er viktig å forstå prosessen i eit valdeleg forhold. Hjelparen skal lytta, gje råd og praktisk hjelp. På sikt er målet at kvenna ikkje skal ha bruk for hjelp meir, fortel informantane. Derfor er krisesentra opptekne av hjelp til sjølvhjelp.

Krisesentersekretariatet kritiserer dei andre institusjonar for å passivisera dei valdsutsette kvennene: ”Det er jo det som ofte skjer i institusjoner. Institusjonens lover og regler og alt

²⁴ Takk til Karin Widerberg som gjorde meg merksam på denne parallellen (Rettleiing 20. november 2006).

som institusjonen har vedtatt blir gjeldende og kvinnene blir passive”. Jamfør Smith er det dette som kjenneteiknar institusjonar: individuelle erfaringar blir tolka og formalisert på ein slik måte at dei passer inn i institusjonelle kategoriar, som ikkje nødvendigvis samsvarer med erfaringane. Gjennom skjema og kategoriar kan behova til klienten bestemmast ”objektivt”, og det er berre på bakgrunn av objektive behov at institusjonane kan tilby hjelp (Smith 2005:187-191). Men resultatet er at dei det gjeld blir framandgjort frå heile prosessen. Informantane skildrar ein annan arbeidsmåte. Med utgangspunkt i kvinna sine eigne erfaringar og opplevingar skal hjelparen vera med på å synleggjera prosessar og mekanismar i eit valdeleg forhold. Denne kunnskapen skal kvinna sjølv kunne bruka for å koma seg ut av situasjonen. Ein viktig del av den hjelpa kriesentra kan tilby, er å hjelpa kvinnene med å finna fram i det institusjonelle landsskapet slik at kvinnene kan nyta seg av dei velferdsordningane og offentlege hjelpetiltaka som eksisterer (Morken and Selle 1995:181). Dette inneber ei slags kartlegging av det institusjonelle landsskapet og nettopp kartlegging av institusjonar er eit sentralt poeng i institusjonell etnografi. Målet med forskinga skal vera å finna ut korleis institusjonar og institusjonelle prosessar fungerer (Smith 2005:51). Smith (2005 kapittel 2) understrekar at erfaringane frå kvinnerørsla har vore viktig for hennar akademiske prosjekt. Dette er ho ikkje åleine om. Banda mellom kvinnerørsla og kvindeforskings har vore tette (Halsaa 2004). På bakgrunn av dette er det kanskje ikkje så overraskande at det er parallellar mellom arbeidsmåtane til kriesentra og Smith, men det er likevel ein interessant parallel.

Minoritar og marginalisering

I byrjinga var kriesentra ein stad ein kunne koma og snakka om kva ein hadde vore utsett for: ”Før var tanken at bare kvinnene fikk kommet til kriesentrene og fortalt sin historie, så hadde de tatt tilbake makta over livet sitt”. I dag legg kriesentra større vekt på praktisk oppfølging og reetablering enn det dei gjorde før, seier Kriesentersekretariatet. ”Det vi har sett når det gjelder minoritetskvinner, er at vi ofte har måttet følge henne opp i en reetableringsfase. De er ikke så gode til å orientere seg i samfunnet, og kan kanskje ikke så mye norsk”. Kriesentersekretariatet peikar på korleis valdsutsette minoritetskvinner kan vera i ein ekstra sårbar situasjon på grunn av språkproblem og fordi dei i større grad lever isolert frå samfunnet. Mange har bruk for

ganske omfattande praktisk hjelp til å finna seg ein stad å bu, skaffa pengar og arbeid og ikkje minst etablera eit sosialt nettverk. Dei fortel om eit prosjekt på Oslo Krisesenter som retta seg mot kvinner som hadde levd svært isolert. Nokre hadde aldri hatt eigen mobiltelefon, aldri hatt eigen bankkonto eller aldri vore i kontakt med eit einaste offentleg kontor på eiga hand. Prosjektet omfatta hovudsakeleg ikkje-norske, fortel informantane, men òg norske kvinner som hadde levd isolert. Nokre av kriesentra har eigne prosjekt: ”frå kriesenter til nærmiljø”. Det dreier seg om å følgja opp kvinnene i lengre tid, fortel informantane, derfor har òg talet på dagbrukarar auka.

Informantane har peika på at nokre minoritetskvinner har levd svært isolert frå samfunnet. I ein slik situasjon treng ein meir oppfølging og hjelp til reetablering. Eit rundskriv frå Barne- og Familidepartementet pålegg kriesentra å ha eit særleg fokus på minoritetskvinner (BFD 2004). Men informantane understrekar at det ikkje berre er minoritetskvinner som blir utsette for kontroll og isolasjon. Mange valdsutsette kvinner fortel at det er vanskeleg å gå frå mannen på grunn av frykta for å leva i fattigdom, fortel Krisesentersekretariatet. Informantane koplar behovet for praktisk hjelp til minoritetsposisjon, men understrekar at marginalisering òg kan ha andre årsaker. Eit spørsmål som det kunne vore interessant å utforska nærmare i denne samanhengen, er korleis hjelpebehovet er relatert til klasse. Sharareh Akhavan og Carina Bildt (2006) har studert helse og arbeidsliv i lys av kjønn, klasse og etnisitet og konkluderer med at klasseaspektet kan ha vel så mykje å seia som etnisk bakgrunn (Akhavan and Bildt 2006:306). Klasseperspektivet kan vera viktig i høve til vald i nære relasjoner. Partnarvald førekjem i alle sosiale lag, men det er ikkje einstydande med at sosial lagdeling er irrelevant, påpeiker Skjørten: ”Kunnskap om kvinnemishandling tyder på at kvinnens sosioøkonomiske posisjon er av betydning for mulighetene til å bryte ut av et voldelig samliv” (Skjørten 2004:73). De los Reyes og Mulinari (2005) understrekar at det er naudsynt å undersøkja korleis kjønn, klasse og rase samspeler, jamfør eit interseksjonalitetsperspektiv. Når eg likevel ikkje vil gå nærmare inn på spørsmålet om klasse i høve til offeromgrepet, er det fordi eg er nøydd til å avgrensa omfanget av denne oppgåva.

Rasialisering, stigmatisering og reproduksjon av offerperspektivet

Det er fleire kvinner med minoritetsbakgrunn på kriesentra no enn det var før²⁵. Dette er noko Krisesentersekretariatet peikar på og eit spørsmål som vart drøfta på konferansen til MiRA-senteret. Men informantane er kritiske til det dei meiner er ”etnifisering” av valden:

Informant: Man skal ikke etnifisere.

Intervjuar: Kva meiner du med etnifisering?

Informant: Det er så deilig å ha noen hakkekylninger. Hege Storhaug for eksempel, er svært opptatt av å snakke om at så stor andel av kvinnene på kriesentrene har minoritetsbakgrunn. Men hun nevner ikke at 1/3 er gift med etnisk norske menn. Når vi snakker om vold mot etnisk norske, så er det et individproblem, men når vi snakker om vold mot minoritetskvinner, så er det et gruppeproblem. Men de kvinnene som er på kriesentrene, de er der av samme grunn.

Det er viktig å vera klar over at ein stor del av minoritetskvinnene på kriesentra blir mishandla av etnisk norsk menn, meiner informantane. Elles kan folk lett koma til å tru at vald mot kvinner er eit problem som berre gjeld minoritetsgruppene. Informantane meiner at vald blir forstått som eit individproblem når det gjeld majoriteten, og eit gruppeproblem når det gjeld minoritetane. I artikkelen *Medieprisme på vold mot kvinner* skriv Kristin Skjørten (2005) om korleis vald mot kvinner blir framstilt og diskutert i media. Medan ”ærerdrap”, kopla til kultur, vekkjer prinsipiell debatt, blir ”familietragediar” forstått som eit individualpsykologisk fenomen og knapt omtalt i det heile. Dermed blir vald kopla til utanlandske menn, og vald frå majoritetsmenn blir ikkje tematisert. Presseoppslaga er med på å ”rasifisera” valden (Skjørten 2005:18). Kjønna og rasifiserte/etnifiserte prosessar er vevde saman. Medan minoritetsmenn blir framstilt som valdelege blir minoritetskvinner framstilt som stakkarslege og svake: ”Media er med på å skape dette biletet av minoritetskvinner som ofre for et patriarkalsk system. Det høres jo ut som de ikke er handlende aktører i sitt eget liv”, påpeiker informantane. ”Offerbegrepet kan bidra til å stakkarsliggjøre en gruppe. Da har du satt deg selv over andre”, seier den eine informanten. Anne-Jorunn Berg (2004) skriv om reproduksjon av

²⁵ I 2005 var 51 % av brukarane på kriesentra av utanlands opphav. Dette er ei auking på 3 prosentpoeng frå 2004 og 19 prosentpoeng samanlikna med 2001. 32 prosent av dei utanlandske brukarane fortalte at overgriparen var norsk (Lien and Nørgaard 2006). Kva som kan vera grunnen til auke i talet på minoritetskvinner på sentra, sa ikkje informantane noko om i intervjuet.

kategoriar i artikkelen *Taus forlegenhet? Rasialisering, hvithet og minnearbeid*. Ho skriv om eit prosjekt der dei undersøkte kategorien ”innvandrarkvinne”, og fortel at stakkarsleggjering var eit sentralt tema hos informantane (Berg 2004:80). ”Et sentralt majoritetsbilde er et bildet av innvandrerkvinne som ei det er synd på, stakkars; et offer” (Berg 2004:69). Krisesentersekretariatet er kritiske til slike offerkonstruksjonar av minoritetskvinner og understrekar at likestillingsskampen ikkje berre må handla om likestilling mellom kjønna, men og om andre ulikskapsdimensjonar, til dømes ”å være svart i et hvitt samfunn”. Men det er ikkje alle minoritetskvinner som blir framstilt som offer:

Informant: Det er jo mange perspektiver. Kommer du fra Pakistan så er det synd på deg. Mens russiske kvinner i Nord-Norge gjerne blir assosiert med kriminelle miljøer.

Intervjuar: Dei er det ikkje synd på?

Informant: Nei, de er det ikke synd på. For når debatten går om kvinner med minoritetsbakgrunn, så er de fra Sør. Ikke kvinner fra Russland. Det er kanskje litt mer synd på kvinner fra de Baltiske landene. For de veit vi ikke så mye om.

Framstillinga av minoritetskvinner er ikkje eintydig. Russiske kvinner i Noreg møter heilt andre stereotyper enn kvinner frå Søraust-Asia. Kva har stereotype idear om etnisitet og landbakgrunn å seia i møtet med det norske samfunnet generelt og eventuelt hjelpeapparat spesielt? I kapittel 3 vil eg undersøkja dette nærmare, med utgangspunkt i forvaltningspraksis i UDI. Dessutan er det ikkje berre språkproblem og manglende kjennskap til det norske samfunnet som gjer at minoritetskvinner kan vera i ein ekstra utsett situasjon, seier informantane. Norsk lovgjeving og forvaltningspraksis i mishandlingssaker gjer at utanlandske kvinner må få meir vald enn norske kvinner, seier informantane og viser til den såkalla treårsregelen²⁶. Norske myndigheter er meir opptekne av å redusera innvandringa enn av likestilling, meiner informantane. Tilhøvet mellom likestilling og immigrasjonspolitikk, er eit spørsmål eg kjem tilbake til i kapittel 3.

Krisesentersekretariatet ønskjer å fokusera på valden som eit *felles* problem som kanskje krev *ulike* tiltak ut ifrå situasjon:

²⁶ Sjå fotnote 22 for forklaring av treårsregelen.

Hvis vi kunne fokuserer på at volden har mange likhetstrekk, men at behovene og tiltakene og hjelpa kan være forskjellig, så har man liksom satt en felles forståelse i bunn for ulike tiltak. I stedet for å gjøre det til to forskjellige problem som krever to forskjellige tiltak. Sånn at utgangspunktet for diskusjonen og fokuset ikke lager skeivheter.

Likestilling handlar ikkje alltid om å handsama alle likt, meiner Krisesentersekretariatet. Anne- Jorunn Berg (2004:81) understrekar òg dette poenget; ein kan ikkje sjå vekk i frå hierarki og over- og underordning mellom minoritet og majoritet. Utfordinga er å finna gode metodar for å ta vare på de demokratiske intensjonane som ligg i ønsket om å hjelpa andre, men samstundes unngå stakkarsleggjering.

På den eine sida er Krisesentersekretariatet kritiske til at minoritetskvinner blir framstilt som hjelpeause offer. Men på den andre sida meiner dei at kvinner med minoritetsbakgrunn ofte vil vera i ein meir sårbar situasjon og ha bruk for meir hjelp og støtte for å greia seg i det norske samfunnet. Her ligg det ei potensiell spenning i informantane si forteljing om minoritetskvinner. Informantane kritiserer offeromgrepet, men samstundes kan ein spørja om Krisesentersekretariatet sjølv er med på å reprodusera offerdiskursen. Kor går grensa mellom stigmatisering og reproduksjona av stereotypiar og det å snakka om faktiske skilnader i sosial posisjon og ressursar? Kan diskursane skildra røynda slik ho faktisk er? Dette dilemmaet har parallellear til ein debatt mellom Susanne Fabricius og Kari Wærnness om verdighetsforskning kontra elendeforskning: ”Jeg kan ikke forfalske virkeligheden for at leve opp til kvinnepolitisk krav [om verdighetsforskning] (...) Jeg forsøger at arbeide hen imod en ’virkelighetdforskning’, som verken betragter kvinder over en kam som ’elendige’ eller ’verdige’, men som individer, hvis aktionsradius og selvforståelse er utsikt for den sociale og historiske virkelighet, som de levede/lever i” (Fabricius and Wærnness 1979:16). Det ser ut til at kvinnekampen så vel som kvindeforskning og kvinnekamp, då som no, inneber nokre spenningar og dilemma. Det alltid vera ein fare for å reprodusera dei diskursane ein kritiserer. Nokre gonger kan offeromgrepet vera eit nyttig omgrep som skildrar ein faktisk situasjon, andre gonger kan det fungera som ein stigmatiserande karakteristikk av eit individ eller ei gruppe. Det vil ofte vera usemje om kvar grensa går mellom skildring og stigmatisering. Eg meiner at informantane tydeleggjer at offerperspektivet skildrar

situasjonen til nokre minoritetskvinner. Dei unngår å nytta offeromgrepet som ein karakteristikk av minoritetsgrupper generelt. I kapittel 4 vil eg koma tilbake til spørsmålet om reproduksjon av offerdiskursen.

Kapittel 3: Offeromgrepet og institusjonelle ordningar – offerkravet i utlendingspraksis

Kartlegging steg for steg

Institusjonelle etnografar veit kva problematikk dei vil kasta lys over, men berre steg for steg kan dei finna ut kven dei treng å intervju og kva tekstar og diskursar som vil vera relevant å undersøkja. Utvalsprosessen er open, derfor er ikkje alltid informantane valt ut på forehand. Men ein stegvis prosess tyder ikkje at utvalet er tilfeldig (DeVault and McCoy 2006:20-33). Gradvis tok eg til å nysta opp trådane i offerproblematikken. Eg starta med å intervju Kriesentersekretariatet og observera på konferansen til MiRA-Senteret. Medan eg arbeida med dette, gjorde eg funn som leda meg vidare i forskingsprosessen. Eg fann ut at treårsregelen (sjå note 22) er relevant for situasjonen til ein del valdsutsette minoritetskvinner, nærmere bestemt utanlandske kvinner som kjem til Noreg gjennom familiesameining.²⁷ Advokaten på konferansen til MiRA-Senteret snakka om treårsregelen, og meinte at utlendingsregelverket på området inneber eit ”offerkrav”. Kva meinte ho med det? Eg bestemte meg for å undersøkja dette nærmare. Derfor tok eg kontakt med advokaten som snakka på konferansen til MiRA-senteret og gjorde avtale om intervju. Dette kapitlet tek utgangspunkt i intervjuet med den nemnde advokaten, med fokus på hennar arbeid og erfaring med utanlandske kvinner som søker om fornya opphaldsløyve i Noreg etter utlendingsforskrifta § 37 sjette ledd.²⁸ I tillegg analyserer eg eit utval tekstar, mellom anna saksvedtak etter den nemnte paragrafen. Føremålet med dette kapitlet er å visa kva rolle offeromgrepet speler i institusjonell praksis. Som eit ledd i dette prosjektet har eg kartlagt institusjonelle prosessar, med omsyn på å visa korleis tekstar regulerer og styrer arbeidet til informanten og dei tilsette i Utlendingsdirektoratet. I kapittel 1 skreiv eg om korleis Griffith (2006) undersøkte åleineforelderdiskursen, og eg trekte parallelar til mi eiga undersøking av offerdiskursen. Jamfør dette vil eg fokusera

²⁷ Den problematikken eg diskuterer i dette kapitlet gjeld ikkje for alle minoritetskvinner, men for utanlandske kvinner som har vore relativt kort tid i Noreg. Derfor kan ”utanlandsk” vera ei meir presis nemning i denne samanhengen. Kategoriar som innvandrar og utlending er ikkje uproblematiske. Orda kan fungera stigmatiserande og reproduksjonen tanken om at nokre grupper menneske ”ikkje høyrer til”. Eg har vald å bruka nemninga utanlandske kvinner fordi problematikken gjeld kvinner som er definert som utlendingar, jamfør utlendingslova.

²⁸ Eg forklarer innhaldet i utlendingsforskrifta § 37 sjette ledd seinare i dette kapitlet, på side 65. Sjå dessutan fotnote 22 i kapittel 2.

på den identifikasjons- og differensieringsprosessen som fører til at nokre kvinner får opphaldsløyve i Noreg etter utlendingsforskrifta § 37 sjette ledd, og andre ikkje. I kva grad inneber den prosessen å identifisera ofra?

Intervjuet

Intervjuet med advokaten er utgangspunktet for kartlegginga, og eg har innhenta informert samtykke frå ho. Eg var ute etter informasjon om institusjonelle ordningar og praksisar, ikkje informasjon om informanten. Intervjuet inneheldt derfor ingen sensitive personopplysningar om informanten. Lovtekstar og lovformuleringar dannar grunnlaget for heile den problematikken som treårsregelen representerer, og desse spelte ei sentral rolle i sjølve intervjuet med advokaten. Det er komplisert å forstå samanhengane mellom dei ulike paragrafane og kva implikasjonar dei har i praksis. Det har vore ein del arbeid å få oversikt over dei lovtekstane ho refererte til. Bandopptaket og det transkriberte intervjuet har vore til stor hjelp i analysearbeidet, fordi eg på denne måten kunne lesa og analysera intervjuet i samanheng med andre tekstar. DeVault og McCoy (2006:29-40) peiker på at transkribering kan vera viktig, nettopp fordi det gjer det mogleg å gå fram og tilbake mellom intervjuet, slik at opplysningane gjev mening på ein heilt annan måte enn det gjorde i utgangspunktet. Målet er å gje ei analytisk framstilling av korleis erfaring skjer på grunnlag av institusjonelle prosessar (DeVault and McCoy 2006:20). Advokaten trekte fram nokre vedtak frå Utlendingsdirektoratet (UDI) og Utledingsnemnda (UNE)²⁹. Informanten og eg las og analyserte UDI-vedtaka under intervjuet. DeVault og McCoy (2006:36) meiner at dette kan vera ein effektiv måte å strukturera eit intervju på; ein kan leggja opp til ein konkret diskusjon om det som står i teksten og korleis informanten jobbar med han. Dei konkrete vedtaka me diskuterte er typiske døme på saker etter § 37 sjette ledd: ”Den er et skoleksempel den der altså”, sa informanten då ho gav meg ein kopi av dei to vedtaka.

²⁹ UDI er den sentrale etaten i utlendingsforvaltninga, og håndskamar søknader om mellom anna visum, opphaldsløyve, arbeidsløyve, statsborgarskap og asyl. UNE er administrativt underlagt Arbeids- og inkluderingsdepartementet (AID) og behandler klager på Utlendingsdirektoratets (UDI) vedtak etter reglane i utlendingsloven, utlendingsforskrifta. og statsborgarloven (UDI 2006a; UDI 2006b; UNE 2006b)

Å inkorporera tekstar i den etnografiske analysen

Dorothy Smith (2005 kapittel 8 og 9) meiner at tekstanalyse bør vera ein sentral del av etnografisk praksis, fordi tekstar samordnar arbeid og handling på tvers av tid og stad. Tekstanalyse gjer det mogleg å utforska institusjonelle ordningar etnografisk. Ein kan gjera analysar som strekk seg ut over det lokale og vise korleis det institusjonelle er til stades i livet og kvarldagen til folk (Smith 2006a:65). Kunnskapen folk har om sitt daglege arbeid, i kombinasjon med tekstanalyse, kan gje oss viktig informasjon om korleis styringsrelasjonar koordinerer lokale hendingar på tvers av tid og rom (Smith 2005:170). Derfor valde eg å inkorporera eit utval tekstar i den etnografiske analysen. Med utgangspunkt i Smith (2006a:79-86) har eg valt å gjera eit analytisk skilje mellom regulerande tekstar (regulatory texts) og underordna tekstar (subordinate texts). Dei underordna tekstane er dei konkrete saksvedtaka, dei regulerande tekstane er lover, forskrifter, rundskriv og andre styrande dokument.

I tillegg til dei to vedtaka eg fekk frå advokaten under intervjuet, har eg analysert vedtak frå praksisbasen til UNE. Vedtak frå UDI og UNE er i utgangspunktet unntatt det offentlege av omsyn til klagaren, men på nettsidene til UNE finst det ein anonymisert praksisbase med samandrag av saksvedtak (sjå Utlandersnemnda 2007). Eit sok på utlendingsforskrifta § 37 sjette ledd gav 46 treff. Dei to vedtaka frå advokaten og dei 46 sakene frå praksisbasen³⁰ er ein del av det empiriske grunnlaget for analysen min, i tillegg til intervjuet. Vedtak frå UDI og UNE inneheld sensitive opplysningar om tredjeperson. Praksisbasen er anonymisert av UNE. Vedtaka eg fekk frå advokaten har eg anonymisert slik at det ikkje er mogleg å identifisera personane det gjeld. Utvalet, innhenting av opplysningar og bruk av denne informasjon er godkjent av Norsk Samfunnsvitenskapelig Datatjeneste. Det tekstutvalet eg har analysert er ikkje statistisk representativt og kan derfor ikkje generaliserast i klassisk forstand. Praksisbasen er ikkje eit presedensregister, og vedtaka er derfor ikkje retningsgjevande for framtidig praksis (2007a). Derfor har eg ikkje kategorisert sakene med tanke på å seia noko generelt om *utfallet* i slike saker. Eg har lese og analysert vedtaka på jakt etter generelle trekk ved handsamingsprosessen, og for å visa korleis lovverket og dei institusjonelle kategoriane blir brukt og tolka i praksis.

³⁰ Når eg siterer frå praksisbasen refererer eg det referansenummeret som UNE har merka saka med.

Eg har undersøkt kva for prosedyrar og kategoriar som gjer at ein kan avvisa/godkjenna søknader om fornya opphaldsløyve etter utlendingsforskrifta § 37 sjette ledd. Intervjuet har gjeve retning til analysearbeidet; informanten viste meg kva det var relevant å sjå etter og korleis eg kunne forstå og tolka vedtaka. Vedtaka tener som døme og illustrasjonar på kva offerproblematikken kan innebera innanfor eit institusjonelt rammeverk.

Regulerande tekstar (regulatory texts) er tekstar som styrer og koordinerer andre tekstar: "Higher-order texts regulate and standardize texts that enter directly into the organization of work in multiple local settings" (Smith 2006a:79). Dei mest sentrale regulerande tekstane har eg handsama som ein del av det empiriske materialet. Dei aktuelle tekstane er *lov om utlendingers adgang til riket og deres opphold her* av 24. juni 1988 nr 64 (utlendingslova), *forskrift om utlendingers adgang til riket og deres opphold her* av 21. desember 1990 nr 1028 (utlendingsforskrifta) og *retningslinjer for behandling av saker som gjelder ny oppholdstillatelse for utenlandske kvinner etter samlivsbrudd - utlendingsforskriften §§ 21 femte ledd, jf § 37 sjette ledd*, rundskriv³¹ 02-117 frå Utlendingsdirektoratet (UDI 2002). I tillegg vil eg nemna *Endring i rundskriv G-73-96 - retningslinjer for fri rettshjelp i utlendingssaker* (Justisdepartementet 2000) og *lov om behandlingsmåten i forvaltingssaker* av 10. februar 1967 (forvaltningslova) som kan karakteriserast som ein regulerande tekst på feltet. Som forvaltningsorgan må dei som arbeider UDI og UNE svara rette seg etter forvaltningslova, men ei nærmare analyse av den lova er utanfor rammene for denne oppgåva. Alle dei regulerande tekstane eg har nemnt her inngår i og koordinerer søknadsprosessen eg skildrar på side 69 og 71.

Kan kartlegginga seia oss noko generelt?

Saksvedtaka eg har analysert kan som sagt ikkje generaliserast i klassisk forstand, men eg vil likevel argumentera for at analysane av desse sakene kan peika på noko generelt. For det første er vedtaka styrte av og utforma i tråd med dei same regulerande tekstane. Alle vedtak tek utgangspunkt i det same rettsgrunnlaget, nemleg lovar, forskrifter og rundskriv, og følgjer dei same generelle prosedyrane. I eit konkret saksvedtak går det

³¹ Vidare i teksten vil eg omtala dette dokumentet som rundskrivet, utan å spesifisera namnet kvar gong.

fram kva rettsgrunnlag vedtaket er tufta på, og korleis søknadsprosessane går føre seg generelt. Smith (2005:42) skriv om generalisering i kvalitativ metode og peikar på at det som kjenneteiknar samfunnet i dag er at det lokale er vevd inn i translokale relasjonar og blir koordinert og generalisert gjennom tekstar og styringsrelasjonar. Det generelle er til stades i det partikulære og det lokale. Dei underordna tekstane (saksvedtaka) kan kasta lys over generelle trekk ved sakshandsamingsprosessen, fordi det generelle kjem til syne i det konkrete. For det andre understreka informanten at dei vedtaka me diskuterte kunne illustrera generelle trekk ved denne typen saker. Informanten sine vurderingar baserer seg på hennar erfaringar som advokat gjennom 20 år. Det er rimeleg å ta utgangspunkt i at informanten, gjennom omfattande praksis på feltet, har kjennskap til generelle trekk ved utlendingsforvaltninga, vedtaka og dei institusjonelle prosessane. For det tredje vil eg kopla mine eigne analysar til den eksisterande kunnskapen på feltet, då særleg rapporten *Transnasjonale serieekteskap. Art, omgang og kompleksitet* av Hilde Lidén (Lidén 2005). Rapporten er mellom anna basert på ein gjennomgang av 85 saksmapper som gjeld søknader om opphold etter utlendingsforskrifta § 37 sjette ledd. Spesialoppgåva *Utenlandske kvinner oppholdstillatelse* (Pervaiz 2003) frå det juridiske fakultetet og artikkelen *Mishandlet utenlandsk kvinne – trygg i Norge?* (Ljoså 2001) er anna relevant litteratur.

Treårsregelen og valdsutsette minoritetskvinner

Kva er problemet med offeromgrepet? Informanten meiner at forvaltningspraksis i høve til utlendingsforskrifta § 37 sjette ledd inneber eit *offerkrav*. For å forstå kva rolle offerdiskursen spelar i denne samanhengen, er det naudsynt med eit innblikk i dei institusjonelle ordningane informanten referer til. Å kartleggja regelverket og søknadsprosessane har derfor vore ein sentral del av analysen. Ein person som giftar seg med ein norsk statsborgar, eller ein utanlandsk person med busettingsløyve i Noreg, har rett til opphaldsløyve i Noreg på grunnlag av ekteskapet, dersom visse vilkår er oppfylt (Pervaiz 2003:24-27). Dette er regulert i utlendingslova § 9 og utlendingsforskrifta § 22. Opphold for familiemedlemmar blir kalla *aksessorisk* opphaldsløyve (Lidén 2005:14). Løyvet blir godkjent for eitt år om gongen, og ein må søkja om fornying seinast éin månad før det gamle går ut. Ved separasjon eller skilsmisse vil grunnlaget for det aksessoriske løyvet falla vekk. Som hovudregel vil personen då ikkje få fornya

oppahaldsløyvet. Etter tre år (derav treårsreglen) med oppahaldsløyve i landet, kan personen søkja busettingsløyve³² på sjølvstendig grunnlag, jamfør utelendingslova § 12 første ledd. Utlendingsstyresmaktene gav i 2005 i overkant av 13 000 førstegongs familieinnvandringsløyve. Litt over halvparten av alle familieinnvandringsløyva vart gjevne på bakgrunn av at ektefelle, sambuar eller partnar bur i Noreg. Blant personar over 18 år var 74 prosent av dei som fekk familieinnvandringsløyve kvinner (Utlendingsdirektoratet 2005:9-10). Tilbakekalling av oppahaldsløyve på grunn av ekteskapsbrot vil derfor vera ein problematikk som vil kunne gjelda for fleire kvinner enn menn. *Kontaktutvalget mellom innvandrere og myndighetene* har peika på at treårsregelen derfor fungerer kvinnediskriminerande (KIM 1995:15).

Allereie på 70-talet sette minoritetskvinnerørsla fokus på dette problematiske trekk ved treårsregelen³³. Lovverket gjer at den juridiske statusen til kvinner er avhengig av ektemannen, og dei risikerer å mista oppahaldsløyvet i Noreg ved ei eventuell skilsmisse. Dette er spesielt problematisk for kvinner som opplever vald i samlivsforholdet. Trugsmålet om å bli kasta ut av landet gjer at valdsutsette minoritetskvinner vil kunne oppleva å kjenna seg nøydde til å bli verande i eit valdeleg ekteskap(Salimi 2004:21-22). Trugsmålet om å oppløysa ekteskapet før det er gått tre år, vil dessutan vera ein maktfaktor for den norske ektefellen (Lidén 2005:14). Politisk mobilisering og debatt rundt dette spørsmålet førte til at departementet, i eit rundskriv frå 1984, fastslo at kvinner kan få opphold på sjølvstendig grunnlag. Sidan den gongen har det skjedd fleire endringar i lovar, forskrifter, rundskriv og praksis på området (sjå Pervaiz 2003:30-36 for ein gjennomgang av utvikling av og endringar i lovverket på feltet). I dag har utanlandske kvinner som opplever mishandling i parforholdet, rett på sjølvstendig opphold etter utlendingsforskrifta § 37 sjette ledd andre alternativ.

³² For å kunne søkja om busettingsløyve (BOS), må ein fylla bestemte vilkår. Frå og med 1. september 2005 må alle som skal søkja om busetting dokumentera 300 timer opplæring i norsk og samfunnskunnskap (IMDI 2005), jamfør utlendingslova § 12 første ledd. Det er eit vilkår at personen har hatt oppahaldsløyvet på same grunnlag i alle dei tre åra. Viss personen har hatt opphold på ulike grunnlag, t.d. først som student og deretter som familiemedlem, så kan ein ikkje leggja saman tidsrommet for dei ulike løyva (Pervaiz 2003:23). Søknadsprosessen tek omlag eitt år, jamfør min informant. I praksis vil ein gjerne ha budd i landet lengre enn tre år før ein får BOS.

³³ Sjå Patel (2002) om feministisk og antirasistisk mobilisering mot tilsvarande lovverk i Storbritannia.

Moglegheita til å få opphald på sjølvstendig grunnlag før det er gått tre år, er grunnleggjande for kvinnenes rettstryggleik (Lidén 2005:21). Utlendingslova § 37 sjette ledd er den viktigaste paragrafen som kan gje sjølvstendig opphald³⁴. Paragrafen gjeld berre for personar som søker om fornya opphaldsløyve. Det er eit vilkår at personen først hadde opphaldsløyve på grunnlag av familiesameining. Ein kan søker om opphald etter utlendingsforskrifta § 37 sjette ledd på to ulike vilkår³⁵. Ei kvinne *kan* få opphaldsløyve viss ho vil få urimelege vanskar i heimlandet på grunn av dei sosiale og kulturelle tilhøva der, jamfør alternativ éin i regelen. Viss kvinnen eller barna er utsett for mishandling i samlivsforholdet, *skal* ho få sjølvstendig opphaldsløyve i Noreg etter eit samlivsbrot, jamfør alternativ to. Eg har valt å fokusera på alternativ to, fordi dette er mest relevant i høve til offerproblematikken, men eg vil òg gå inn på det første vilkåret i paragrafen. Tidlegare var utlendingslova § 37 sjette ledd berre for kvinner og hennar barn. Etter ei klage til likestillingsombodet vart paragrafen òg gjort gjeldande for menn, både i ekteskap og partnarskap (Lidén 2005:14-15).

Analyseverktøy

Korleis kan ein gjera ein etnografisk analyse av tekst? Smith skisserer to komplementære forskingsstrategiar for tekstanalyse. Den eine går ut på å kartleggja intertekstuell hierarki. Den andre inneber å visa korleis tekstar koordinerer handlingssekvensar (Smith 2006a:65-69). Tekstar står i eit hierarkisk tilhøve til kvarandre; merk likevel at intertekstuelt hierarki ikkje berre dreier seg om posisjon, men viser til at tekstane står i relasjon til kvarandre (Smith 2005:187). Av dei rettskjeldene eg har analysert, er det lova som står høgast i hierarkiet. Deretter kjem forskriftene og til slutt rundskriva³⁶ (Bertnes and Kongshavn 1999). Lova står over forskrifta, og forskrifta over rundskrivet, men det er rundskrivet som spesifiserer korleis forskrifta og lova skal lesast, tolkast og brukast.

³⁴ Det finst andre reglar som kan gje grunnlag for opphald. Jamfør utlendingslova § 8 andre ledd, jf. forskrifta § 21 femte ledd har ein utanlandske person rett på opphald dersom det føreligg ”sterke menneskelige hensyn” eller ”særlig tilknytning til riket” (Pervaiz 2003:7). Dei paragrafane kan og vera relevante i saker der ein påberoper mishandling, men eg vil ikkje gå nærmare inn på dette i denn oppgåva.

³⁵ § 37 sjette ledd blir gjerne omtalt som ”mishandlingsbestemmelsen” eller ”mishandlingsparagrafen”. Tone Ljoså har peika på at det er misvisande å kalla den for ”mishandlingsbestemmelsen”, fordi paragrafen i heilskap har to vilkår der berre det eine gjeld mishandling. Men det er mishandlingsdelen av paragrafen som har stått i fokus i den offentlege debatten (Pervaiz 2003:6).

³⁶ Rettskjeldelæra definerer tilhøvet mellom dei ulike rettskjeldene. Å gjera greie for rettskjeldelæra er utanfor rammene for denne oppgåva. Poenget er at lovtekstar, forskrifter og rundskriv er eit døme på slike teksthierarki som Smith skildrar.

Forskrifta etablerer formaliserte kategoriar som dei konkrete sakene må passa inn i, og rundskrivet spesifiserer desse kategoriane. Dei tekstvedtaka som forvaltninga produserer må vera i tråd med dei regulerande tekstane som etablerer rammene for korleis dei underordna tekstane er utforma: ”(...) texts at one level that establish the frames and concepts that control texts at lower levels and, inversely, of text at lower levels that are fitted to the frames and concepts of higher order texts” (Smith 2005:212). Ei sak må kunne tolkast og handterast av UDI med utgangspunkt i kategoriane definert av gjeldande lover og reglar. Å søkja om opphaldsløyve inneber at dei individuelle erfaringane og den partikulære historia til ei enkelt kvinne må presenterast som eit tilfelle av dei generelle formuleringane i lovverket. For at noko skal kunne gjerast, må framstillinga må vera i tråd med den institusjonelle diskursen: ”[T]he formalized and authorized categories to which people’s actualities are fitted by those working at the front line are the only means by which those actualities can be made actionable” (Smith 2005:188). Det er forvaltninga si oppgåve å vurdera om ein person skal få opphold i Noreg. Vurderinga er dei nøydde til å gjera på bakgrunn av dei institusjonelle kategoriane som er etablert på førehand gjennom lovverket, forskrifta og rundskrivet. Ei kvinne må oppfylla vilkåra i paragrafen for at UDI skal godkjenna søknaden om opphaldsløyve. Smith meiner at teksthierarki og institusjonelle kategoriar er generelle trekk ved institusjonelle diskursar. Den juridiske diskursen illustrerer desse poenga svært tydeleg. Lovtekstane er hierarkisk organiserte og individua må passa inn i dei institusjonelle kategoriane for at lovverket skal kunne takast i bruk.

Smith understrekar at tekstar ikkje kan analyserast lausrive frå korleis dei intervenerer i og er ein del av ein handlingssekvens. Tekstlesing og tekstproduksjon er handlingar som skjer i tid og rom (Smith 2006a:67). Å lesa tekstar, å arbeida med og produsera tekstar er ein viktig del av arbeidet til advokatar og i forvaltninga. Korleis skjer denne tekstlege koordineringa i praksis? Arbeidet med å produsera eit vedtak i utlendingsforvaltninga er gjerne ein komplisert prosess som inneber koordinering av arbeidet til ulike menneske innanfor eit institusjonelt rammeverk. Saksvedtaka er ein institusjonell representasjon av faktiske hendingar: ”People’s actualities become a resource on which work is done to extract formalized and highly restricted representations” (Smith 2005:186). Informanten

gav meg informasjon om korleis eit vedtaksdokument frå UDI inngår i og er eit produkt av ein handlingssekvens. Det er ikkje alltid mogleg å snakka med alle som tek del i slik sekvens, men med utgangspunkt i ein tekst kan ein finna ut ganske mykje om handlingssekvensen (Smith 2006a:72). Kartlegging av handsamingsprosessen i UDI har vore ein viktig del av arbeidet med oppgåva, og er gjort på grunnlag av intervjuet, saksvedtaka og dei regulerande tekstane. Her vil eg skissera to relevante handlingssekvensar. I analysane vidare i dette kapitlet viser eg kva rolle offeromgrepet speler i dei institusjonelle prosessane som handlingssekvensen utgjer.

Handlingssekvens 1: Å søkja om opphald etter § 37 sjette ledd


Den eine handlingssekvensen gjeld den omfattande prosessen det kan vera å søkja om fornya arbeids- og opphaldsløyve etter utlendingsforskrifta § 37 sjette ledd (sjå tabell side 71). Denne sekvensen byrjar med at kvinnen sender inn ein søknad, og blir avslutta med eit endeleg vedtak frå forvaltninga. I rundskrivet står det om søknadsprosessen og saksførebuinga (UDI 2002 punkt II 2). Søknaden skal sendast til UDI via politiet. Politiet er det førebuande organet som skriv rapport i saka. Dei innkallar kvinnen til å avleggja forklaring og leggja fram dokumentasjon. Politiet sender saka til UDI der dei tilsette handsamar saka i tråd med dei regulerande tekstane, og produserer eit skriftleg vedtak som dei sender til klienten via politiet. Viss søknaden blir godkjent vil handlingssekvensen stoppa her. Ved avslag på søknaden har kvinnen høve til å klaga på vedtaket, innan klagefristen. Jamfør *Endring i rundskriv G-73-96 - retningslinjer for fri rettshjelp i utlendingssaker* (Justisdepartementet 2000), bør kvinnen få fritt rettsråd ved avslag på søknad om opphold etter § 37 sjette ledd. Rettsrådet vil gjerne munna ut i ei klage på vedtaket frå UDI, utforma i tråd med dei regulerande tekstane. Klaga blir sendt til UDI, via politiet, og UDI vurderer saka på nytt. Då vil iverksettinga av vedtaket bli utsett til saka er endeleg avgjort. Viss klaga her blir teke til følgje, vil handlingssekvensen endaF her, i det kvinnen får opphaldsløyve. Viss UDI ikkje endrar vedtaket, blir saka sendt til UNE med kommentarar frå UDI (Pervaiz 2003:22; UNE 2006a). UNE tek utgangspunkt i vedtaket frå UDI, men viss utgreiinga frå direktoratet ikkje er tilstrekkeleg vil saka kunne bli sendt tilbake dit. UNE opererer med fire ulike avgjerdsnivå: sekretariatet, nemndleiar, nemndmøte eller stornemnd. Søkjær kan få høve til å stilla i nemndmøtet og stornemnd. Først vil UNE ta stilling til på kva avgjerdsnivå saka skal

handsamast (UNE 2007b). Så handsamar dei saka og gjer eit endeleg vedtak. Politiet vil få tilsendt ein kopi av vedtaket, og dersom det ender med endeleg avslag vil dei fastsetja frist for utreise. Viss kvinna ikkje reiser ut innan fristen, vil politiet kunne visa ho bort frå landet på grunnlag av manglande opphaldsløyve. Blir klaga blir teke til følgje, vil kvinna få opphaldsløyve i Noreg for eitt år. Viss ho søker om nytt løyve innan ein månad før det gamle går ut, har ho krav på opphold etter dei same vilkåra som det førre. Etter tre år med samanhengande opphaldsløyve på same grunnlag, vil ho kunne søkja om busettingsløyve i landet (sjå fotnote 32).

Handlingssekvens 2: Å melda vald i nære relasjonar til politiet

Den andre handlingssekvensen dreier seg om prosessen ei kvinne går gjennom viss ho bryt ut frå eit valdeleg forhold. Dette var eit viktig tema i intervjuet med Krisesentersekretariatet, (sjå kapittel 2). Den handlingssekvensen kjem *før* ein eventuell søknad om opphold etter § 37 sjette ledd, og *kan* innebera at kvinna melder mannen til politiet for vald. Poenget her er at den handlingssekvensen kjem til syne i vedtaka frå UDI/UNE, der partane, forholdet og samlivsbrotet blir skildra som ei forklaring på vedtaket. Jamfør rundskrivet (UDI 2002:4) kan t.d. politimeldingar, legeattestar eller rapportar frå krisesenter eller psykolog tena som dokumentasjon i ein søknad om opphold etter utlendingsforskrifta § 37 sjette ledd. I fleire av dei vedtaka eg har analysert, blir det referert til politimeldingar og politirapportar. Etterforsking og politirapportar er regulert av og utforma i tråd med *straffelov* av 22. mai 1902 nr 10 (straffelova) og *lov om rettergangsmåten i straffesaker* av 22. mai 1981 nr 25 (straffeprosesslova), som er å rekna som sentrale regulerande tekstar i denne handlingssekvensen. Ein nærare gjennomgang av dei regulerande tekstane i den handlingssekvensen er utanfor rammene for denne oppgåva, men eit viktig poeng i denne samanhengen er at straffelova har andre beviskrav enn forvaltningslova. Innsikt i dei to handlingssekvensane og prosessane dei referer til dannar grunnlaget for å forstå kva kontekst offerproblematikken utspeler seg i.

Grafisk framstilling av handlingssekvens: Søknad om opphaldsløyve



For oversikt over regulerande tekstar, sjå side 64. Den grafiske framstillinga av denne handlingssekvensen er inspirert av figurar og diagram i *Institutional Ethnography as Practice* (Smith 2006a:67, 80, 85; Turner 2006:147).

Analyse av tekst og intervju: Offerkravet i utlendingspraksis

Advokaten var invitert på konferansen til MiRA-senteret for å snakka om kva konsekvensar treårsregelen har for valdsutsette minoritetskvinner. Treårsregelen er framleis eit aktuelt politisk spørsmål, fordi mishandlingsvilkåret i utlendingsforskrifta § 37 sjette ledd ikkje gjev eit godt nok vern, jamfør advokaten. Informanten peikte på fleire problematiske sider ved regelverket og forvaltningspraksis; ei av dei var *offerkravet*. På konferansen hevda advokaten at regelverket på feltet inneber eit ”offerkrav”. I løp av intervjuet utdjupa informanten kva ho meinte med dette, og i analysane har eg gjort ei vidare undersøking av offerkravet og dei institusjonelle kategoriane som dei regulerande tekstane etablerer. ”Mishandling” er den mest sentrale kategorien i denne samanhengen. Viss ein person oppfyller mishandlingsvilkåret har ho krav på opphold etter utlendingsforskrifta § 37 sjette ledd, andre alternativ. Rundskrivet (UDI 2002) spesifiserer kva som skal reknast som mishandling:

Hva som kan betegnes som mishandling, beror på en helhetsvurdering. (...) Hendelsene må ha ført til at kvinnens livskvalitet har blitt redusert. Skaden kan være av fysisk eller psykisk art eller en kombinasjon av begge (UDI 2002 punkt II B).

Å setja skade som føresetnad for opphold var det informanten karakteriserte som eit *offerkrav*. ”Skade” og ”redusert livskvalitet” er kategoriar som spesifiserer kva som kan reknast som mishandling. Det er vilkår som må vera oppfylt for at ein skal kunna snakka om mishandling etter forskrifta § 37 sjette ledd. Kva andre vilkår må vera oppfylt for at kvinna skal få opphold? Er offeromgrepet berre relatert til skade og redusert livskvalitet, eller kan offerkravet knytast til andre aspekt ved regelverket og handsamingsprosessen? Kva rolle speler offerdiskursar i forståinga av mishandlingsvilkåret? Før eg går nærare inn på offerkravet, vil eg seja litt om kva som er føresetnadene for å nytta seg av regelverket. For det første må ei kvinne, eller personar som kan hjelpe ho, kjenna til utlendingsforskrifta § 37 sjette ledd for at ho skal ha nytte av denne regelen. I neste omgang må kvinna sannsynleggjera at ho har vore utsett for vald. Deretter vil UDI vurdera om det ho har vore utsett for kan kategoriseras som mishandling i følgje forskrifta.

Kjennskap til regelverket

Informanten peikar på at mange minoritetskvinner mishandlingsparagrafen kunne vore relevant for, manglar kjennskap til han:

For å kunne benytte seg av en rettighet, må man kjenne til den. Det er helt elementær rettsosologi. Det er point one. Denne bestemmelsen i § 37 sjette ledd er gravg godt ned i en forskrift, og presisert av et rundskriv. Den er veldig vanskelig å finne. Man må være ganske god på nettet for å greie å grave fram det rundskrivet. Det betyr at det antall kvinner som ville hatt rettigheter etter bestemmelsene sånn som de er i dag, sjeldan vil benytte seg av det.

Kommunikasjon av lovstoff er ein naudsynt føresetnad for at lover skal virka slik dei er tenkt. Som informanten peikar på, er dette eit grunnleggande rettsosologisk poeng.

Fleire undersøkingar viser at kjennskapen til lover ofte er mangefull, sjølv hos dei gruppene det gjeld (Mathiesen 2005:77-78). Informanten meiner at det i høgste grad er tilfelle for § 37 sjette ledd. Kven er det som manglar kjennskap til regelverket? Ein kan sjå føre seg at dette gjeld valdsutsette minoritetskvinner sjølv, men òg politiet, hjelpeapparatet og juristar. UDI fører ikkje statistikk over talet på kvinner som mister opphaldsløyvet etter samlivsbrot med ektefelle i Noreg, og som returnerer til heimlandet (Pervaiz 2003:5). Det kan derfor vera vanskeleg å seia noko om kor mange det er som ikkje veit at det finst moglegheiter for å få opphold på sjølvstendig grunnlag. Spørsmålet er om dei utanlandske kvinnene som ikkje sjølv kjenner til regelverket, vil ha rimeleg moglegheit til å koma i kontakt andre som kan tenkast å ha kjennskap til mishandlingsregelen. Informanten fortel at dei fleste som kjem til ho, kjem frå krisesenteret i byen. Derfor er det rimeleg å tru at det lokale krisesenteret har kjennskap til mishandlingsregelen.

Er utlendingsforskrifta § 37 sjette ledd godt kjent blant juristar og advokatar?

Informanten meiner det er problematisk at regelen er plassert i utlendingsforskrifta og ikkje i lova, fordi det gjer han vanskelegare å finna. Dette er eit døme på kva tyding teksthierarkiet har. Under intervjuet brukte informanten ein del tid på å ringa til UDI for å få informasjon om dei relevante rettskjeldene. Dette kan tyda på at rettskjeldene er vanskeleg tilgjengeleg, sjølv for personar med juridisk kompetanse. Rapporten *Fanget mellom lov og liv* (Madsen et al. 2005:65-66) konkluderte med at advokatar ofte prøver å

hjelpa kvinnene med å visa til andre paragrafar enn 37 sjette ledd. Dette kan handla om at juristar ikkje har god nok kjennskap til paragrafen. Det kan òg vera at advokatane kjenner til både paragrafen og praksis på feltet, òg vurderer det slik at sjansane er små for å få opphald. Informanten meiner det siste kan vera tilfelle. Dessutan meiner ho at handsaminga av regelverket i praksis har blitt strengare dei siste åra:

Når man i praksis har skjerpet kravene til opphold på det grunnlaget [37 sjette ledd], så vil det få ringvirkninger for de som kjenner til bestemmelsen, at den ikke er noe å basere seg på.

Informanten meiner at praksis på dette feltet har vorte strengare. Dette poenget kjem eg tilbake til. Madsen et al. (2005:65-66) stiller seg spørjande til om mishandlingsregelen verkar slik han er meint dersom advokatane ser seg nøydde til å nytta andre lover. I Danmark er det i snitt 45 slike saker i året, sjølv om det kjem om lag 850 valdsramma minoritetskvinner til krisesentra i året. Forfattarane meiner det er grunn til å tru at talet på søknader derfor er kunstig lågt (Madsen et al. 2005:66). Manglande kjennskap til paragrafen kan føra til at han ikkje blir nytta av dei kvinnene det kunne vore aktuelt for ikkje nyttar seg av han.

Eit siste spørsmål relatert til kommunikasjon av lovstoff, er korleis ein skal spreia informasjon om regelverket til dei aktuelle gruppene. Lidén (2005:131) slår fast at det er eit behov for å gje kvinner som kjem til Noreg gjennom familiesameining, betre kjennskap til dei rettane dei har. Informanten fortel om ein sakshandsamar i UDI som er uroa over konsekvensane av at det finst informasjon om § 37 sjette ledd på nettet i Ukraina. Sakshandsamaren tolka dette som eit teikn på at kvinner prøver å utnytta loven for å få opphald i Noreg:

Hun [saksbehandleren i UDI] bruker som eksempel at opplysning om den bestemmelsen [§ 37 sjette ledd] ligger ute på nettet i Ukraina. Ut fra et kvinneperspektiv må man jo være hoppende glad for at kvinner faktisk kan vite om den bestemmelsen før de kommer hit, men i UDI-regi så er det da tvert i mot et argument for at disse kvinnene misbruker denne bestemmelsen.

Frå informantens ståstad er det påfallande at UDI ser på informasjon om § 37 sjette ledd som et problem i dette tilfellet. Men frå eit styringsperspektiv er det naudsynt å sikra seg mot at regelverket blir utnytta, og av immigrasjonspolitiske omsyn ser ein seg nøydd

til å avgrensa talet på godkjende søknader om opphaldsløyve. Kva rolle speler offerdiskursar for regulering av immigrasjon? Dette vil eg gå nærare inn på seinare i kapitlet (side 94).

Sannsynleggjering - truverd og dokumentasjon

”Mishandling” er som sagt ein sentral kategori i dei institusjonelle ordningane eg drøftar her. ”Sannsynliggjøring” er å rekna som ein annan viktig vurderingskategori: ”For at en tillatelse etter forskriften § 37 sjette ledd, annet alternativ skal gis, må mishandlingen *sannsynliggjøres*” (UDI 2002punkt II B 1, mi kursivering). Det er UDI som vurderer om det er sannsynleg at kvinna har vore utsett for mishandling. I rundskrivet står det at kvinna si forklaring skal leggjast til grunn for vurderinga, og at det som hovudregel ikkje skal stillast krav om dokumentasjon. Undersøkingar kan tyda på at utlendingsmyndigheita i praksis krev dokumentasjon av kvinna si forklaring:

Men praksis viser, at kravene til dokumentation af volden gør det svært for kvindene at håndhæve de rettigheder til ophold på basis av volden (...) Derfor er kvinderne langt fra sikre på at få opholdstilladelse i Norden til trods for, at lovene til at sikre dette formelt tilsyneladende er på plads i alle tre lande (Madsen et al. 2005:6).

Rundskrivet slår fast at UDI kan krevja at kvinna dokumenterer forklaringa si ”dersom det foreligger opplysninger fra andre som taler i motsatt retning”. I tvilstilfelle kan UDI innhenta fråsegn frå ektemannen, som kan ”bidra til å avdekke om påstanden om mishandlingen er riktig eller ikke” (UDI 2002 punkt II B 2). Etter rundskrivet er det heimel for å ikkje legga kvinna si forklaring til grunn viss ”det foreligger klare holdepunkter for å anta at denne ikke er riktig” (UDI 2002 punkt II B 1). Kva må til for at utlendingsstyremaktene skal vurdera mishandlinga som ”sannsynleggjort”?

I det eine vedtaket eg fekk tilgang til av advokaten, avslo UDI søknad om sjølvstendig opphaldsløyve fordi klagaren ikkje hadde sannsynleggjort mishandling. På side 70 viste eg at saksdokument frå ei straffesak kan tena som dokumentasjon i søknadsprosessen. Dette var tilfelle i denne saka; UDI tok utgangspunkt i rapportar frå politietterforskinga, då kvinna melde ektemannen til politiet for vald. UDI viser til mannen si politiforklaring og til vitneforklarings. I vedtaket frå UDI kjem det fram at ektemannen hevda at han

ikkje slo kvenna ("søker"), men heldt ho fast så ikkje ho skulle slå han. Vitna, som er eit vennepar av ektemannen, fortalte at dei ikkje oppfattar mistenkte som valdeleg. Saka vart lagt bort av politiet. UDI meinte at dei derfor ikkje kunne leggja kvenna si forklaring til grunn i saka. Informanten siterer og kommenterer vedtaket frå UDI:

Informant: Så er det de motstridende forklaringene her. Det er ikke uvanlig. "Mannen selv forklarer at han måtte holde søker fast for å roe henne". Han "måtte legge henne i gulvet i selvforsvar". Så han erkjenner jo at han har knocka henne ned. Dette er politiforklaringene. Mistenkte i norsk rett kan ljuge så mye han vil. Det er fullstendig lov. Han kan ikke bli tatt for mened. Og sånn må det være, ellers vil du ikke ha mulighet til å kunne forklare deg. Men det må du ta hensyn til når du skal vurdere troverdighet i forhold til en forvaltningssak.

Intervjuar: Men her legg dei til grunn hans forklaring?

Informant: Ja, de gjør det. Søker forklarer at ektefellen etter en krangel skulle ha dyttet henne og deretter slått og sparket henne vilt. Mannen hevder i avhøret at han ikke slo henne, men at det var en heftig krangel, og at han nok har dyttet henne. I følge legerapporten har hun merker etter slag, og to ribben er brukket. Blåmerker og dokumentasjon alle veier. Det er ikke snakk om at hun ikke har vært skada. "I denne saken er det klare holdepunkter som tilsier at søkers forklaring om de to nevnte episodene og samlivet forøvrig ikke kan legges til grunn". Og det er ganske fantastisk med de skadene hun hadde, og han hadde ingen.

Informanten meiner det er problematisk at forklaringa til ektemannen blir lagt til grunn for forvaltningsvedtaket. Søkjaren kan dokumentera skade, men UDI legg til grunn at skaden er eit resultat av ein krangel, ikkje mishandling. Informanten meiner at det er urimeleg å leggja forklaringa til mistenkte i ei straffesak til grunn i ei forvaltningssak, fordi mistenkte ikkje kan straffast for å forklara seg usant. Ho er kritisk til den funksjonen dokumenta frå straffesaka får som dokumentasjon i søknadsprosessen. Forvaltningslova og straffelova/straffeprosesslova stiller ulike krav til prosedyrar og prov. Dette meiner informanten at forvaltninga ikkje tek tilstrekkeleg omsyn til.

Materialet frå praksisbasen til UNE inneheld fleire døme på at kvenna si forklaring ikkje blir lagt til grunn for vedtaket. I ei sak der nemnda kjem fram til at kvenna si forklaring ikkje kan leggjast til grunn, står det:

Det ble vist til at anførslene først ble fremsatt etter avslag på arbeidstillatelse, samt at det ikke var gitt forklaring på årsaken til at anførslene ikke ble fremmet på et tidligere tidspunkt. (...) Det påberopte var dessuten ikke underbygget av

legeerklæring, anmeldelser og lignende” (Utlendingsnemnda 2007 340103836203:81).

Det at kvinnen først fremja påstand om mishandling i klagen på UDI sitt vedtak, og ikkje då ho først fremja søknad om fornya opphaldsløyve, er ein av grunnane til at nemnda ikkje vurderer mishandling som sannsynleggjort. UNE meiner at opplysningane burde ha kome fram på eit tidlegare tidspunkt i søknadsprosessen, og saknar dessutan dokumentasjon. I ei anna sak fant nemnda at dei ikkje kunne leggja kvinnen si forklaring til grunn på grunn av inkonsistens i forklaringane i politirapporten og i nemndmøtet. Saka vart ikkje teke til følgje. Kvinnen blir vurdert i heile søknadsprosessen, og det er viktig at det ho fortel på dei ulike tidspunkta i handlingssekvensen (sjå side 71) samsvarer. I ei anna sak blir søkeren si forklaring sett opp i mot forklaringa til den tidlegare ektefellen, som nektar for valden.

Hun har fortalt lite konkret og detaljert om de enkelte hendelsene. Disse forholdene, sammenholdt med den tidligere ektemannens anførsler [og fordi] hun forklarte seg videre vagt og lite utdypende og engasjert om mishandlingen tilsa etter nemndas vurdering at klagerens anførsler om mishandling ikke var tilstrekkelig sannsynleggjort. (...) (Utlendingsnemnda 2007 340800770103:80).

I denne saka er det fleire grunnar til at nemnda ikkje ser mishandling som sannsynleggjort. For det første meiner dei at kvinnen har fortalt lite konkret og detaljert om hendingane. For det andre stemmer ikkje det kvinnen har fortalt med opplysningar frå ektemannen. For det tredje vurderer nemnda *måten* kvinnen har forklart seg på som ”lite engasjert”.

Forklaringa til kvinnen bør altså helst vera uttømmande, fullstendig, detaljert og engasjert frå første stund i søknadsprosessen. Viss kvinnen kjem med nye opplysningar om mishandling og vald i klagen, som ho ikkje har fremja i første omgang, ser det ut til å ha negative konsekvensar for om ho blir vurdert som truverdig. Ljoså (2001) har undersøkt forvaltningspraksis i høve til utlendingsforskrifta § 37 sjette ledd og gjer liknande vurderingar: ”Hovudinntrykket mitt er at det som i størst grad påvirker sakenes utfall, er om mishandlingen blir påberopt og konkret beskrevet tidlig i saken” (Ljoså 2001:58). Viss nemnda i utgangspunktet finn grunn til å tvila på kvinnen, kan dei innhenta opplysningar frå ektefellen, jamfør rundskrivet (UDI 2002 punkt B 2). Viss ektemannen

får uttala seg i saka, og nektar for valden, vil dette kunne svekka truverdet hennar ytterlegare. Ljoså konkluderer med at kravet til sannsynleggjering blir heva markant i dei sakene der dei finn grunn til å tvila på kvinna si forklaring: ”Mitt inntrykk er at det i disse sakene reelt sett stilles krav om en kvalifisert grad av sannsynlighetsovervekt for at kvinnen anses å ha blitt mishandlet (Ljoså 2001:59). Krava til dokumentasjon og sannsynleggjering er vilkår som må oppfyllast for at kvinna skal få status som ”mishandla”. ”Lite engasjert” forklaring, manglande samsvar med tidlegare forklaringar, motstridane opplysningar frå ektemannen og manglande dokumentasjon kan tena som argument mot at tilhøva blir kategorisert som ”sannsynleggjorte”. Eg tolkar det slik at nemnda stiller bestemte krav til korleis søkeren bør forklara seg, og korleis ho bør relatera seg til søknadsprosessen, og at dette har konsekvensar for om ho får offerstatus og dermed opphaldsløyve.

Mishandling: skade og redusert livskvalitet

For å bli rekna som mishandla, må ein kunne visa til skade og redusert livskvalitet, fortel informanten. Som eg har vore inne på tidlegare er det dette ho karakteriserer som eit offerkrav. Akkurat kva som blir definert som skade og redusert livskvalitet er veldig uklårt, meiner informanten. Sjukmelding, at kvinna har vore hos psykolog eller har diagnosen depresjon kan brukast som dokumentasjon for at livskvaliteten er redusert, fortel informanten. Viss ikkje kan ein få ei fråsegn frå kriesenteret, men det er ofte ikkje nok, seier advokaten.

Intervjuar: Men då er kriesenteret nøydde til å visa at personen har fått varige psykiske eller fysiske skader?

Informant: Ja. Så beskriver de [kriesenteret] i hvilken tilstand vedkommende kom inn i og hvordan de vurderer situasjonen for offeret.

Intervjuar: Skildring av personen blir eit viktig grunnlag?

Informant: Ja. Men jeg har jo også hatt personer som har vært til sykehusbehandling som ikke har fått opphold.

Skildring av søkeren og hennar reaksjonar på valden kan fungera som dokumentasjon i saka. Journal frå sjukehusbehandling kan òg tena som dokumentasjon på skade, men ikkje ein gong det treng å vera tilstrekkeleg. Som me har sett tidlegare må kvenna sannsynleggjera at skadane er eit resultat av mishandling.

Jamfør rundskrivet kan skaden vera av psykisk eller av fysisk art (UDI 2002:3). ”Psykisk skade” og ”fysisk skade” er alternative, ikkje kumulative, vilkår. Det vil seia at det i prinsippet er nok at eit av dei er oppfylt. Lidén (2005:118) analyserer ei sak der mannen mellom anna har vore kontrollerande, trugande, låst ho og ungane ute av huset om natta og øydelagt kleda hennar. Utlandersnemnda konkluderer med at dette ikkje kan reknast som mishandling:

Selv om nemnda har forståelse for at klageren og hennes barn må ha opplevd disse opplevelsene i ekteskapet som belastende, finner nemda etter en konkret vurdering av klagerens opplevelse i ekteskapet ikke kan sies å være mishandling i utlendingsforskriftas forstand. *Nemnda viser til at den ikke kan se at klageren har fått nevneverdige problemer av fysisk eller psykisk art etter samlivet* (Lidén 2005:118 mi kursivering).

Nemnda viser til at klagaren ikkje har fått korkje fysiske eller psykiske problem i etterkant. Slik vedtaket er formulert kan det sjå ut som om plager i samlivet ikkje er nok til å få opphold, men at skaden må vara ved sjølv *etter* samlivsbrot viss det skal reknast som mishandling. Eit anna poeng som eg vil trekka fram her, er at det kan sjå ut som om det ikkje er handlingane til ektemannen, men måten kvinnen har reagert på, som avgjer saka. På denne måten rettar ein fokus mot kvinnen, og valdsutøvaren og handlingane kjem litt i bakgrunnen. I kapittel 2 skreiv eg om kvifor Krisesentersekretariatet meiner at det er problematisk at fokuset blir retta mot den valdsutsette kvinnen; på den måten blir ho lett ansvarleggjort for valden. Spørsmålet om ansvar viser seg å vera eit tema i eit av vedtaka frå praksisbasen:

Det inntrufne synes dermed å ha redusert livskvaliteten for klageren. (...) Klageren kan etter det opplyste ikke selv stilles til ansvar verken helt eller delvis, idet ektefellens opptreden etter det som har fremkommet må tilskrives hans psykiske tilstand. Klageren fremstår dermed som et offer for ektefellens opptreden (...) (Utlendersnemnda 2007 187504773080:80).

Nemnda vurderer det slik at hendingane har ført til ”redusert livskvalitet”, og klag blir samrøystes teke til følgje, og kvinnen får opphaldsløyve på sjølvstendig grunnlag. Nemnda vurderer dessutan om kvinnen heilt eller delvis kan stillast til ansvar for handlingane til ektefellen. Eg tolkar vedtaket slik at ansvar står i motsetnad til offerstatus, slik nemnda formulerer det. Dei kjem fram til at kvinnen får offerstatus som eit resultat av at ho ikkje kan stillast til ansvar. Dei kategoriserer ho som eit *offer*, og ho får opphaldsløyve. I

kapittel 2 peikte eg på at det kan vera viktig å spesifisera kva og kven ein person har ansvar for. Krisesentersekretariatet understrekte at ei valdsutsett kvinne har ansvar for seg sjølv og sine barn, men at ho aldri må stillast til ansvar for ektemannen sine handlingar, fordi det inneber at ho sjølv får skulda for valden ho er utsett for. Eg meiner at vurderinga nemnda gjer indikerer at ei kvinne i prinsippet kan stillast til ansvar for ektemannen sine handlingar.

Offerkravet og rettstryggleik for valdsutsette minoritetskvinner

Føremålet med mishandlingsregelen er at utanlandske kvinner skal ikkje tvingast til å bli verande i eit valdeleg forhold av frykt for å mista opphaldsløyvet i Noreg, jamfør rundskrivet (UDI 2002:3). Informanten meiner at valdsutsette innvandrarkvinner vil kunne vera i ein vanskelegare situasjon enn andre valdsutsette kvinner:

De fleste kvinner som går fra ektefellen på grunn av vold syns ikke det er noe enkelt valg. Veldig mange av dem går tilbake etter en tid, og så går de igjen i neste runde. For innvandrerkvinner er terskelen for å gå mye høyere, fordi de ikke har nettverk. De har ikke noe sted og gå, og de har veldig ofte ikke kjennskap til hvordan de skal klare seg i det norske samfunnet. Det har de ikke hatt mulighet til fordi de har vært her for kort. Så de går jo ikke de, hvis de ikke er sikre på at de får bli.

At det generelt sett kan vera vanskeleg å bryta ut av eit valdeleg forhold, er eit poeng som Krisesentersekretariatet vektlegg (sjå kapittel 2). For å bryta ut av eit valdeleg ekteskap må ein ha ein trygg stad å gå til. Dette er norsk kvinner sikra gjennom ulike velferdsordningar (Lidén 2005:113). Krisesenter og sosialstønad er døme på slike ordningar. I tillegg kan tiltak som tryggingsalarm og besøksforbod vera viktig for rettstryggleiken til valdsutsette kvinner. Både Krisesentersekretariatet og advokaten peikar på at valdsutsette med utanlandsbakgrunn vil vera i ein ekstra vanskeleg situasjon, fordi det einaste alternativet til å bli i ekteskapet dei første tre åra, er å reisa tilbake til heimlandet. Treårsregelen er derfor problematisk i sin heilskap, og offerkravet om skade eller redusert livskvalitet er spesielt problematisk:

Jeg syns det er vanskelig å si at du ikke kan regne med beskyttelse fordi du ikke er tilstrekkelig banket opp. Du er ikke i en situasjon hvor du blir ansett for å ha en redusert livskvalitet som følge av den volden du har blitt utsatt for. (...) De må bli i et voldelig ekteskap slik at de kan påvise at de har en målbar redusert livskvalitet eller skade.

Krav til skade og redusert livskvalitet kan føra til at kvinnene kjenner seg pressa til å bli verande i eit valdeleg ekteskap, i alle fall til ho kan framskaffa tilstrekkeleg dokumentasjon. I så fall kan ein spørja om kvenna faktisk har reell moglegheit til å bryta ut av forholdet. UNE kommenterer sjølv denne potensielle spenninga mellom rett til å bryta ut og krav til skade. I eit vedtak frå praksisbasen skriv nemnda:

Når nemnda er kommet til at dette ikke faller inn under begrepet mishandling er det fordi dette har skjedd over kort tid, og at klagerens livskvalitet i nevneverdig grad ikke har blitt redusert som følge av ekteskapet selv om hun har opplevd angst og uro i forholdet. Det forhold at en kvinne klarer å bryte tidlig ut av forholdet er i seg selv ikke til hinder for at bestemmelsen kommer til anvendelse, men på den annen side er det et krav om at kvinnens livskvalitet må ha blitt redusert (Utlendingsnemnda 2007 44064601:80).

Informanten meiner at offerkravet inneber at ein stiller andre krav til utanlandske kvinner enn til norske: ”Det de sier er at utenlandske kvinner skal tåle vold til de blir skadet. Mens norske kvinner behøver ikke det”. Lidén peikar òg på at det ser ut til å eksistere ulike standardar for norske og for utanlandske kvinner: ”(...) det synes som om det er en forskjell mellom hvilke standarder norske kvinner legger for hva de vil tåle av et ekteskap når det gjelder dominans og innskrenket frihet, og det som implisitt settes for de utenlandske kvinnene” (Lidén 2005:114).

Spesifisering: kva er ikkje ”mishandling”

Når UDI/UNE skal vurdera kva som kan rekna som mishandling og kva kvenna må rekna med å tåla, spelar kategorien ”generell misnøye” ei viktig rolle. I rundskrivet er dette spesifisert slik:

Generell misnøye i ekteskapet/samboerforholdet, uoverensstemmelse eller forskjellige oppfatninger mht roller grunnet kulturforskjeller er ikke i seg selv nok til å konstatere at det foreligger mishandling (UDI 2002:3-4).

I eit av dei forvaltningsvedtaka eg fekk frå advokaten, har Utlendingsnemnda (UNE) vurdert søknad om opphaldsløyve etter § 37 sjette ledd og avslått søknaden. Søkjaren har blitt slått, sparka og utsett for dagleg sexpress av ektemannen. Søkjaren har vore to månadar på krisenter og ei legeerklæring dokumenterer at ho har hatt depresjon, søvnproblem og mista håر som følgje av det vanskelege ekteskapet. Nemnda konkluderer med at ekteskapet ber preg av ”generell misnøye”, og finn det ikkje sannsynleggjort at

valden kan karakteriserast som mishandling: ”Det vises til at anførslene bærer preg av generell misnøye, samt at partene hadde ulike oppfatninger av hverandres roller i ekteskapet”. Kategorien ”generell misnøye” spesifiserer kva som *ikkje* kan reknast som mishandling. Spørsmålet er om lovformuleringa, gjennom å visa til kulturforskjellar og usemje om kjønnsroller, impliserer at det er éin standard for kva norske kvinner vil akseptera av norske menn, men ein annan standard for kva utanlandske kvinner må fåla.

Sjølv om skade kan dokumenterast er *ikkje* vilkåret nødvendigvis oppfylt. Rundskrivet etablerer kategorien ”enkelstående episode”, som spesifiserer kva som *ikkje* kan reknast som mishandling:

Ved vurderingen om det foreligger en mishandlingssituasjon, må man se hen til de beskrivne hendelsene, alvorligetsgraden, under hvilke omstendigheter mishandlingen fant sted, om de er en del av et handlingsmønster eller om det dreier seg om en enkelstående episode” (UDI 2002:3).

Eit saksvedtak frå praksisbasen til UNE kan illustrera kva som kan karakteriserast som ei enkelståande hending:

Videre anførte klageren at ektefellen hadde slått henne på spøk ved flere anledninger, samt ved tre anledninger hadde slått henne slik at det ble synlige merker. (...) Det ble sett hen til en episode der ektefellen hadde tatt kvelertak på klageren, men nemnda viste til at dette var en enkelstående handling og ikke framsto som en del av et handlingsmønster (Utlendingsnemnda 2007 187308842809:81).

Nemnda konkluderte med at saka *ikkje* kunne karakteriserast som mishandling i utlendingsforskriftas forstand, og saka vart *ikkje* teke til følgje. Det er verd å merka seg at nemnda refererer til fleire tilfelle av fysisk vald, men likevel refererer til kategorien ”enkelstående handling”. Merknaden om at ektemannen har slått kvinnen ”på spøk” er verd å merka seg. Det går *ikkje* fram om det er ektemannen, UDI eller kvinnen sjølv som har karakterisert det som ”spøk”, og det er uklårt kva konsekvensar det har for vurderinga. Men det kan peika i retning av at *intensjonen* med handlinga er avgjerande for kva som kan karakteriserast som mishandling.

Lidén skildrar ei sak der klagaren har meldt ektemannen til politiet for vald. Søknaden blir avslått. ”Det anses for å være en opplagt avslagssak, der det bemerkas at *kvinnen er*

meget ressurssterk, og har *kun en eller to* ganger blitt fysisk antastet” (Lidén 2005:116 mi kursivering). Slik eg forstår det karakteriserer forvaltninga det som eit ”enkeltilfelle”, og det kan ikkje karakteriserast som ”mishandling”, jamfør rundskrivet. Den andre delen av grunngjevinga er òg interessant. Eg tolkar det slik at det at kvinna er *ressurssterk*, delvis er grunngjevinga for avslaget. Eigenskapar ved kvinna blir eit vurderingstema som har konsekvensar for utfallet i saka. I eitt av dei vedtaka som eg har fått tilgang til og analysert, ser eg liknande tendensar. Søknaden blir avslått, mellom anna på bakgrunn av denne vurderinga:

Det er anført at ektefellen var kontrollerende, og ønsket at klageren skulle holde seg innendørs, samt avstå fra å lære seg norsk. (...) Det vises herunder til at klageren har gått på norskkurs, samt vært i arbeid under deler av samlivet. Hun kan dermed ikke sies å ha levd isolert til tross for ektefellens sjalusi og kontrollbehov.

Her ser det ut til at det faktum at kvinna faktisk har greidd å vera i arbeid og gått på norskkurs på tross av at ektemannen forsøkte å hindra ho i det, blir brukt som eit argument mot at kvinna kan karakteriserast som mishandla. I eit vedtak frå praksisbasen skriv nemnda: ”Det ble vist til at hun [søkeren] hadde vært meget aktiv både i studier og arbeid. (...) Det ble også vist til at klageren ble beskrevet som en ressurssterk kvinne med mange forskjellige interesser” (Utlendingsnemnda 2007:340808429201:81). Nemnda konkluderer med at kvinna dermed ikkje kunne reknast som mishandla, og saka vart ikkje teke til følgje.

Jamfør Ljoså (2001:55-56) går det ikkje alltid klart fram av vedtaket om det er ei vurdering av første (tilhøva i heimlandet) eller andre alternativ (mishandling) som avgjer saka. Dette gjeld òg for dei vedtaka eg har analysert. Kategorien ”ressurssterk” speler ei rolle når ein skal vurdera om ho kan reknast som mishandla, men ser òg ut til å vera knytt til vurderinga av om kvinna skal få opphold på grunn av urimelege vanskar i heimlandet. I eit vedtak frå praksisbasen grunngjев nemnda avslaget med at: ”Klageren kom dessuten fra en ressurssterk bakgrunn og var relativt ung, samt barnløs. Nemnda la således til grunn at klageren ikke ville møte problemer ved retur til hjemlandet” (Utlendingsnemnda 2007: 340103826203:81). I eit anna avslag viser nemnda til at klagaren var ressurssterk, at ho hadde fleire års universitetsutdanning og hadde vore i arbeid. Dei kunne derfor

ikkje sjå at ho ville få urimelege vanskar i heimlandet (Utlendingsnemnda 2007 340103656508:80). I artikkelen *Constructing the Victim: Popular Images and Lasting Labels* peiker Sharon Lamb på at biletet av idealofferet er viktig for korleis ei sak blir vurdert i retten og fortel om ei sak der: ”(...) the lawyers were concerned that they would not be convincing ‘victims’ because they were doing so well. They contradicted our accepted notion of what it means to be a victim” (Lamb 1999a:116-117). Eg trur dette kan vera relevant for vurderinga av opphalsløyve etter § 37 sjette ledd. Jamfør Ericsson (1993) inneber offerstatusen ei plikt til å vera stakkarsleg og hjelpelaus (sjå side 5). Ei ressurssterk kvinne, eller ei kvinne som er i arbeid og har gått på norskkurs, representerer ikkje det passive og forsvarslause idealofferet. Her ser det ut til å bli eit argument mot sjølvstendig opphaldsløyve.

Offerideologi og institusjonelle kategoriar

Som eg tidlegare har vore inne på, meiner informanten at kravet om skade eller redusert livskvalitet representerer eit krav om å vera eit offer, eit *offerkrav*. John Hoffman skil mellom ”victim” og ”victimhood”. Førstnemnde refererer til ein person eller ei gruppe som er utsett for vald. Sistnemnde refererer til ein patologi og ein ideologi kor personar eller grupper blir sett på som objekt utan handlingskapasitet (Hoffman 2001 sitert i Davidson 2005:59). Davidson (2005) meiner at distinksjonen mellom ”victim” og ”victimhood” kan ha konsekvensar for korleis ein reagerer på smerte og liding. Vald har ein tendens til å framkalla sterkare kjenslereaksjonar når det går ut over menneske som har ”victimhood”, enn viss det går ut over personar som blir sett på som subjekt. Det kan vera gode grunnar til å gje vern til menneske som er i ein ekstremt sårbar situasjon, men ”victimhood”-ideologien kan føra til at ein ser vekk frå skaden når det gjeld grupper som er konstruert som subjekt heller enn objekt (Davidson 2005:59). Er offerkravet eit krav om å vera utsett for vald, eller er det eit krav om ”victimhood”? Analysane så langt kan tyda på at det Davidson kallar ”victimhood”-ideologi gjer seg gjeldande her. Det er ikkje berre voldshandlingane som blir gjort til gjenstand for vurdering; reaksjonane til kvinna blir vurdert, og evne til å klara seg ser ut til å tala mot opphaldsløyve. Det kan sjå ut som om arbeid, norskkunnskap og det å vera ressurssterk, diskvalifiserer til offerstatus. ”Mishandling”, ”enkeltstående episode”, ”generell misnøye”, ”ressurssterk”, ”skade”, ”redusert livskvalitet”, er sentrale vurderingskategoriar for søknader om opphold etter §

37 sjette ledd. Det er dei to sistnemnde informanten karakteriserer som eit offerkrav, men eg vil seia at heile dette settet av institusjonelle kategoriar er ein reiskap for å identifisera kven som skal reknast mishandla; det er ein måte å identifisera dei ”verkelege” ofra på.

Opphald på grunnlag av tilhøva i heimlandet

Jamfør § 37 sjette ledd første alternativ kan ei kvinne få opphald ”dersom hun som følge av samlivsbruddet vil få urimelige vanskeligheter i hjemlandet grunnet de sosiale og kulturelle forholdene der”. Rundskrivet fastslår at tilhøva i Aust-Europa, USA, Canada og Australia i dei fleste tilfella ikkje vil føra til slike vanskår (UDI 2002:2). Det er altså heimel for å basera avgjerdar på generelle oppfatningar om tilhøva i landet der kvenna kjem frå, og landbakgrunn er derfor eit vurderingskriterium i høve til § 37 sjette ledd, første alternativ. Slike kollektive vurderingar representerer ein ny reiskap for immigrasjonskontroll, som vart vanleg i Vest-Europa på 1990-talet. Tidlegare hadde det vore viktig å vurdera behovet for trygging for kvart individ, men no vart det mogleg å avvisa personar ut ifrå at dei per definisjon ikkje kunne vera forfølgt i heimlandet (Brochmann 2003:285). Torill Holth har skrive boka *Implementering av et kjønnsperspektiv i norsk flyktningerett* og påpeikar at generelle inntrykk av tilhøva i eit land har tyding for om det offentlege gjev trygging mot forfølging. Dette kan vera eit hinder for individuell handsaming, og det er sokjaren sjølv som har provbøra (Holth 2004:3).

Kven er det då som får opphald på grunn av tilhøva i heimlandet, etter § 37 sjette ledd første alternativ? ”Det er i hovedsak Pakistan, Bangladesh og India”, fortel informanten. Iranske kvinner får derimot ikkje opphald på grunnlag av generelle tilhøve i heimlandet, seier advokaten. Informanten syns dette er vanskeleg å forsvara, med tanke på regimet som styrer i landet. Dei som kjem frå India får i utgangspunktet bli. Informanten knyter dette til medgiftsinstitusjonen. Det er skrive ein del om indiske kvinner som blir drepne av ektemannen sin familie på grunn av medgift, fortel informanten. Eit par kvinner vart mest drepne då dei vart sende tilbake til India for nokre år sidan, seier advokaten, og ho trur at dette er grunnen til at indiske kvinner stort sett får bli; medgift er kopla til offerstatus. ”De er de ekte ofra, madonnaen altså”. På side 12 skreiv eg om Uma Narayan

og hennar analysar av medgiftsmord og kulturforklaringar. Kvinner i den tredje verda blir framstilt som offer for kulturen, medan vald mot kvinner i Vesten aldri blir forklart med kultur. Ho illustrerer dette poenget med å problematisera debatten rundt medgiftsrelaterte drap (dowery-murder). Narayan meiner at mange vestlege debattantar og teoretikarar manglar kunnskap om medgiftsinstitusjonen og er med på å eksotifisera vald mot kvinner i India og gjennom å kopla valden til kultur. Dermed blir vald mot kvinner i framstilt som "death by culture". Når eit medgiftsrelatert mord blir diskutert i ein internasjonal samanheng, lausrive frå informasjon om konteksten, så blir det ikkje lengre forstått i samanheng med vald mot kvinner generelt (Narayan 1997:103). Razack meiner at kvinner berre får opphold på grunn av kjønnssbasert forfølging, når det kan koplast til kulturforklaringar: "Asylum from gender persecution has been granted only when a culture can be inferiorized, although this in itself does not guarantee entry" (Razack 2000:47). Ratna Kapur (2002) meiner at den offerstatusen (the victim subject) har vore med på å forsterka rasistiske representasjonar av kvinner frå den tredje verda. Er vurderingsprosessane i UDI i med på å byggja opp under eit bilet av indiske kvinner som offer for indisk kultur, og kan dette karakteriserast som rasialisering/etnofisering av vald mot kvinner?

Kvinner frå Pakistan, Bangladesh og India blir sett på som potensielle offer for ein patriarkalsk kultur, og derfor blir det vurdert som uforsvarleg å senda dei heim etter ei skilsmisje. Det kan vera gode grunnar til at ei skilt indisk kvinne skal få opphold i Noreg. Men viss det er slik at kvinner frå India får opphold etter § 37 sjette ledd andre alternativ fordi det potensielle trugsmålet er eit "eksotisk" fenomen, så er det grunn til å spørja om kva konsekvensar det har for kvinner som ikkje blir karakterisert som "offer for kulturen". Det kan vera at mangefull kjennskap til tilhøva i andre land fører til at vurderingane baserer seg på stereotypiar, som ikkje alltid samsvarer med situasjonen til den individuelle kvinna. Eg tolkar det slik at dei institusjonelle prosessane baserer seg på og reproducerer rasialiserte forståingar av vald og kultur, og at offerkategorien speler ei rolle her. Offerstatusen knytt til nasjonalitet kan på den eine sida vera ein fordel for kvinner frå dei aktuelle landa, fordi det kan vera grunnlag for opphold. På den andre sida er det problematisk viss indiske kvinner må passa inn i det biletet av det passive og

hjelpelause offeret for å få opphold. ”Såne damer som de forventer at skal passe inn i det skjemaet der, de fins ikke”, påpeikar informanten, og me har sett at kategorien ”ressurssterk” kan vera eit argument mot opphaldsløyve. Kanskje kan ein seia at lovformuleringane berre fangar opp dei ekstreme tilfella; dei som ”verkeleg” er offer. Mange vil ikkje passa inn i den kategorien, og dermed vil offerstatusen kunne representera ei avgrensing av kven som får opphold. Davidson (2005:45) meiner at dualismar som subjekt/objekt og aktør/offer tilslører at faktiske erfaringar må sjåast som eit kontinuum, heller enn som enten eller. På den måten kan lovverket vera med på å forsterka dikotomien subjekt/offer.

Muslimske menn - offeret sin antagonist

Informanten peikar på at kvinner frå Søraust-Asia gjerne får, heng saman med måten muslimske menn blir portrettert på:

Nå har de snakket om hvor forferdelige muslimske menn er som slår sine kvinner. Kvinner som er ofre og ikke vet sitt eget beste. Samtidig driver norske myndigheter og legger til rette for at de verste mannssjåvinistene både fra Norge og fra utlandet kan handle helt ustraffet. Så ut fra det perspektivet også, at det er en målsetting at kvinner som kommer til Norge som innvandrere skal få en selvstendig stilling, så blir det også helt galt.

Informanten meiner at det er paradoksalt at muslimske menn blir framstilt som den einaste årsaka til at muslimske kvinner er undertrykt, når det norske regelverket faktisk gjer det så vanskeleg for kvinnene å koma seg ut av ein mishandlingssituasjon. ”Når kvinnene endelig bryter ut og prøver å få hjelp, møter de en rekke strukturelle hindringar som forsterker og sementerer deres maktekløshet ytterligere. De blir faktisk gjort til ofre på ny (revictimisert)”(Paul 2005:43). Jamfør drøftinga i kapittel 2 (sjå side 40) kan offerrolla vera eit resultat av handlingane til eit menneske ein har ein nær relasjon til. Men offerrolla kan òg vera eit resultat av eller bli vidareført gjennom institusjonelle praksisar, og det er dette informanten peikar på her.

Thorbjørnsrud hevdar at muslimske kvinner blir framstilt som offer for kulturen, medan muslimske menn blir portrettert som kjettringar og overgripalar (2003:134). Walle (2003) kritiserer det han ser på som eindimensjonale og deterministiske framstillingar av

innvandarmenn i Noreg. Han viser korleis det først og fremst er menn med innvandrarbakgrunn som blir framstilt som valdelege og aggressive i norsk samanheng. Walle argumenterer for at det går føre seg ei ”demonisering” av innvandarmenn i norsk offentlegheit. Biletet av menn med innvandrarbakgrunn er i det store og heile svært negativt, og dei blir framstilt som determinerte av kulturen. Biletet av innvandrarmannen som overgripar og undertrykkar representerer ein motsats til biletet av den norske, likestilte, middelklassemannen. Menn med minoritetsbakgrunn blir majoritetmannen sin Andre: ”Det er mange indikasjoner på at innvandrermannen har inntatt posisjonen som den relevante andre i forhold til etableringen av hvit norsk middelklassemannlighet som naturlig, god og selvsagt” (Walle 2003:8). Ein sluttar direkte frå etnisk identitet til kjønnsidentitet, og på denne måten blir komplekse kjønnsidentitetar redusert til stereotype figurar. Menn med majoritetsbakgrunn blir framstilt som komplekse individ, mens menn med innvandrarbakgrunn blir representert som ei homogen og determinert gruppe: ”Det kan virke som om forestillingen om mannlig mangfold er forbeholdt majoritetsbefolkningen” (Walle 2003:5). Som ein parallell til at innvandrarkvinner blir representert som det passive offeret som norske kvinner kan syns synd på og markera avstand frå (Thorbjørnsrud 2003), så blir innvandrarmannen gjerningsmannen/overgriparen ein figur som den norske mannen kan definera sin maskulinitet i motsetnad til. Dikotomiane offer/ikkje-offer og overgripar/ikkje-overgripar kan koplast til minoritet og majoritet. Minoritetane representerer alt ein sjølv ikkje er, og på denne måten kan majoriteten konstruera sin eigen likestilte subjektivitet og identitet. Med referanse til aktør/struktur-debatten kan ein seia at minoriteten blir framstilt som determinert av strukturar, medan majoriteten får status som frie og handlande aktørar.

Mishandlingsregelen og landbakgrunn

Når det gjeld mishandling, § 37 sjette ledd alternativ 2, er landbakgrunn irrelevant.

Informanten meiner likevel at landbakgrunn er avgjerande for korleis UDI ser på kvinnene som søker opphold på grunnlag av mishandlingsparagrafen:

Det er forskjellige varianter for nedvurdering av kvinner etter hvor de kommer fra. Thailandske og Filipinske kvinner er ansett for å være prostituerte, og det samme gjelder til dels dominicanske og cubanske kvinner. Russiske kvinner går for å være prostituerete på ekteskapsmarkedet, kvinner som skal gifte seg til et opphold. Det er en annen form for prostitusjon da, underforstått.

Kvinner som er frå ein del austasiatiske, karibiske og austeuropeiske land blir assosiert med prostitusjon. Lidén (2005) viser at nokre av dei mennene som giftar seg med russiske kvinner eksplisitt koplar russiske kvinner til prostitusjon, og at dette kan vera eit grunnlag for trakassering. Lidén har granska saksmapper frå UDI. Eg har tidlegare vist at politimeldingar eller politirapportar gjerne tener som dokumentasjon i søknader om opphaldsløyve. Lidén siterer frå politiintervjuet med kvinna, som er gjengjeve i politimeldinga: ”Mistenkte [ektemannen] mente hun [søkjaren, kvinna] kunne jobbe som prostituert. Dette mente han ikke kunne være noe problem siden hun var russisk. Mistenkte mener at alle russiske damer er horer” (Lidén 2005:115). UDI gjer sjølvsagt ikkje slike eksplisitte koplingar til prostitusjon, men informanten meiner slike stereotypiar er vanlege og at dei finst hos UDI. Jamfør Lindgren er den prostituerte kvinna den rake motsetnaden til idealofferet (Lindgren 2004:31-32). På denne måten kan nasjonal bakgrunn kan derfor ha konsekvensar for om ei kvinne blir sett på som eit offer eller ikkje.

Informanten meiner at stereotype idear knytt til nasjonalitet og etnisitet kan spela ei rolle når UDI vurderer truverdet til kvinna. Russiske kvinner blir generelt sett mistenkte for å lura til seg opphold i Noreg gjennom ekteskap. Informanten meiner at forvaltningspraksisen i denne type saker er strama inn i løp av dei siste åra, og trur det kan ha samanheng med auke i talet på russiske kvinner som søker om opphold i Noreg:

Jeg mener at det har skjedd en innskjerping siden 2000-2002. UDI påstår at rundskrivet frå 2002 representerer en videreføring av praksis, men jeg mener at det har skjedd en innskjerping. Jeg mener at det har skjedd en innskjerping på anvendelsen av 37 sjette ledd i det hele tatt. Det stilles større spørsmålsteign ved kvinnens troverdighet, det stilles større krav til skade, lyte og redusert livskvalitet og kvinner mistenkeliggjøres i stadig større grad enn før. Jeg tror det kan ha sammenheng med et økende antall russiske kvinner som kommer til Norge. Som jeg fortalte i sted, så mener de at kvinnene kjenner til den bestemmelsen før de kommer, og at de rett og slett bare finner en dum norsk mann for å få lov til å bli i Norge.

Informanten meiner at praksis er blitt skjerpa inn, sjølv om formuleringane i dei regulerande tekstane er dei same. Teksten er konstant, men kan tolkast ulikt. Dette illustrerer kvifor det er viktig å undersøkja regulerande tekstar med fokus på korleis dei

inngår i institusjonelle handlingssekvensar. Informanten meiner at skjerpa praksis er relatert til immigrasjon frå Russland og måten russiske kvinner blir framstilt på i den norske offentlegeita. Søkjaren i det eine vedtaksdokumentet eg har analysert, er ikkje frå Russland, men frå eit anna austeuropeisk land. I vedtaket referer dei likevel til Russland som heimlandet hennar.

Informant: Hun var selvfølgelig russisk da.

Intervjuar: Og det trur du spelar inn? Stereotype forestillinger om russiske kvinner?

Informant: Ja, jeg mener det altså. Denne her er et skoleeksempl (referer til vedtaket). Plutselig så går de over til å omtale [hjemlandet hennes] som Russland innimellom her. Det er også interessant. For de har jo faktisk bodd i [hjemlandet] hele tida før de kom hit.

Ein kan spørja seg kva konsekvensar denne feilaktige referansen til Russland har for utfallet av vedtaket. Informanten meier at kvinner frå Russland blir assosiert med prostitusjon eller sett på som kalkulerande og kyniske personar; dei blir mistenkte for å utnytta det norske regelverket generelt, og § 37 sjette ledd spesielt, for å sikra seg ei betre framtid i eit rikt land. På bakgrunn av rapporten til Lidén, ser det ut til at mistankar om at regelverket blir utnyttet, ikkje er fullstendig grunnlause:

I gjennomgangen av saksmappane i UDI-undersøkelsen har det dukket opp flere eksempler på hvordan familiesameining utnyttes i innvandringsøyemet. Det finnes saker som berører henholdsvis proforma [og] prostitusjon (...)" (Lidén 2005:11).

Å ta inn over seg at kvinner er handlande aktørar, inneber å erkjenna at kvinner kan handla illegalt eller moralsk tvilsamt. Samstundes er det svært uheldig viss strenge reglar rammar dei som faktisk har behov for trygging (Brochmann 2003:293). Det er problematisk viss *alle* russiske kvinner blir møtt med ei *generell* mistru som gjer at dei i praksis møter strengare krav til sannsynleggjering enn andre kvinner. Varierande krav til sannsynleggjering er ikkje "forenlig med de krav som stilles til rettssikkerhet og likebehandling i forvaltingssaker" (Ljoså 2001:59).

Å hindra proforma-ekteskap

I ei av dei sakene eg har analysert, har nemnda mellom anna lagt vekt på at partane ikkje kjende kvarandre så godt før dei gifta seg. UNE skriv:

Nemnda har i sin vurdering lagt vekt på partenes relativt korte samliv og begrensede kjennskap til hverandre forut for ekteskapsinngåelsen. Etter nemndas syn fremstår en retur til hjemlandet som en mer naturlig konsekvens av samlivsbruddet enn en arbeidstillatelse på selvstendig grunnlag.

”Naturlig konsekvens? Er det vurderingstema? Den blir det litt vanskeleg å finna hjemmel for”, kommenterer informanten. I eit vedtak frå praksisbasen til UNE finn eg ei tilsvarende formulering som i vedtaket over: ”En retur til hjemlandet sto derfor som en mer naturlig konsekvens av samlivsbruddet enn en arbeidstillatelse på selvstendig grunnlag” (Utlendingsnemnda 2007 340103826203:81). Nemnda viser dessutan til at paret hadde avgrensa kjennskap til kvarandre før ekteskapet og at dei hadde levd saman i kort tid. I rundskrivet (UDI 2002) står det ingen ting om at ”kjennskap til kvarandre” eller ”naturlege konsekvensar” skal vera vurderingskriterium i sakshandsaminga. Kvifor kjem dette inn som ein del av vurderinga?

Ein stor del av immigrasjonen til Noreg er familieinnvandring. Derfor vil det vera innvandringspolitiske interesser knytt til vilkåra for opphaldsløyve og skjønnsvurderinga av desse (Lidén 2005:107). Treårsregelen, og heile problematikken denne regelen inneber, handlar om å hindra proformaekteskap³⁷: ”Hensikten med å stille vilkår om treårig ekteskap er blant annet å hindre inngåelse av proformaekteskap” (Pervaiz 2003). Lidén finn fleire døme på at regelverket om familiesameining blir utnytta gjennom t.d. proformaekteskap. Mishandlingsregelen kan utnyttast ”som et smutthull til en etterlengtet oppholdstillatelse” (Lidén 2005:107). Eg trur at ønskjet om å hindra proformaekteskap, eller andre former for utnytting av regelverket, er ein viktig årsak til den omfattande vurderinga mange søkerar må gjennom. I eit nytt rundskriv (AID 2006) gjev Arbeids- og inkluderingsdepartementet instruks om korleis UDI skal hindra proformaekteskap. Kor godt partane kjenner kvarandre er eitt av momenta som skal vurderast: ”Kontakt mellom partane – til dømes kor lenge dei har kjent kvarandre og karakter og omfang av kontakten. Kunnskapane dei har om kvarandre” (AID 2006). Vurderingskategorien ”relativt korte samliv” har altså ikkje direkte heimel i rundskrivet som gjev instruksar for korleis § 37 sjette ledd skal handhevast. Men det ser ut som om Utlendingsnemnda tolkar

³⁷ Arbeids- og inkluderingsdepartementet definerer proformaekteskap slik: ”Eit ekteskap er proforma dersom ekteskapet i all hovudsak er inngått for å oppnå arbeids- eller opphaldsløyve” (AID 2006).

det slik at dette følgjer av andre instruksar departementet har gjeve. Ei kvinne som har ”lurt” til seg opphaldsløyve gjennom proformaekteskap blir kanskje sett på som kynisk og kalkulerande, og passar dermed ikkje inn i biletet av eit ekte offer. Eg tolkar kategorien ”relativt korte samliv” som ei ytterlegare artikulering av offerkravet i mishandlingsregelen.

Institusjonell tid og institusjonelle handlingssekvensar

Institusjonelle prosedyrar krev gjerne ei form for registrering som føreset utstrakt planlegging, noko som ikkje er så lett for ei kvinne i ein krisesituasjon (Morken and Selle 1995:179). Dette poenget er tydeleg i analysen av vedtaka frå UDI. Alle hendingar og handlingar bør altså gå føre seg i ei bestemt rekkefølgje for å passa inn i den institusjonelle diskursen. Først må kvinnen blir mishandla. Dette må kunne sannsynleggjera, det vil seia at ein i praksis må ha dokumentasjon. Ho må altså oppsøkja legevakt, melda sak til politiet eller oppsøkja kriesenter. Mishandlinga kan ikkje vera ei såkalla enkeltståande hending, og ho må kunne visa til redusert livskvalitet. Ho må ha vorte utsett for vald fleire gonger. Så må kvinnen flytta ut for å kunne søkja opphold etter § 37 sjette ledd.

Ekteskapsbrot ein føresetnad for å søkja opphold etter § 37 sjette ledd, men det er eit vilkår at mishandlinga skjer i samlivet (Pervaiz 2003:40). Informanten fortel om ei kvinne som vart mishandla veka etter at ho hadde flytta ut:

Hun flytta ut. Ikke bare fordi hun var redd for at han skulle banke henne, men fordi hun ikke ville ha det sånn. Og når hun da flytta, så ble hun banka. Hun dro jo faktisk for å treffje han for å finne ut om de kunne få redda ekteskapet, og ble ille mishandla. Hun ble da nektet opphold med hjemmel i 37 sjette ledd fordi hun hadde flyttet fra ektefellen før hun ble mishandlet. UDI mente at da de ikke lengre bodde sammen, så da kunne ikke den [37 sjette ledd] komme til anvendelse. Og den ble stadfesta i Utlendingsnemnda.

Det at ho hadde flytta vekk i nokre dagar vart karakterisert som samlivsbrot. Det at ho vart utsett for vald etter samlivsbrotet, vart derfor vart ikkje teke med i vurderinga av om kvinnen kunne kategorisera som mishandla. Samlivsbrot, sjølv om det berre var for ein periode, fører dessutan til at kvinnen mistar opphaldsgrunnlaget. At ekteparet bur saman er ein føresetnad for det aksessoriske opphaldsløyvet. Ein må ha eit slikt løyve i tre år

samanhengande for å søkja busetting. Ved ekteskapsbrot er ikkje lengre føresetnadene for opphaldsløyvet oppfylt, og i prinsippet er ikkje opphaldsløyvet lengre gyldig, fortel informanten:

Hvis de da flytter hjemmefra i en periode på en tre fire fem uker, så er bestemmelsen sånn at det får det konsekvenser for bosettingstillatelsen.

Etter ein telefon til UDI finn advokaten ut at ein person som flyttar ut, for så å flytta tilbake igjen til ektefellen etter ei tid, må opptena seg tre nye år med samanhengande opphold i landet for å kunne søkja busettingsløyve. ”Du begynner på scratch altså”, slår informanten fast. Informanten kunne ikkje finna heimelen for denne praksisen, men UDI kunne fortelja at ein dom frå tingretten (TOSLO-2003-21544) blir brukt som rettskjelde her. I det ho flyttar ut, kan ho ikkje lengre ”opptena” dei tre naudsynte åra for å få busettingsløyve etter vanlege vilkår. Ljoså (2001:60) meiner dette er i strid med føremålet med separasjonsinstituttet, og meiner at opphaldsløyvet i alle fall ikkje bør falla vekk før partane er formelt skilte. Etter fleire år i Noreg kan ein risikera å få endeleg avslag på søknad om opphold etter § 37 sjette ledd, og samstundes stå utan moglegheit til å søkja om vanleg busettingsløyve. Eitt handlingsalternativ stenger for eit anna, og i verste fall står ein igjen utan moglegheit til å søkja korkje busettingsløyve eller opphaldsløyve på anna grunnlag. Den individuelle historia må kunne passa inn i ein byråkratisk definert handlingssekvens, erfaringar må passa inn i den institusjonelle diskursen, for at ho skal kunne få opphold.

Endring – kva kunne vore annleis?

I institusjonell etnografi kan det vera eit poeng å få informantane til å seia noko om korleis ting kunne vore organisert annleis: ”She and her team began to ask workers not only how the system operated, but also how it might be organized differently” (DeVault and McCoy 2006:28). Informanten meiner at departementet har fått for store fullmakter i utforminga av lovgjevinga: ”Loven sier jo ingen ting. Fullmakt til alt. Det gjelder hele lovgivingen. Den er i praksis overlatt til departementet”. Det ville vore ein fordel med klare rettigheitslover i staden for utstrakt skjønnsvurdering, meiner advokaten. Informanten understrekar at ho meiner at offerkravet må vekk: ”Hele kravet til redusert livskvalitet, det må bare vekk. Det er punkt én”. Ei kvar kvinne som blir utsett for vald

må få lov til å bli i riket viss ho vel å gå frå ektefellen, det meiner informanten er eit minimum.

Informant: Men det som burde vært, det er jo selvfølgelig at kvinnene må få en selvstendig arbeids- og oppholdstillatelse fra dag én, som gift med norske borgerer eller utlendinger her. For det er nå en gang sånn at det er kvinner som blir mishandlet i ekteskap, det er ikke menn. Det er et usedvanlig lite antal menn som opplever det samme.

Intervjuar: Tyder det at du argumenterer for at berre kvinner burde få opphaldsløyve frå dag éin, eller alle?

Informant: Kvinner. Først og fremst kvinner. Minst kvinner. Altså, egentlig burde alle få det, men i alle fall kvinner.

Informanten argumenterer for at ein må gje rett til sjølvstendig opphaldsløyve frå dag éi, først og fremst til kvinner. Ho legg til grunn ei forståing av at kvinner og menn er i ulike situasjoner, og at det er kvinner som har brukt for vern i desse tilfella. Det er viktig å ta høgde for at kvinner gjerne er i ein annan situasjon enn menn, og kvinner må få trygging på bakgrunn av den situasjonen dei faktisk er i. Her er det ein parallel til Krisesentersekretariatet som påpeiker at likestilling ikkje er det same som likebehandling. Likestilling handlar dessutan ikkje berre om kjønn, men om likestilling mellom norske og utanlandske kvinner, konkluderer.

Frå mikro til makro – mishandlingsregelen og norsk immigrasjonspolitikk

Eg har vist at handhevinga av § 37 sjette ledd må sjåast i samanheng med andre delar av regelverket, og ikkje minst med målsettinga om å avgrensa og kontrollera immigrasjon.

Dorothy Smith meiner at institusjonelle praksisar er regulert av overordna politiske rammer (regulatory frame). Ho definerer regulerande ramme som ei generell nemning som omfattar teoriar, politikk og lover som opererer på eit generelt nivå og som strukturerer institusjonelle handlingar og realitetar, og koordinerer folk sitt arbeid på lokalt nivå (Smith 2005:191). Etterkvart som kartleggingsprosessen har utvikla seg, har eg funne ut at immigrasjonspolitikk må reknast som ein del av den regulerande ramma som påverkar forvaltningspraksis i UDI. Eg trur at ein analyse av immigrasjonspolitikken kan utvida den etnografiske analysen, og visa korleis mikro- og makro-relasjonar er vovne inn i kvarandre. Dette er i tråd med målsettinga for institusjonell etnografi: "As inquiry develops, the scope of the institutional ethnography pushes the boundaries of

conventional division between micro and macro, sociology and political economy, without deserting its ethnographic commitment” (Smith 2005:36). Her vil eg skissera nokre skifte i norsk immigrasjonspolitikk, fordi eg trur dette vil kasta lys over andre diskursar som påverkar og styrer den institusjonelle praksisen i UDI.

Immigrasjonskontroll versus humanisme

”Hvordan kan en stat forme en politikk som både ivaretar globale rettferdighetshensyn og nasjonalstatens forsvar av egen eksistens?” spør forfattarane av *Norsk innvandringshistorie* (Brochmann 2003:176). Immigrasjonspolitikk synleggjer at dei liberale demokratiske nasjonalstatane er funderte på eit idégrunnlag med ein innebygd motsetnad mellom humanistiske ideal og praktisk kontrollpolitikk. Ut frå suverenitetsprinsippet har kvar enkelt stat rett til å regulera sine grenser, og statsborgarskapet inneber rettar som utlendingar er ekskludert ifrå. Samtidig legg ein til grunn humanitære verdiar, som inneber at kvart individ har grunnleggande menneskerettar, uavhengig av nasjonal tilhørsle (Brochmann 2003:274; Hagelund 2003:13). I 1975 vedtok norske styresmakter ein mellombels innvandringsstopp;³⁸ føremålet var å handtera motsetnaden mellom humanistiske ideal og kontrollpolitikk (Hagelund 2003:72).

Hagelund meiner at kategorisering er eit generelt trekk ved immigrasjonskontrollen etter innvandringsstoppen: ”Thus, the classification of prospective immigrants into various categories with accompanying rights and claims, or lack of such, became a crucial part of the management of the immigration stop” (Hagelund 2003:81). For å handtera spenninga mellom kontrollbehov og humanitære ideal definerte lovgjevar ulike kategoriar innvandrarar, og utvikla eit hierarki for å prioritera mellom dei kategoriene, ut ifrå kven som trong det mest. Å definera ulike kategoriar utlendingar og spesifisera kva rettar som var knytt til dei ulike kategoriene, stod sentralt i arbeidet med ny utlendingslov på 1980-talet (Hagelund 2003:81-89). Ut over på 1990-talet blei illegal innvandring og menneskesmugling eit viktig politisk tema i Vest-Europa, og ein utvikla metodar for å

³⁸ Det var likevel aldri snakk om ein fullstendig stopp i innvandringa, men streng regulering (Brochmann 2003:361). Etter stoppen kom immigrantane frå den tredje verda som flyktningar, asylsøkjrarar og på grunnlag av familiesameining (Hagelund 2003:79).

effektivisera kontrollen (Brochmann 2003:292). Biletet av Noreg som eit land basert på humanistiske tradisjonar og egalitære verdiar har likevel stått sterkt i norsk offentlegheit. Hagelund (2003:12) meiner at den relativt strenge immigrasjonspolitikken i Noreg er ikledd eit vokabular knytt til humanisme, rettferd, likestilling og sømd (decency). Moralsk plikt til å hjelpa dei trengande har stått sentralt i den norske immigrasjonsdiskursen. I debattar om kva grupper immigrantar som skal prioriterast, har offerstatusen vore viktig:

Furthermore, the asylum seekers' advocates in the *Storting* attempted to tell the story of these migrants in ways that made them appear as acceptable, genuine refugees with legitimate needs for protection, by underlining their status as victims (Hagelund 2003:88; mi understrekning).

Ei moralsk plikt til å hjelpa dei ”verkeleg trengande”, har dominert i den politiske diskursen i perioden etter 1975. Innanfor denne logikken er utfordringa å identifisera og hjelpa dei som treng det alle mest. For dei som har ønskt å argumentera for opnare grenser, har det vore ein nærliggande strategi å appellera til humanitære ideal og visa til kor ille dei aktuelle immigrantgruppene har det (Hagelund 2003:81-89). Eg vil argumentera for at dette kan karakteriserast som eit offerperspektiv. Offerstatus som demarkasjonslinje mellom dei som skal få hjelp og dei som ikkje skal det, er ikkje spesielt for immigrasjonspolitikken. I sosialpolitikken har kategorien ”verdig trengande” vore viktig, og boka *Gatekapital* (Sandberg and Pedersen 2006) kan tena som døme. Forfattarane skriv om eit marginalisert miljø langs Akerselva i Oslo og viser korleis gutane her framstiller seg som ”verdige offer” i møte med hjelpeapparatet (Sandberg and Pedersen 2006:224-229). For hjelpeapparatet er det viktig for å skapa sympati og medkjensle for klientane. Undertrykkingsdiskursen og offerposisjonen er nyttig og naudsynt for å legitimera og skaffa pengar til hjelpetiltak (Sandberg and Pedersen 2006:247-241). Som eg var inne på i kapittel 1 (side 5), så er offerstatus eit politisk spørsmål fordi ein må tilhøyra ei offergruppe for å få rettar, hjelp og stønad (Lindgren 2004:25-29).

Humanitære verdiar: likestilling

Humanisme kan handla om å hjelpa dei verdige trengande, men det kan òg koplast til likestilling og menneskerettar. Alle mine informantar, Krisentersekretariatet, MiRA-

senteret og advokaten, er kritiske til treårsregelen. Dei grunngjev dette med omsynet til likestilling mellom kjønna og mellom minoritet og majoritet, og argumenterer for at kvinner bør sikrast rett til opphold uavhengig av ekteskap. Men frå styresmaktene si side kan treårsregelen, og streng handsaming av mishandlingsregelen, framstå som naudsynt av innvandringspolitiske omsyn. Korleis blir omsynet til likestilling mellom kjønna vurdert opp mot behovet for å regulera innvandring? I sitt bidrag til maktutgreiinga (1998-2003) konkluderer Hege Skjeie og Mari Teigen (2003) med at likestilling i praksis har ”vikeplikt” i møte med andre omsyn. Til dømes i møte med trusfridomen, forhandlingsfridomen, konkurranssevn eller EØS-avtalen må likestillinga vike. I teorien er dei fleste samde om at likestilling må prioriterast hundre prosent, men ”som offentlig politikk er ’likestilling’ et felt for institusjonell unnvikenhet” (Skjeie and Teigen 2003:209). Lidén kjem med liknande konklusjonar i sin rapport om transnasjonale ekteskap, når ho skal vurdera eit forslag til lovendring: ”At myndighetene ønsker å ha rett til å avslå søknader kan tolkes i retning av at det ligger vel så mye innvandringspolitiske interesser som beskyttelse ut fra kvinners perspektiv i forslaget” (Lidén 2005:129). Thorhild B. Holth (2004) konkluderer med at det føregår indirekte diskriminering av kvinner (samanlikna med menn) i vurderinga av asylsøknader, og argumenterer for at ein må innarbeida eit heilskapleg kjønnsperspektiv i norsk flykningrett (Holth 2004:2). Daphne-prosjektet, om tilbodet til minoritetskvinne utsett for vald, konkluderer med at minoritetskvinne blir handsama ut ifrå perspektivet om innvandringskontroll, og at dette er til hindring for å handsama problema kvinnene har ut ifrå eit menneskerettsperspektiv (Paul 2005:43). Hagelund spør om det verkeleg er mogleg å oppnå ”rettferd” på immigrasjonsfeltet. Immigrasjonskontroll vil alltid handla om å balansera mellom ulike og motstridande interesser og omsyn (Hagelund 2003:67); dét kan ein nok seia om politikk generelt. Eg meiner at det ser ut til at likestilling og kvinnens rettar, òg på immigrasjonsfeltet, kan seiast å ha vikeplikt i møte med andre omsyn, både omsynet til immigrasjonskontroll generelt og i konkurranse med andre ”verdig trengande” immigrantar.

Etnografisk undersøking av eit institusjonelt reguleringsregime

Hagelund oppmodar til å gjera etnografiske studium av korleis immigrasjonspolitikken og byråkratiet fungerer. "This would mean addressing the impact and interaction between the political discourses I have analyzed here, and the discourses and practices of executive agencies (Hagelund 2003:286). Det er nettopp det eg har gjort i denne oppgåva; eg har utforska offerdiskursen gjennom å undersøka praksisar i utlendingsforvaltninga og kopla dette til immigrasjonspolitikken. Eg vil argumentera for at handsaminga av § 37 sjette ledd er eit konkret uttrykk for korleis norske styresmakter handterer balansen mellom immigrasjonskontroll på den eine sida og humanitære verdiar på den andre. Sjølvे mishandlingsregelen er, slik eg tolkar det, grunngjeve med humanitære verdiar og likestillingsideal. Samtidig er treårsregelen, og den relativt strenge praktiseringa av mishandlingsregelen, i tråd med det politiske regimet som Hagelund karakteriserer som avgrensa og kontrollert innvandring (Hagelund 2003:80). Sakshandsaminga i UDI har eg karakterisert som ein kategoriserings- og identifikasjonsprosess som inneber å definera kven som skal få opphold og ikkje. Informanten har vist meg kva rolle offerkravet speler i denne identifikasjonsprosessen. Offerkravet i forvalningspraksis må sjåast i ein større samfunnsmessig kontekst, der ein skil mellom verdige trengande flyktningar og immigrantar med økonomiske eller kriminelle motiv. Det er dei som arbeider i fronten som gjer arbeidet med å plassera det faktiske i folk sine liv inn i dei institusjonelle kategoriane. Men kategoriane er styrt av og må samsvara med rammer som er etablerte på eit meir generelt nivå (Smith 2005:199). UDI avgjer om ei kvinne sine erfaringar skal definerast som mishandling eller ei enkeltståande hending. Men denne kategoriseringa og den strenge vurderinga samsvarer med ei generell ramme rundt innvandringsdebatten, ei ramme som er etablert på eit meir generelt politisk nivå. Dorothy Smith meiner at denne typen kategorisering er eit generelt trekk ved moderne institusjonelle ordningar og styringsrelasjonar; dei som arbeider i felten har som oppgåve å kategorisera det partikulære og individuelle, slik at det kan plasserast innanfor dei institusjonelle rammene. Undersøkinga av offerdiskursen illustrerer dette poenget.

Kapittel 4: Konklusjonar - offeromgrepet etter kartlegginga

Offeromgrepet i eit nytt lys?

Då eg byrja med dette prosjektet for godt over eitt år sidan, var utgangspunktet mitt det ganske enkle spørsmålet: Kva er gale med å vera eit offer? Eg la til grunn at det eksisterer maktforskjellar og sosial urettvise, som gjer at det av og til er rimeleg å seia at nokre menneske er i ein offersituasjon. Kvifor skal det vera så kontroversielt og problematisk å snakka om og setja ord på dette? tenkte eg. Arbeid med feminism og kvinnepolitikk hadde fått meg til å lura på kvifor kvinnerørsla av og til blir kritisert for å framstilla alle kvinner som offer. Kunne motstanden mot offeromgrepet vera noko av grunnen til at mange unge kvinner seier dei er for likestilling, men ikkje vil kalla seg feministar? undra eg. Mitt inntrykk var at ingen vil kalla seg sjølv offer, og eg var interessert i å undersøkja kvifor.

Det viste seg at det ikkje er semje om at offeromgrepet generelt sett blir avvist. Nokre teoretikarar har skrive om offeromgrepet og meiner at offerstatus blir utnytta politisk. Dei meiner at ”alle” framstiller seg som offer, fordi offerstatusen er ei kjelde til makt. Joel Best (1999) meiner at offerideologien er eit sentralt trekk ved samtida, og at det er ein aukande tendens til å snakka om ofra i samfunnet. Offerideologien er ein viktig ressurs for alle dei som vil setja sørkjelys på sosiale problem (Best 1999:xiv). Resultatet er at viss ein legg saman alle offergrupper, så vil godt over halve folkesetnaden vera definert som offer (Best 1999:97). Sharon Lamb (1999a) er usamd i den framstillinga Best kjem med. Medan media og psykologane påstår at alle vil vera eit offer, så har ofra sjølv i aukande grad protestert høglydt mot offerstatusen. Ingen vil vera svak, stakkarsleg, hjelpelaus, underordna og invadert, og derfor vil ingen vera eit offer (1999a:118-119). Eg vil konkludera med at offeromgrepet er ambivalent; det kan vera ei kjelde til politisk merksemd, men det kan òg ha problematiske konsekvensar som gjer at personar og grupper avviser offerstatus.

Offerperspektivet som politisk brekkstong?

I kapittel 1 argumenterte eg for at *offerperspektivet* var viktig i prosessen der den nye kvinnerørsla på 1970-talet sette menns vald mot kvinner på den offentlege dagsorden, og definerte det som eit samfunnsproblem som det offentlege må ta ansvar for. Eg har ikkje grunnlag for å seia at ordet *offer* vart mykje brukt av den nye kvinnerørsla. Mitt argument er at offerperspektivet har vore viktig for å setja fokus på makttilhøva mellom menn og kvinner generelt i samfunnet, og på den skade og urett som overgripar påfører offeret gjennom vald i nære relasjonar. Seinare har delar av kvinnerørsla, kanskje særskilt dei som arbeider med vald mot kvinner, vorte kritisert og omtalt som ”offerfeministar”. Kritikken har mellom anna handla om at feministar fokuserer for mykje på seksualisert vald, undertrykking og strukturar; på den måten reproducerer dei eit negativt bilet av kvinner som gruppe, og kan ikkje forklara eller visa at endring er mogleg. Tilsvarande kritikk og usemje fanst mellom kvinneforskarar på 1970-talet. Debatten om elendeforskning versus verdigheitsforskning har parallellar til 1990-talets diskusjonar om offeromgrepet og offerperspektivet.

I kapittel 2 viste eg kvifor Krisesentersekretariatet er kritiske til offeromgrepet, og koplar denne drøftinga til spørsmål om skuld og ansvar. Offerstatus *kan* sorgja for at kvinner ikkje blir pålagt skuld og ansvar for vald og overgrep dei er utsette for, og Krisesentersekretariatet er opptekne av å hindra slik skuldlegging. Men informantane avviser likevel offeromgrepet, fordi det har konnotasjonar til passivitet og hjelpeøyse; offerstatus står i motsetnad til å bli sett på som eit aktivt, handlande subjekt. For å få offerstatus må den valdsutsette kvinnen passa inn i biletet av det passive offeret. Offerstatusen er problematisk fordi det inneber å stempla kvinnen som eit objekt, og ta frå ho subjektivitet og menneskeverd. Krisesentersekretariatet legg til grunn eit empowermentsperspektiv. Dei meiner at ein må ta utgangspunkt i at valdsutsette kvinner er handlande aktørar som har ansvaret for seg sjølv og sitt eige liv, utan at dei dermed får skuld og ansvar for handlingane til mannen. Sjølv om Krisesentersekretariatet avviser offeromgrepet, så har deira forståing av vald mot kvinner parallellar i den tolkingsramma som kvinnerørsla på 1970-talet kjempa for, og som eg har kalla offerperspektiv.

Krisesentersekretariatet ser vald mot kvinner i lys av maktulikskap mellom kjønna, og argumenterer for at ansvaret for valden må ligga på den som utøver vald.

I kapittel 3 argumenterte eg for at ideen om dei verdige ofra er viktig i norsk immigrasjonspolitikk. Hagelund (2003) viser at omgrepet sømd (decency) er eit omdreいingspunkt i den politiske diskursen om immigrasjon; sømmeleg politikk dreier seg om at dei som verkeleg treng det, skal få opphold i landet, og dermed blir det viktig å skilja ofra frå dei andre. Offerperspektivet har dermed vore ein nærliggande strategi for dei som har argumentert for liberalisering i immigrasjonspolitikken. Ein har argumentert for endring ved å understreka offerstatusen til ei bestemt gruppe, og oppmoda til å føra ein sømmeleg politikk og hjelpe dei verdig trengande. Problemene med offerdiskursar på dette feltet er at dei individuelle søkerane må passa inn i biletet av offeret for å få opphaldsløyve i Noreg. Eg meiner at forvaltningspraksis i relasjon til utlendingslova § 37 sjette ledd er eit døme på dette.

I fleire heilt ulike samanhengar har altså offerperspektivet vore viktig for å få offentlege myndigheter til å ta ansvar for og koma med tiltak i høve til sosiale problem og sårbare grupper. Som Ericsson (1993:67) formulerte det: det handlar om retten til å vera offer, både i moralsk og juridisk forstand. Offerperspektivet kan framstå som ein lovande politisk strategi for kvinnerørsla og for andre rørsler som kjempar for rettane til ei bestemt gruppe, fordi det kan brukast til å retta fokus mot maktulikskap, undertrykking eller urettvise. Offerstatus kan fungera som politisk brekkstong, og har til tider vore ein strategi for synleggjering og politisk endring, men offerperspektivet har aldri vore korkje uproblematisk eller ukontroversielt.

Postkolonial feministisk kritikk av offeromgrepet

I kapittel 1 skreiv eg om Ratna Kapur (2002) og Uma Narayan (1997) som har retta eit kritisk blikk mot offerperspektivet ut ifrå eit postkolonialt feministisk perspektiv. Når kvinner i den tredje verda generelt blir framstilt som stakkarslege offer som Vesten må redde, kan offeromgrepet tena som reiskap for imperialistisk politikk. Når kvinner frå den tredje verda blir framstilt som offer for kulturen, blir vald mot minoritetskvinner eller

kvinner frå den tredje verda konstruert som eit heilt anna fenomen enn vald mot kvinner i Vesten/majoriteten. Biletet av minoritetskvinner som offer for kulturen er med på å skapa og oppretthalda eit skilje mellom Oss og dei Andre. Som ein parallel til det postkoloniale perspektivet kritiserer Krisesentersekretariatet tendensen til at minoritetskvinner blir framstilt som passive offer i norske media. Dette er problematisk fordi det kan føra til stigmatisering av minoritetskvinner generelt. Dessutan kan det få det til å framstå som om vald mot kvinner er eit problem som berre gjeld for minoritetskvinner. På denne måten kan majoriteten sleppa unna problemstillingar knytt til kjønn og maktulikskap, og kan definera seg sjølv som likestilte.

I kapittel 3 viste eg at utanlandske kvinner som søker opphaldsløyve etter § 37 sjette ledd blir møtt med eit krav om å vera eit ”ekte” offer. Idear om det ekte offeret er gjerne kopla til etnisitet, landbakgrunn og kultur; stereotypiar knytt til russiske kvinner gjer at dei i langt mindre grad enn t.d. indiske kvinner passar inn i biletet av dei verdig trengande ofra. Offeromgrepet skaper ikkje berre eit skilje mellom minoritet og majoritet, mellom Oss og dei Andre, men kan òg differensiera mellom ulike grupper minoritetskvinner, mellom dei som blir sett på som offer og dei som blir sett på som kyniske og kalkulerande personar. Offeromgrepet er problematisk frå eit postkolonialt feministisk perspektiv når det er med på å reproduksjonera eit skilje mellom majoritet og minoritet, der minoritetskvinner blir framstilt som dei absolutte ofra og minoritetsmenn som overgripalar. I denne samanhengen fungerer offeromgrepet som eit stigma. Eit mål med analysearbeidet har vore å utfordra og problematisera stereotypiar og dikotome representasjonar av offer/overgripar, kvinner/menn, minoritet/majoritet.

”Offer” – ein identitet eller ein situasjon?

I kapittel 1 argumenterte eg for at offeromgrepet var meint som eit relasjonelt omgrep; ein ville setja fokus på maktulikskapen mellom offer og overgripar, og på den undertrykkande relasjonen. Etter kvart har offeromgrepet i aukande grad blitt kritisert og problematisert. Eg trur dette heng saman med at offeromgrepet blir forstått som ein individuell karakteristikk, ikkje eit relasjonelt omgrep. Lamb (1999a) peiker på at ingen vil bli sett på som svak, verjelaus og passiv. Innan vestleg demokratisk og individualistisk tankegang finst det ei sterk tru på at sjølvbet er vår eigen unike kreasjon. Ingen vil

stemplast av andre. Trua på at me som individ har makt til å definera oss sjølve kan føra til at folk blir blinde for maktulikskap (Lamb 1999a:118-121). ”En kan spørre seg hva som har skjedd når en i dag ikke lenger ser undertrykking som et kollektivt produsert samfunnsproblem, men heller som individuelle feil ved enkeltmennesker” skriv Anne-Jorunn Berg (2004:81). Men det spørst om dette er eit nytt fenomen; i 1977 kritiserte Sørensen forskinga for å forklara kvinneundertrykking med kvinnens eigenskapar som individ eller gruppe (Sørensen 1977). Offeromgrepet mistar sin frigjerande funksjon når det blir brukt som ein individuell karakteristikk, skriv Høigård (1993:53). Eg vil argumentera for at offeromgrepet er problematisk når det blir forstått som ein karakteristikk av eit individ eller ei gruppe. Viss alle minoritetskvinner blir framstilt som offer, så er det problematisk og fungerer stigmatiserande. Når ei valdsutsett kvinne blir stempla som offer, kan det bli oppfatta som ei nedvurdering av personen. Offerkategorien kan tena til å objektivera kvinnekroppen; ho er ikkje ein person, men eit objekt (Lamb 1999a:113). Offeromgrepet blir assosiert med objektstatus, og på den måten kan det vera ein måte å frårøva eit individ eller ei gruppe humanitet.

Dorothy Smith kritiserer vitskapen for å ta utgangspunkt i det individuerte subjektet; ved hjelp av kategoriar som rase, klasse og kjønn blir det sosiale redusert til eigenskapar ved det einskilde subjektet (Smith 1999:106). Kanskje er offerdiskursen problematisk fordi han er basert på det individuerte subjektet? Når offeromgrepet blir forstått som ein individuell identitet eller ein gruppekarakteristikk, så blir det statisk, essensialistisk og tilsvarande problematisk. Blir offer forstått som ein abstrakt kategori som er definert i motsetnad til subjektivitet (subjekt/offer), så er det ikkje eit særskilt nyttig omgrep. Smith (2005) meiner at oppgåva til sosiologien er å utforska det sosiale, utforska styringsrelasjonar og institusjonelle ordningar og visa kva sosiale relasjonar som ligg bak dei abstrakte omgropa. Eg har utforska korleis offeromgrepet og offerdiskursen organiserer og koordinerer sosiale relasjonar og institusjonell praksis. Offeromgrepet kan tena til å skildra sosiale relasjonar; det kan vera noko anna enn ein identitetskategori som kvinner eller minoritetar kan plasserast inn i. Når alt kjem til alt er spørsmålet kva me legg i offeromgrepet. Måten me forstår offeromgrepet på er eit produkt av sosiale relasjonar, kulturen og språket (Lamb 1999b:3). Med eit slikt utgangspunkt trur eg ikkje

at offeromgrepet blir ei så problematisk nemning. I boka *Det annet kjønn* (2000) argumenterer den franske filosofen Simone de Beauvoir for å forstå kvinnekroppen som ein *situasjon*, ikkje essens. Eg vil argumentera for at det går an å få gjennomslag for ei meir nyansert forståing av offeromgrepet, der offerstatus ikkje er ein uforanderleg essens eller eit kjenneteikn med individet, der offer er ein situasjon, i tråd med Simone de Beauvoirs feministiske filosofi. Utfordringa er å utvikla institusjonelle ordningar som tek høgd for at det går an å vera både offer og aktivt handlande subjekt, og det trur eg er mogleg.

Reproduksjon av offerdiskursen?

Mine informantar kritiserer høvesvis offeromgrepet som nemning på valdsutsette kvinner og offerkravet i utlendingspraksis. Eg har vist at kritikken av offerkravet og offeromgrepet er relatert til institusjonelle ordningar og informantane arbeidspraksistar. Anne-Jorunn Berg (2004:69) har undersøkt kategorien ”innvandrarkvinne” og har peika på at det er vanskeleg å unngå å reprodusera dei kategoriane og omgropa ein undersøkjer og problematiserer. Når eg i denne oppgåva har utforska offeromgrepet, og skrive at offeret gjerne blir oppfatta som passivt og hjelpelaust, så kan ein innvenda at dette i seg sjølv kan vera med på å reprodusera dikotomien subjekt/offer. Kva med informantane si problematisering av offeromgrepet, kan dei kritiserast for å vera med på å reprodusera dei omgropa og forståingane dei kritiserer? Er informantane med på å reprodusera kategoriane minoritet/majoritet og kvinne/mann?

Krisesentersekretariatet understrekte at minoritetskvinner generelt og valdsutsette kvinner spesielt ikkje er passive offer. Dei vil ikkje nytta offeromgrepet som merkelapp fordi dei meiner at dette inneber ei nedvurdering og stakkarsleggjering av kvinnene. Samstundes peikte dei på at marginaliserte kvinner, særskilt minoritetskvinner, kan vera i ein meir sårbar situasjon enn andre kvinner. Advokaten meiner at først og fremst kvinner bør få sjølvstendig opphold frå dag éin, fordi det stort sett er kvinner som blir utsett for mishandling. På denne måten kan ho kritiserast for å reprodusera ei forståing av vald der berre kvinner kan sjåast på som offer, medan menn er overgripalar. Det kan vera vanskeleg å trekkja klare grenser mellom stigmatisering og det å snakka om faktiske skilnader i ressursar, makt og sosial posisjon. På den eine sida argumenterer informantane

for at kvinner med minoritetsbakgrunn skal ha like rettar som andre norske kvinner, og kvinner like rettar som menn, men samstundes artikulerer dei ulikskap i situasjonen mellom minoritet og majoritet, kvinner og menn. Forskjell og likskap er ein klassisk problematikk som har vorte tematisert mykje innanfor feministisk teori (t.d. som "Wollstonecraft's dilemma"; Pateman 1992:19-20). Eg meiner at informantane samstundes utfordrar den etablerte offerdiskursen. Dei peiker på at mange valdsutsette kvinner, både minoritetskvinner og majoritetskvinner, greier seg godt etter at dei har brote med valdsutøvaren. Derfor er det problematisk å krevja at kvinner skal vera passive, hjelpelause, svake og kunne visa til varige skader for å få offerstatus. Informantane viser at kvinner kan vera aktive, sterke, handlande og ansvarsfulle, men samstundes (eller på eit anna tidspunkt i prosessen) vera utsette, avmektige og uskuldige. På denne måten utfordrar og undergrev dikotomiar som aktiv/passiv, subjekt/objekt, skuld/uskuld og minoritet/majoritet. På bakgrunn av dette vil eg konkludera med at informantane ikkje berre reproducerer offerdiskursen, men at dei utfordrar og forhandlar stereotypiar og arketypiske framstillingar av både valdsutsette kvinner og minoritetskvinner.

Evaluering av det metodiske verktøyet

Objektivering og subjektposisjon

Ved å plassera menneske i kategorien ”offer” gjer ein personen til eit objekt, og fråkjenner ho humanitet. På dette grunnlaget har offeromgrepet vorte kritisert. Dorothy Smith (2005) kritiserer sosiologien for å gjera dei ein studerer til objekt; tradisjonen i sosiologien er at ein ser på intervjupersonane som representantar, som objekt. Ho fremjar institusjonell etnografi som ein alternativ måte å gjera sosiologi på. Kritikk av objektivering er derfor ein parallel mellom temaet i denne oppgåva, og det metodiske og teoretiske rammeverket eg har valt å ta utgangspunkt i. Smith argumenterer for ein sosiologisk metode som ikkje gjer menneske til objekt. Ho meiner ein må leggja til grunn at menneske er personar som har kunnskap, ikkje objekt som forskaren skal forklara. I eit prosjekt basert på institusjonell etnografi har intervjupersonane derfor ei litt anna rolle enn det som er vanleg i kvalitative sosiologiske undersøkingar. Ein er ikkje ute etter informasjon om intervjupersonane, men det kunnskapen informantane har om arbeidet sitt og dei institusjonelle ordningane dei inngår i. Arbeidet med denne oppgåva har gjort

det tydeleg for meg at kunnskapsproduksjon kan vera eit kollektivt prosjekt. Eg har ikkje produsert kunnskap om informantane; i lag med informantane har eg kartlagt det institusjonelle landskapet. Etter å ha forsøkt denne metoden vil eg konkludera med at det går an å handsama informantane som kunnskapssubjekt, ikkje som objekt, og eg vil argumentera for at det har vore eit fruktbart utgangspunkt for denne undersøkinga.

Å undersøkja diskursar med utgangspunkt i erfaring

Då eg skulle finna eit metodisk nedslagsfelt for å utforska offeromgrepet, vurderte eg å undersøkja korleis offeromgrepet blir brukt i media. Eg ville gjera ein diskursanalyse av avisartiklar. Ein professor som rettleidde meg i ein tidleg fase av prosjektutviklinga, fortalte meg at ho meinte det var fullstendig likegyldig kva ei lita gruppe menneske som skriv i avisene måtte meina om offeromgrepet. Eg tok dette som eit teikn på at prosjektet mitt var uinteressant, og vart ganske demotivert. Då eg bestemte meg for å arbeida med utgangspunkt i institusjonell etnografi, valde eg å gå vekk ifrå ideen om å analysera debattar i media. Smith (2005) argumenterer for at forskaren bør byrja med å undersøkja erfaring; ein etablerer ein subjektposisjon innanfor diskursen og gjer dette til startpunktet for undersøkinga. Dette er ein annan måte å gjera ting på enn å byrja med tekst- og diskursanalyse. Ein analyse av avisartiklar ville kunne gje eit overblikk over ulike argument og ulike forståingar av offeromgrepet i den offentlege debatten. Eg ville kanskje hatt grunnlag for å kategorisera og systematisera ulike argument og ulike diskursar. Eg trur dette kunne vore interessant, men eg ville ikkje kunne seia noko om kva som er bakgrunnen for dei ulike forståingane, og i kva kontekst folk har utikla argumenta og synspunkta sine. Eg ville heller ikkje kunne seia noko om kva makt- og reguleringsregime som styrer og legg føringar for institusjonell praksis. Eg ville kunne koma med påstandar om kva diskursar eg meiner eksisterer i den offentlege debatten, men ikkje seia så mykje om kva konsekvensar desse diskursane har innanfor ulike institusjonelle ordningar. Eg vil konkludera med at det har vore vellukka å undersøkja diskursar med utgangspunkt i praksis, og med fokus på institusjonelle prosessar og styringsrelasjoner.

Å kartleggja eit institusjonell landskap

Kartlegginga eg har presentert i denne oppgåva er basert på informasjon eg har fått av informantane. Arbeidskunnskap er kopla til tekstanalyse, og på denne måten har eg kasta lys over generelle trekk ved institusjonelle ordningar og praksis. Det informantane har å fortelja, er ikkje berre noko informantane tilfeldigvis meiner eller tenkjer, men seier noko om den institusjonelle konteksten dei arbeider i, og kan kasta lys over korleis styring føregår i praksis. Lovtekstane eg analyserte i kapittel 3 er i prinsippet tilgjengelege for alle. Men det ville vore vanskeleg for meg å finna fram i all denne informasjonen utan informanten. Informanten har kunnskap om dei institusjonelle ordningane, og viste meg kva regulerande tekstar som er relevante for hennar arbeid. Den informasjonen eg har fått av informantane er av ein heilt annan karakter enn informasjon om informantane som personar. Informasjon om informantane kunne eg kategorisert, gruppert i idealtypar og vurdert. Slik informasjon ville det ikkje vore mogleg å følgja vidare gjennom å undersøkja styrande tekstar, og dermed ville det ikkje vore mogleg å seia noko generelt på same måte. Det generelle kjem til uttrykk i det lokale og partikulære; i eit konkret saksvedtak, relatert til ein bestemt og ganske lite kjent lovparagraf, kjem generelle prosessar, ordningar, politikk og lovar til syne. Eg har oppdaga det generelle i det partikulære og eg har oppdaga noko nytt om offeromgrepet.

I analysane av treårsregelen og § 37 sjette ledd hadde eg høve til å følgja konkrete saker, og dermed visa korleis det lokale er vove inn i og styrt av generelle ordningar. Intervjuet med Krisesentersekretariatet gav ikkje same moglegheit til å følgja konkrete saker. Dette trur eg er grunnen til at kapittel 2 i mindre grad enn kapittel 3 kastar lys over korleis mikro- og makrorelasjonar er bundne saman. Særleg med bakgrunn i analysane frå kapittel 3 vil eg konkludera med at institusjonell etnografi har vore ein svært fruktbar reiskap. Smith (2005; 2006b) skisserer ein måte å gjera sosiologiske undersøkingar av institusjonelle ordningar på. Kategorisering er eit sentralt trekk ved den juridiske diskursen; at juristar og byråkratar er trente i å relatera seg til dette, er ikkje noko nytt. Smith viser korleis analysar av institusjonelle ordningar kan koplast til etnografiske studium, og visa korleis mikro- og makrorelasjonar heng saman. Institusjonell etnografi

representerer eit verktøy som har vore til nytte i arbeidet med å kartleggja og systematisera institusjonelle prosessar og prosedyrar.

Klart standpunkt, open undersøking

Prosjektet mitt, i lag med prosjekta til mine kollegaer Mette Jansen Wannerstedt (2007) og Halvard Utvik Gjerde (2007), er å rekna som nybrottsarbeid innan norsk sosiologi; ingen har prøvd ut institusjonell etnografi i praksis før. Eg hadde ikkje sett på førehand kor krevjande dette kunne bli. Institusjonell etnografi er nemleg ikkje ein metode som gjev ei konkret oppskrift på korleis ei undersøking kan gjennomførast steg for steg, men ein måte å spørja på (a method of inquiry) (Smith 2005:2). Utforsking inneber å gå i ukjent terrenget, å nysta opp trådar ein ikkje veit kvar endar. Det har vore mykje arbeid å finna ut korleis eg kunne bruka institusjonell etnografi i høve til mitt prosjekt. Dorothy Smith (2005) er tydeleg på at ho meiner at institusjonelle etnografar bør gjera ståstadten til konkrete menneske til startpunktet for undersøkinga. Startpunktet er altså klart definert, men kvar skal undersøkinga enda? Eg valde å gjera Krisesentersekretariatet og MiRA-senteret sitt perspektiv til startpunkt for undersøkinga. Derfrå arbeidde eg meg vidare, intervjuja advokaten om offerkravet, og enda opp med å undersøkja offerdiskursar i utlendingsforvaltninga og i norsk immigrasjonspolitikk. Eg kunne ikkje vita på førehand korleis undersøkinga skulle arta seg. At eg skulle enda opp med å skriva om utviklinga i norsk immigrasjonspolitikk, og kva rolle offeromgrepene speler her, overraska meg. Å utforska korleis styring føregår i samtida er i prinsippet eit prosjekt utan ende (Smith 2005:2-3). Med ei målsetting om å oppdaga noko nytt kan det vera ein fordel at prosjektet er fleksibelt. Men for min del har det vore ei ufordring å laga eit prosjektdesign som lar seg handtera innanfor rammene for oppgåva. Det har vore freistande å følgja opp alt, noko eg sjølv sagt ikkje kan gjera. På den andre sida er dette neppe unikt for institusjonell etnografi; forsking føregår innanfor økonomiske og strukturelle rammer som legg føringar for arbeidet. Det vil som regel vera interessante spørsmål ein ikkje har høve til å følgja opp, men det kan gje retning til vidare forsking.

Kartlegging og vidare forsking

Målet med institusjonell etnografi er å teikna eit kart over det institusjonelle landskapet, eit kart som skal vera til nytte (Smith 2005:160-161). Kartlegginga eg har gjort i denne

oppgåva er ein representasjon av røynda, frå ein bestemt ståstad, og kan vurderast ut ifrå om kartet stemmer med landskapet, og om skildringa kan kasta lys over *det sosiale*. Kven kan ha nytte av kartet? Eg vonar at kartet kan vera til nytte i vidare forsking, og eg vil skissera nokre moglege retningar for vidare kartlegging. Kartet viser korleis offerperspektivet har vore nyttig for kvinnerørsla, men samstundes er det tydeleg at offeromgrepet har negative og problematiske sider. Eit tema for vidare forsking kunne vera å undersøka utviklinga i omgrep, dilemma og perspektiv i norsk kvinnekamp. Krisesentersekretariatet har vist meg at offeromgrepet er ei problematisk nemning på valdsutsette kvinner fordi offerkategorien ikkje fanger opp kompleksiteten i den situasjonen valdsutsette kvinner er i. Det ville vore interessant å gjera ei vidare undersøking av offerstatusen til ulike grupper innanfor ulike institusjonar og verksemder, til dømes krisesentra og barnevernet. Advokaten har vist kva konsekvensar offerkravet har i handsaminga av utlendingsforskrifta § 37 sjette ledd, og korleis offerdiskursen er vove inn i institusjonelle ordningar og politisk rammeverk. Liknande lovverk og institusjonelle ordningar finst i Sverige, Danmark (sjå Madsen et al. 2005) og Storbritannia (sjå Patel 2002:133-136). Eg trur det ville vore interessant å samanlikna og kartleggja europeisk immigrasjonspolitikk i skjeringsfeltet mellom kvinnernas menneskerettar og diskursar og praksisar knytt til ekteskap og familie. Men ikkje minst vonar eg at oppgåva mi er interessant og nyttig for informantane mine, og det ønskjer eg at dei skal få høve til å vurdera gjennom å tilbakeføra kunnskapen frå prosjektet. Kartet kan òg vera nyttig for andre som vil gjera eit etnografisk prosjekt, andre som skal skriva om kvinnerørsla og vald mot kvinner, andre som arbeider med feministisk sjølvforsvar, andre som har bruk for kunnskap om utlendingsforskrifta § 37 sjette ledd, eller om søknadsprosessar i UDI generelt eller andre som har undra seg over kva som er problemet med offeromgrepet.

Referansar:

- Ahnfelt, Ellen. 1987. "Kvinnemishandling - fra privat problem til offentlig ansvar. En dagsordensbyggingsprosess." Institutt for statsvitenskap. Universitetet i Oslo.
- AID 2006: *Instruks for å hindre familiesameining på grunnlag av proformaekteskap/partnarskap* AI-8/2006. Arbeids- og inkluderingsdepartementet. Innstruks til UDI.
http://www.dep.no/aid/norsk/dok/andre_dok/rundskriv/068071-250006/dok-bn.html lesedato: 31.01.07
- Akhavan, Sharareh and Carina Bildt. 2006. "Arbetshälsa ur perspektiven klass, genus och etnisitet." in *Kors og tvärs. Intersektionalitet och makt i storstadens arbetsliv*, edited by E. Gunnarsson, A. Neergaard, and A. Nilsson: Normal Förlag.
- Anstorp, Trine, Elisabeth Torp, and Beate Indrebø Hovland. 2003. "Fra skam til verdighet : teologisk og psykologisk arbeid med vold og seksuelle overgrep." Oslo: Universitetsforlaget.
- Atmore, Chris. 1999. "Victims, Backlash, and Radical Feminist Theory (or, The Morning after They Stole Feminism's Fire)." Pp. 183-212 in *New versions of victims : feminists struggle with the concept*, edited by S. Lamb. London: New York University Press.
- barnelova *Lov om barn og foreldre av 8. april 1981 nr 2 (barnelova)*.
<http://www.lovdata.no/all/nl-19810408-007.html>
- barnevernlova *Lov om barneverntjenester av 17. juli 1992 nr 15 (barnevernlova)*.
- Beauvoir, Simone. 2000. *Det annet kjønn*. Oslo: Pax forlag.
- Berg, Anne-Jorunn. 2004. "Taus forlegenhet? Rasialisering, hvithet og minnearbeid." *Kvinneforskning* 2:68-83.
- I kvinnernas bilden : bidrag till en kvinnessociologi*. 1977 edited by: Berg, Anne Marie, Åse Berge, Annemor Kalleberg, and Arnlaug Leira Oslo: Pax. I kommisjon for Danmark: politisk revy
- Berntsen, Kristin. 2005. *Hjelperens rolle - i arbeidet med voldsutsatte kvinner og deres barn*. Krisesentersekretariatet: Oslo.
- Bertnes, P and H Kongshavn. 1999. Praktisk rettskildelære. En innføring Web-versjon av boka Praktisk Rettskildelære: juridisk informasjonssøking.
<http://juridisk.net/prjus/> sist endret: 2005 lesedato: 2007
- Best, Joel. 1999. *Random Violence. How We Talk about New Crimes and New Victims*. London: University of California Press
- BFD 2004: *Retningslinjer for statstilskudd til krisetiltak i 2004*. Q-1/04 B. Barne- og familieliedepartementet.
<http://odin.dep.no/bld/norsk/dok/regelverk/rundskriv/004071-25001> lesedato: 21.11.2006
- BFD 2005: *Barnevernet og taushetsplikten, opplysningsretten og opplysningsplikten*. Rundskriv Q-24. Det kongelige barne og familieliedepartementet. Rundskriv.
<http://www.regjeringen.no/nb/dep/bld/dok/rundskriv/2005/Barnevernet-og-taushetsplikten-opplysningsretten-og-opplysningsplikten.html?id=109472> lesedato: 29.03.2007
- BLD *Høringsbrev - forskrift om opplysningsplikt mv. for kriesentre til barnevernet*. 2006 Barne- og likestillingsdepartementet

- Brantenberg, Gerd, Ellen Kirsti, and Asta Magni Lykkjen. 1976. *Forbrytelse mot kvinner. Internasjonalt tribunal i Brussel 4.-8. mars 1976*. Tribunalgruppa, Krisesentergruppa, Lønn for husarbeid-gruppa, Nyfeministene, Lesbisk Bevegelse, Kvinnesaksgruppa, Fri Rettshjelp for kvinner, Det norske Forbundet av 1948.: Oslo.
- Brochmann, Grete. 2003. "Del II 1975-2000." in *Norsk innvandringshistorie. I globaliseringens tid 1940-2000*, edited by K. Kjeldstadli. Oslo: Pax Forlag.
- Bråten, Beret and Heidi Elisabeth Sandnes. 2005. "Vold - et spørsmål om kultur?" KILDEN <http://kilden.forskningsradet.no/c16880/artikkelsvis.html?tid=37020>
lesedato: 06.10.2005
- Butler, J. 1993. "Preface" & "Introduction." Pp. ix-xii, 1-23 in *Bodies that Matter. On the Discursive Limits of "Sex"*: Routledge.
- Christie, Nils. 1986. "The Ideal Victim." Pp. 17-30 in *From crime policy to victim policy*, edited by E. A. Fattah. London: The Macmillan Press LTD.
- Davidson, Julia O'Connell. 2005. *Children in the global sex trade*. Cambridge: Polity Press.
- De los Reyes, Paulina and Diana Mulinari. 2005. *Intersektionalitet - kritiska reflektioner över (o)jämlikhetens landskap*. Stockholm: Liber.
- DeVault, M. L and L McCoy. 2006. "Institutional Ethnography: Using Interviews to Investigate Ruling Relations." Pp. 15-44 in *Institutional Ethnography as Practice*, edited by D. E. Smith. Oxford: Rowman & Littlefield publishers, inc.
- Diamond, Timothy. 2006. ""Where Did You Get the Fur Coat, Fern?" Participant Observational in Institutional Ethnography." Pp. 45-63 in *Institutional Ethnography as Practice* edited by D. E. Smith. Oxford: Rowman & Littlefield publishers, inc.
- Ericsson, Kjersti. 1993. "Kvinner som handlende offer." *Nordisk Tidsskrift for Kriminalvidenskab* 2:76-85.
- Fabricius, Susanne and Kari Wærness. 1979. "Elendighet, værdighed eller virkelighet. Et polemisk etterkskrift", "Svar til Susanne Fabricius." *Nytt om kvindeforskning* 4/1979:15-18.
- forvaltningslova lov om behandlingsmåten i forvaltingssaker av 10. februar 1967 (forvaltningslova).
- Furedi, Frank. 2003. *Therapy culture : cultivating vulnerability in an uncertain age*. London: Routledge.
- Gavey, Nicola. 1999. ""I Wasn't Raped, but...": Revisiting Definitional Problems in Sexual Victimization." Pp. 57-81 in *New versions of victims : feminists struggle with the concept*, edited by S. Lamb. New York: New York University Press.
- Gjerde, Hallvard U. 2007. "Hvordan gjøre det individuelle kollektivt? En studie av en strykekvarsettets arbeidsmåte." Masteroppgave. Rettleiar: K. Widerberg Institutt for sosiologi og samfunnsgeografi. Universitetet i Oslo. Upublisert per 01.05.2007
- Grambo, Bente. 2001. *Domstolenes holdninger i voldtekts og sedelighetssaker*. Likestillingssenteret og Barneombudet: Oslo.
- Griffith, Alison I. 2006. "Constructing Single Parent Families for Schooling: Discovering an Institutional Discourse." Pp. 127-138 in *Institutional Ethnography as Practice*, edited by D. E. Smith. Oxford: Rowman & Littlefield publishers, inc.

- Grosz, Elizabeth. 1994. "Refiguring Bodies." Pp. 3-24 in *Volatile bodies : toward a corporeal feminism*. St. Leonards, N.S.W.: Allen & Unwin.
- Hagelund, Anniken. 2003. "The importance of being decent. Political discourse on immigration in Norway 1970-2002." Institutt for samfunnfsforskning Oslo.
- Halsaa, Beatrice. 2004. "Feministisk forskning - feministisk politikk." først publisert i Kvinneforskning nr 1/2003
<http://kilden.forskningsradet.no/c35640/artikkel/vis.html?tid=35500> lesedato: 07.09.2006
- Hart, Barbara J. 2001. "Children of Domestic Violence: Risks and Remedies "
<http://www.casanet.org/library/domestic-abuse/risks-remedies.htm#Introduction>
lesedato: 27.03.2007
- Haukaa, Runa. 1982. *Bak slagordene. Den nye kvinnebevegelsen i Norge*. Oslo: Pax Forlag A/S.
- Holth, Torhild B. 2004. *Implementering av et kjønnsperspektiv i norsk flyktningrett*. Oslo: Institutt for offentlig rett Unipub.
- Høigård, Cecilie. 1993. "The victim as expert: active and captive." *NORA* 1:51-64.
- Justis- og politidepartementet. 2005. *Vold i nære relasjoner (2004-2007) elektronisk ressurs*. Oslo: Justis- og politidepartementet.
- Justisdepartementet 2000: *Endring i rundskriv G-73-96 - retningslinjer for fri rettshjelp i utlendingssaker*. Rundskriv G-00-09. UDI.
http://www.udi.no/upload/Rundskriv/Rundskriv%202002/rs2002_117V.doc
- Kapur, Ratna 2002. "The Tragedy of Victimization Rhetoric: Resurrecting the "Native" Subject in International/Post-Colonial Feminist Legal Politics." *Harvard Human Rights Journal* 15:1-37.
- KIM. 1995. *Kvinner og oppholdstillatelse. En vurdering av behov for rett til opphold på selvstendig grunnlag ved familiegjenforening i utlendingssaker*. Kontaktutvalet mellom innvandrere og norske myndigheter (KIM).
- Kolfjord, Ingela. 2004. "Offerskapandets problematik." *Retfærd* 105:54-71.
- Krisesentersekretariatet "Vedtekter for Krisesentersekretariatet" Sist handsama og endra i 2005 <http://www.krisesenter.com/sekretariatet/organisasjonsplan.pdf>
- Krisesentersekretariatet. 2006. "Sekretariatet."
<http://www.krisesenter.com/sekretariatet/sekretariatet.html> lesedato: 16.02.2007
- Kvale, Steinar. 1997. *Interview : en introduksjon til det kvalitative forskningsintervju*. København: Hans Reitzels Forl.
- Lamb, Sharon. 1996. *The trouble with blame: victims, perpetrators, and responsibility*. Cambridge, Mass.: Harvard University Press.
- Lamb, Sharon. 1999a. "Constructing the Victim: Popular Images and Lasting Labels." Pp. 108-138 in *New versions of victims : feminists struggle with the concept*, edited by S. Lamb. London: New York University Press.
- Lamb, Sharon. 1999b. "Introduction." Pp. 1-12 in *New Versions of Victims. Feminist Struggle with the Concept*, edited by S. Lamb. London: New York University Press.
- New versions of victims : feminists struggle with the concept*. 1999c edited by: Lamb, Sharon New York: New York University Press
- Layder, Derek. 1994. *Understanding social theory*. London: Sage.

- Leira, Halldis Karen. 2002. "Kapittel 2 To skritt fram, ett tilbake, og nye to skritt fram? - Om motstand mot kunnskap om menns vold mot kvinner." Pp. 31-52 in *Menns vold mot kvinner : behandlingserfaringer og kunnskapsstatus*, edited by M. Råkil. Oslo: Universitetsforlaget.
- Lidén, Hilde 2005. *Transnasjonale serieekteskap. Art, omfang og kompleksitet*. Institutt for samfunnsforskning: Oslo.
- Lien, Sandra and Elisabeth Nørgaard. 2006. *Rapportering fra krisesentrene 2005*. Statistisk Sentralbyrå: Oslo-Kongsvinger.
http://www.ssb.no/emner/03/04/rapp_200625/rapp_200625.pdf
- Lindgren, Magnus 2004. "Brottsofferet i rättsprocessen. Om idealna brottsoffer och god myndigheter." Stockholms Universitet.
- Ljoså, Tone. 2001. "Mishandlet utenlandsk kvinne - trygg i Norge?" Pp. 42-62 in *Tvers igjennom lov til seier*, edited by Juss-buss. Oslo: Unipax.
- Lønnå, Elsabeth. 1996. *Stolthet og kvinneskamp. Norsk kvinnaksforenings historie fra 1913*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Madsen, D. H, R Paul, A Schlytter, and A Jemteborn. 2005. *Fanget mellom lov og liv. Rapport om voldsramte minoritetskvinder i norden*. Center for ligestillingsforskning ved Roskilde Universitetcenter, Likestillingssenteret i Oslo, Socialhögskolan ved Stokholm Universitet: Roskilde.
- Mathiesen, Thomas. 2005. "II. Rettssosiologiens spørsmålsstillinger." in *Retten i samfunnet. En innføring i rettssosiologi*. Oslo: Pax Forlag A/S.
- Mellberg, Nea. 2002. *När det överkliga blir verklighet. Mödrars situastion när deras barn utsätts för sexuella övergrepp av fäder*. Umeå: Boréa Bokförlag.
- Minow, Martha 1993. "Surviving victim talk." *UCLA Law Review* 40:s 1411-1445.
- MiRA-Senteret. 2006. "Aktiviteter." <http://www.mirasenteret.no/aktiviteter/index.html> lesedato: 22.11.06
- Mjøset, Lars. 2003. "Sju teser om positivismekritikkens utfordringer ved århundreskriftet" *Sosiologisk tidsskrift* 1/03:23-44.
- Morken, Kristin and Per Selle. 1995. "An alternative movement in a 'state-friendly' society: the women's shelter movement." in *Women in Nordic Politics. Closing the Gap*, edited by L. Karvonen and P. Selle. Aldershot: Dartmouth.
- Narayan, Uma. 1997. *Dislocating Cultures: identities, Traditions, and Third-World Feminism*. New York/London: Routledge.
- "Norsk Krisesenterforbund - NOK!" 2006
<http://www.norskkrisesenterforbund.no/hXGYBS2RjWZA.1.idium> Lesedato: 11.04.2007
- NSD. 2005. "Meldeskjema."
<http://www.nsd.uib.no/personvern/melding/meldeskjema.doc> lesedato: 01.04.2007
- Patel, Pragna. 2002. "Back to the future: avoiding *déjà vu* in resisting racism." Pp. 128-148 in *Rethinking anti-racisms : from theory to practice*, edited by F. Anthias and C. Lloyd. London: Routledge.
- Pateman, Carole. 1992. "Equality, difference, subordination; the politics of motherhood and women's citizenship." Pp. 17-31 in *Beyond equality & difference*, edited by G. Bock and S. James. New York: Routledge.

- Paul, Rachel M. E. 2005. "Rapport fra Norge." in *Fanget mellom lov og liv. Rapport om voldsramte minoritetskvinner i Norden*, edited by D. H. Madsen, R. Paul, A. Schlytter, and A. Jemteborn. Roskilde: Center for ligestillingsforskning ved Roskilde Universitetscenter, Likestillingssenteret i Oslo, Socialhögskolan ved Stokholm Universitet.
- Pervaiz, Ashy. 2003. "Utenlandske kvinnens oppholdstillatelse. Utenlandske kvinnens rett til oppholdstillatelse i Norge etter samlivsbrudd med norsk ektefelle." Rettleiar: A. Hellum Det juridiske fakultet. Universitetet i Oslo Oslo. 25. november 2003
- Razack, Sherene. 2000. "Your Place or Mine? Transnational Feminist Collaboration." Pp. 39-54 in *Anti-Racist Feminism*, edited by A. Calliste and G. J. Sefa Dei. Halifax: Fernwood Publishing.
- Renzetti, Claire. 1999. "The Challange to Feminism Posed by Women's Use of Violence in Intimate Relationships." Pp. 42-65 in *New Versions of Victims. Feminists Struggle with the Concept*, edited by S. Lamb. London: New York University Press.
- ROSA. 2005. "ROSA-hjelp.no." <http://www.rosa-help.no/> lesedato: 28.03.2007
- Rosenberg, Tiina. 2006. *L-orDET. Var tog alla lesbiska vägen?* Stockholm: Normal förlag.
- Said, Edward. 1979. *Orientalism*. New York: Vintage Books.
- Salimi, Fakhra. 2004. "Noen av oss er modige." *MiRA-Magasinet Jubileumsnummer 01-02/04:13-37.*
- Sandberg, Sveinung and Willy Pedersen. 2006. *Gatekapital*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Sen, Purna 2005 "Norwegian Policy on Immigrant Women subject to Violence" innlegg på konferansen *Mishandling og rettsikkerhet: Utfordringer for en antirasistisk feminism* Likestillingssenteret. Unpublished.
- Skjeie, Hege and Mari Teigen. 2003. "Kapittel 11. Vikeplikt." Pp. 209-222 in *Menn imellom : mannsdominans og likestillingspolitikk, Makt- og demokratiutredningen 1998-2003*. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Skjørten, Kristin. 2002. *Lov og rett mot familievold?* Oslo: Pax.
- Skjørten, Kristin. 2004. "Kvinnemishandling - kunnskap og politikk." *Kvinneforskning* 3:63-75.
- Skjørten, Kristin. 2005. "Medieprisme på vold mot kvinner." *Tidsskrift for kjønnsforskning* 4:4-19.
- Smith, Dorothy E. 1999. "Telling the Truth After Postmodernism." in *Writing the Social: Critique, Theory and Investigations*. Toronto: University of Toronto Press.
- Smith, Dorothy E. 2005. *Institutional Ethnography. A Sociology for People*, Edited by J. A. R. Howard, B.; Sprague, J. Oxford: AltaMira Press, Rowman & Littlefield Publishers.
- Smith, Dorothy E. 2006a. "Incorporatin Texts into Ethnographic Practice." Pp. 65-88 in *Institutional Ethnography as Practice*, edited by D. E. Smith. London: Rowman & Littlefiled Publishers, inc.
- Institutional ethnography as practice.* 2006b edited by: Smith, Dorothy E. Oxford: Rowman & Littlefield publishers, inc
- Snare, Annika and Cecilie Høigård. 1983. "Noen trekk ved nordisk kvinnekriminologi." Pp. 7-18 in *Kvinners skyld : en nordisk antologi i kriminologi*. Oslo: Pax.
- Spivak, Gayatri 1987. "French feminism in an international frame." Pp. 134-153 in *In Other Worlds. Essay in Cultural Politics*. N.Y. and London: Methuen.

- straffelova *straffelov av 22. mai 1902 nr 10 (straffelova)*.
straffeprosesslova *lov om rettergangsmåten i straffesaker av 22. mai 1981 nr 25 (straffeprosesslova)*.
- Sørensen, Bjørg Aase. 1977. "Arbeiderkvinner og verdighet." in *I kvinnens bilde: bidrag til en kvinnenesosiologi*, edited by A. M. Berg, Å. Berge, A. Kalleberg, and A. Leira. Oslo: Pax forlag, i kommisjon for Danmark: politisk revy.
- Thagaard, Tove. 2003. *Systematikk og innlevelse : en innføring i kvalitativ metode*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Thorbjørnsrud, Berit. 2003. "Weeping for the Muslim Cinderellas." *Norsk tidsskrift for migrasjonsforskning* 2/03:133-145.
- Turner, Susan Marie. 2006. "Mapping Institutions as Work and Texts." Pp. 139-162 in *Institutional Ethnography as Practice* edited by D. E. Smithe. London: Rowman & Littlefiled Publishers, inc.
- UDI 2002: *Retningslinjer for behandling av saker som gjelder ny oppholdstillatelse for utenlandske kvinner etter samlivsbrudd - utleningsforskriften §§ 21 femte ledd, jf § 37 sjette ledd*. Rundskriv UDI 02-117 SODA. Saksnummer: 02/5503.
Utlendingsdirektoratet. Rundskriv.
<http://www.udi.no/templates/Rundskriv.aspx?id=2429>
- UDI. 2006a. "Om UDI." <http://www.udi.no/templates/Page.aspx?id=4505> lesedato: 12.02.2007
- UDI. 2006b. "Utlendingsforvaltningen " <http://www.udi.no/templates/Page.aspx?id=7224> lesedato: 12.02.2007
- UNE. 2006a. "Behandling av klagesaker." <http://www.une.no/> lesedato: 28.02.2007
- UNE. 2006b. "Dette er UNE." <http://www.une.no/> lesedato: 13.02.07
- UNE. 2007a. "Anonymisert praksisbase." <http://www.une.no/> lesedato: 05.03.2007
- UNE. 2007b. "Slik fatter UNE vedtak" og "Interne retningslinjer." <http://www.une.no/> lesedato: 28.02.2007
- Utlendingsdirektoratet. 2005. *Tal og fakta 2005*. Uteldingsdirektoratet: Oslo.
- utlendingsforskriften 1990: *Forskrift om utlendingers adgang til riket og deres opphold her (utlendingsforskriften)*. . Forskrift av 21. desember 1990 nr 1028. AID (Arbeids- og inkluderingsdepartementet). <http://www.lovdata.no/cgi-wift/ldeles?doc=sf/sf/sf-19901221-1028.html>
- Utlendingsnemnda Praksisbase UNE. Online Database <http://www.une.no/> Access date: 05.03.2007
- utlendlendingslova 1988: *Lov om utlendingers adgang til riket og deres opphold her (utlendingslova)*. Lov av 24. juni 1988 nr 64. Arbeids og inkluderingsdepartementet. <http://www.lovdata.no/all/nl-19880624-064.html>
- Walle, T. M 2003 "Utfordringer ved å studere menn med innvandrerbakgrunn " innlegg på konferansen *Integration och jämställdhet i Norden. Workshop 2: "Män i ett främmande land"* Malmö.
- Wannerstedt, Mette J. 2007. "Graffitipolitikk eller graffitiproblematikk? - en studie av Oslo kommunes graffitipolitikk i lys av institusjonell etnografi." Masteroppgåve. Rettleiar: K. Widerberg Institutt for sosiologi og samfunnsgeografi. Universitetet i Oslo Oslo. upublisert per 01.05.07

- Widerberg, Karin. 2000. "Køn og samfund." Pp. 494-514 in *Klassisk og moderne samfundsteori*, edited by H. Andersen and L. B. Kaspersen. København: Hans Reitzels Forl.
- Widerberg, Karin. 2001. *Historien om et kvalitativt forskningsprosjekt*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Wilson, A and E Pence. 2006. "U.S. Legal Interventions in the Lives of Battered Women: An Indigenous Assessment." Pp. 199-226 in *Institutional Ethnography as Practice*, edited by D. E. Smith. Oxford: Rowman & Littlefield publishers, inc.
- Ås, Berit. 1981. *Kvinner i alle land.... Håndbok i frigjøring*. Oslo: Aschehoug.

Eg har opplyst om alle kjeldene eg har brukt i denne oppgåva.

Oppgåva inneholder 39 356 ord.